



## Masteroppgåve i Kulturmøte

**Frå helgingsrørsle til marknadsrørsle?  
- endringar i den norske pinserørsla sidan 1977**

Studiepoeng: 60

Magne Maurset  
November/2014

## Føreord

Når eg no set sluttstrek for arbeidet med denne oppgåva, handlar det om mykje meir enn eit års arbeid. For meg har læringa eg har anvendt til skrivinga av denne oppgåva, pågått heile livet. Tidsperioden oppgåva omtalar, er den same tidsperioden eg sjølv har vore ein del av pinserørsla.

Når eg brukar ein litt tabloid tittel på oppgåva, er det både for å skape nysgjerrigkeit og merksemd, men også fordi eg har funne at dette kanskje er det fremste kjenneteiknet på korleis rørsla har endra seg gjennom desse åra. Som ei av kjeldene mine, ein pastor i pinserørsla seier: ”Vi har blitt marknadstilpassa, og eg er med på det sjølv.”

Eg vil takke vegleiaren min, Knut-Willy Sæther for all god hjelp og nyttige innspel undervegs. Takk til Steinar for grundig og engasjert nynorsk ”språkvask”. Takk til dei velvilige leiarane i pinserørsla som har delt av kunnskap, erfaring, tankar og hjarte. Takk til Marianne for hjelp med layout, for at eg har fått prøve ut tankar og idear undervegs, og for forståing for at det å skrive om dette tidvis har vore utfordrande. Til slutt også takk til denne rørsla, som har gitt meg mange gode opplevingar. Og nokre vonde.

## **English summary**

*From Holiness movement to market movement? – changes in the Norwegian Pentecostal movement since 1977.*

The Norwegian Pentecostal movement has changed considerably since 1977. In this period, the changes in the movement have increasingly gained speed. The changes can be seen in how the movement has changed its focus from the preaching of eschatology and the struggle against secularism, to be more open to secular thoughts and mass culture. It can also be seen in the decreasing in use of tongues in church gatherings. The diaconal works of the movement, centered on *Evangeliesenteret*, has changed less than the rest of the movement, and is in many ways conserving to the Norwegian Pentecostal movement.

Explanations of these changes can be found both inside and outside the churches. The isolation of the churches as a result of the huge focus on holiness and eschatology, became a considerable problem for the younger generations. Conflicts with the older leaders brought eventually forth changes. An unhealthy charismatic culture gave way for new thoughts on how charismatic expressions, such as tongues, should be practiced. The opening of the movement to society also opened up to secular thought. One result is the market mindset that puts the consumer's need in focus. Modern Pentecostal churches have therefore much emphasized the relevance of their messages and the way it is presented. *Evangeliesenteret* has changed less, because the need for change has been less, as a result of the good results in rehabilitation of addicts.

”Eg er ikkje lenger i verda, men dei er i verda, og eg går til deg (....) Eg har gjeve dei ditt ord. Men verda hatar dei fordi dei ikkje er av verda, slik eg ikkje er av verda. Eg bed ikkje at du skal ta dei ut av verda, men at du må vara dei frå det vonde. Dei er ikkje av verda, slik eg ikkje er av verda.”

*Jesus fra Nasaret<sup>1</sup>*

From the very beginning, even though Pentecostals claimed that these were the last days, whether it was 1900, or 1921, or another year, their dilemma was to live within a world that they were both called to influence and sworn to “come out of,” but in which they had to live on a daily basis.

*Anthea Butler<sup>2</sup>*

---

<sup>1</sup> Joh 17, 11-16

<sup>2</sup> Butler 2005, s 346

## **Innhold**

<b>1. Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1. Aktualitet.....	1
1.2. Problemstilling og tidsavgrensing .....	3
1.3. Metode.....	6
1.4. Litteratur og kjelder.....	10
1.5. Kulturmøtet .....	19
1.6. Struktur og oppbygning.....	24
<b>2. Den norske pinserørsla .....</b>	<b>25</b>
2.1. Eit historisk overblikk .....	25
2.2. Pinserørsla - ei helgingsrørsle .....	26
2.3. Pinserørsla - ei eskatologisk rørsle .....	47
2.4. Pinserørsla - ei tungetalande rørsle.....	55
2.5. Pinserørsla - ei diakonal rørsle .....	62
2.6. Ei endra pinserørsle - oppsummert.....	70
<b>3. Rørsla og samfunnet – forklaringar på endringane i pinserørsla .....</b>	<b>73</b>
3.1. Kulturmøte som perspektiv .....	73
3.2. Sekularisering som utgangspunkt for forklaringar .....	75
3.3. Frå helgingsrørsle til marknadsrørsle? .....	85
3.4. Den post-eskatologiske pinserørsla .....	97
3.5. Skal tungene teia?.....	106
3.6. Frå Andens terapi til kognitiv terapi.....	112
3.7. Forklaringane på ei endra pinserørsle - oppsummert .....	119
<b>4. Samanfatning.....</b>	<b>121</b>
<b>5. Kjelder.....</b>	<b>125</b>
5.1. Litteratur.....	125
5.2. Aviser og tidsskrift .....	130
5.3. Nettsider .....	130
5.4. Intervju .....	131
5.5. Talar og foredrag .....	131

## **1. Innleiing**

### **1.1. Aktualitet**

*Stryn, mai 2014. Pinsekyrkja har invitert til stemne i kulturhuset. Talaren er ein av dei mest kjende evangelistane i rørsla, ein aldrande mann på nesten 89. Likevel er engasjementet stort. Han har ein vekkingsbodskap på hjartet. Han snakkar om å kjenne tida si. Jesus kjem snart igjen. Han fortel om menneske som har kasta bort sin siste sjanse til å overgi seg. - Ikkje nøl, manar han. Rundt i salen kan ein høyre tilrop av "Amen" og "Halleluja", nokre stader kan ein høyre spreidde ord av tungetale. Alvoret kviler over forsamlinga når utfordringa går ut. - Løft opp handa di, oppfordrar han. Hender blir løfta overalt i salen som er nesten fullsett. - I dag er frelsens dag.*

*Bergen, november 2014. Musikken dundrar imot deg om du har funne vegen til møte i pinsekyrkja midt i sentrum denne søndagen. Ein liten baby har fått på seg høyselsvern. Lovsongen er kraftig og intens, hender blir løfte rundt om i salen. Når pastoren er klar for dagens tale, slenger han nettbrettet sitt ned på talarstolen. "Finn frekvensen" oppfordrar storskjermen bak scena. Pastoren snakkar raskt og engasjert. - Du må feste GPS'en på kroppen for å finne din åndelige frekvens, og ikkje bomme på målet, seier han, og forklarer korleis nokre menneske er emosjonalistiske og andre er rasjonalistiske. - Det er rom i Jesus for alles personligheter.*

Utdraga ovanfor skildrar to ulike møte med den norske pinserørsla. Denne oppgåva skal handle om denne rørsla, som for nokre år sidan feira hundre år, og som i dag tel omrent førti tusen medlemmer i Noreg. Internasjonalt snakkar ein om hundretals av millionar av menneske med tilknyting til denne rørsla. Pinserørsla sjølv presenterer seg på denne måten:

Pinsemenigheter står for klassisk og evangelisk kristendom med vektgjøring av personlig tro på Jesus Kristus, etterfølgelse av Ham, og engasjement for å gjøre Ham kjent, trodd, elsket og etterfulgt. Pinsebevegelsen betoner det enkelte menneskes mulighet for en personlig relasjon med Gud erfart gjennom Den Hellige Ånd. Pinsebevegelsen er blant Norges største frikirker, organisert som et nettverk og bundet sammen av sammenfallende forståelse i sentrale lærespørsmål.<sup>3</sup>

Den direkte inspirasjonen til denne oppgåva, fekk eg gjennom ein kronikk i Aftenposten i romjula i 2012, med tittelen "Den skjulte minoriteten – konservative kristne i Norge", skriven

---

<sup>3</sup> <http://pinsebevegelsen.no> (1)

av Bjørn Stærk.<sup>4</sup> I kronikken viser Stærk til kor framand mykje av tankegodset ein har i dei kristne kyrkjene kan verke for folk utanfor kyrkjene. Samstundes omtaler han desse ”konservative kristne” på ein respekfull måte, og tek til orde for at samfunnet i større grad må vise toleranse og forståing for korleis desse religiøse samfunna fungerer. Dette har inspirert meg til å forsøke å gjere det same: Å skildre den norske pinserørsla og religiøse fenomen innanfor denne rørsla på ein kritisk, men samtidig respekfull måte, slik som også dei faglege ideala er når ein forskar på religion.<sup>5</sup>

Sjølv om Stærk snakkar om Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja, kan eg kjenne igjen mange av dei same røyndomsforståingane og kulturelle kodane frå min eigen bakgrunn i pinserørsla. Fleire enn ein gong har eg tenkt at det kan opplevast som to land eller to verder, ei verd i pinsekirkja og ei verd utanfor. Som Stærk peikar på, kan det sjå ut til at det blir stadig vanskelegare for sekulært orienterte menneske og samfunn å forstå og relatere til terminologien og kulturen til dei som Stærk titulerer som ”konservative kristne”.

Det er her denne oppgåva startar, som eit kulturmøte mellom pinserørsla, det sekulære samfunn og den nye tida. Vi kan forstå det som pinserørsla i møte med samfunnet utanfor rørsla. På den eine sida står ei evangelisk rørsle med sine tradisjonar og verdiar. På den andre sida står det som har vorte kalla eit av dei mest sekulariserte samfunn mennesket har skapt.<sup>6</sup> Vi kan samstundes sjå på det som eit møte mellom tidlegare normer og kodar og nye idear og uttrykk, eller sagt på ein annan måte: Møte mellom generasjonar innetter i pinserørsla.<sup>7</sup>

Møtet mellom kyrkja og samfunnet viser seg også å vere ein høgst dagsaktuell tematikk innetter i pinserørsla i dag. I februar 2014 inviterte rørsla til leiarkonferanse under mottoet ”Jeg vil bygge min menighet – fordi Gud elsker verden”.<sup>8</sup> Mange av innlegga i konferansen handla om at pinsekirkjene sin relasjon til samfunnet har vore prega av isolasjon, og vart haldne av pastorar og leiarar som på ein eller annan måte har arbeidd med å bryte denne isolasjonen.

---

<sup>4</sup> Stærk 2012

<sup>5</sup> Gilhus & Mikaelsson 2001, s 42

<sup>6</sup> Solheim 2013, s 118

<sup>7</sup> Ein kan diskutere om dette handlar om møte mellom kulturar eller ulike strøymingar innanfor same kulturen. Dette kjem eg attende til i punkt 1.5.

<sup>8</sup> www.led14.no

## 1.2. Problemstilling og tidsavgrensing

Problemstillinga eg vil arbeide ut frå i denne oppgåva er:

*"På kva måtar framstår pinserørsla annleis i 2014 enn i 1977, og kva kan dei viktigaste forklaringane på desse endringane vere?"*

Eg har valt å avgrense meg til å undersøke fire spesifikke område innanfor rørsla sitt verke, og endringane innanfor desse. Desse fire er: *Pinserørsla som ei helgingsrørsle, som ei tungetalande rørsle, som ei eskatologisk rørsle og som ei diakonal rørsle.* Det er endringane innanfor desse områda eg vil presentere og søke å finne moglege forklaringar på. Eg kjem likevel innom andre område der dette kan sjåast i samanheng med desse fire. Oppgåva har fått tittelen *"Frå helgingsrørsle til marknadsrørsle?"* Grunnen til dette vil eg kome attende til i kapittel 3. Lat meg likevel seie at eg tolkar ein av dei viktigaste forklaringane på utviklinga i pinserørsla, til å vere sekulariseringa og marknadsgjeringa, og det er med denne bakgrunnen eg stiller spørsmålet.

Tidsavgrensinga eg har sett, frå 1977 til 2014, er valt ut frå konkrete hendingar. Året 1977 er eit merkeår i pinserørsla si historie. Hendingar dette året blir skildra av noverande leiar for pinserørsla sitt leiarråd, Sigmund Kristoffersen, som "...en katastrofe for hele bevegelsen, (...) som bevegelse ble vi mer fastgrodde, kontrollerende og apatisk, (...) år med stagnasjon fulgte."<sup>9</sup> Hendinga han omtalar er predikantkonferansen i 1977, der den såkalla "Kviteboka"<sup>10</sup> vart lansert, eit motskrift mot verksemda til Aril Edvardsen i Kvinesdal, som på dette tidspunktet framleis var ein del av pinserørsla.<sup>11</sup> Sjølv om utviklinga Kristoffersen skildrar også var i gang før dette året, markerte hendinga for mange det lågaste punktet i ei negativ utvikling i rørsla. I oppgåva vil eg bruke desse årstala noko fleksibelt. Endringane ein ser i 2014 kan til dømes ha starta før dette året. På same måten kan skildringa av 1977 vise resultat av ei utvikling som har gått føre seg over lengre tid før dette, eller ei utvikling som nettopp har tatt til.

---

<sup>9</sup> KS 19/9 2014

<sup>10</sup> Pinsebevegelsens svar til Aril Edvardsen. Gilbrant 1977

<sup>11</sup> Aril Edvardsen og misjonsorganisasjonen Troens Bevis i Kvinesdal hadde vakse fram innanfor rørsla på 60-talet. Sentrale pinseleiarar såg etter kvart på verksemda som ein trussel mot einskapsen i rørsla, i tillegg til at det også fanst teologisk usemje. For utfyllande informasjon om konflikten, sjå Hegertun 2009, s 130-137.

Når eg omtalar pinserørsla, er det ikkje dette automatisk ein definert storleik. Den norske pinserørsla er kongregasjonalistisk, kvar einskilde lokale kyrkje er sjølvstendig og har utvikla seg ulikt. Det vil såleis vere stor skilnad frå ei pinsekyrkje til ei anna, spesielt mellom dei større pinsekirkjene i byane og mange av dei mindre på landsbygda. Når eg skildrar endringane frå 1977 til 2014, er det nok slik at enkelte av pinsekirkjene i dag liknar meir på den rørsla eg har skildra i 1977 enn på dei mest moderne pinsekirkjene i dag. På same måten kan andre pinsekirkjer allereie i 1977 ha vore på veg mot å bli slik eg skildrar pinserørsla i dag.

### 1.2.1. Val av delemne

Eg har valt å fokusere på det eg tolkar å vere dei områda av pinserørsla sitt verke som først og fremst har gjort rørsla så gjenjenneleg som ho har vore, og som i stor grad har forma den pentekostale identiteten. Frå starten og i det meste av historia si, har pinserørsla vore ei helgingsrørsle. Rørsla har sine viktigaste røter frå den engelske metodismen og den amerikanske helgingsrørsla. Thomas Ball Barratt, grunnleggaren av pinserørsla i Noreg, var metodistprest då han fekk pinseopplevelinga si. Helgingsfokuset var sentralt i den metodistiske læra. Å vere heilag handla om å vere åtskild, annleis enn verda omkring, og var eit ønske og eit ideal. Det første området eg vil undersøke, er difor pinserørsla som ei *helgingsrørsle*. Spesielt i starten av perioden som emnet mitt omtalar, var dette eit område som var spesielt vektlagt. I forlenginga av dette vil eg studere dei to fenomena som eg tolkar å vere dei som meir enn noko anna har skapt denne annleisheita: *Tungetalen* og *eskatologien*.

Ein av dei viktigaste teologane innanfor pentekostal teologi i dag, Frank Macchia, dreg fram eskatologien og læra om Den Heilage Ande, pneumatologien, som dei to viktigaste dogma som definerer den pentekostale teologien.<sup>12</sup> Det aller mest eksplisitte og typiske uttrykket for den pentekostale pneumatologien, har vore tungetalen som teikn på åndsdåpen. Som vi skal sjå seinare, er desse to dogma, eskatologien og tungetalen, på mange måtar ei følgje av at rørsla er ei helgingsrørsle. Det er umogleg å skildre pinserørsla i Noreg si historie utan desse to sidene av rørsla. I tillegg vil eg studere det som kanskje har vore med på å normalisere pinserørsla midt i alt det som er annleis: *det diakonale arbeidet*. Sjølv om det diakonale arbeidet ikkje har vore like framtredande gjennom heile pinserørsla si historie, har det alltid vore viktig, både nasjonalt og internasjonalt.

---

<sup>12</sup> Macchia 2013, s 631-632

Alle desse fire områda kan sjåast i samanheng, noko som eg også vil gjere. Pinsefolket har alltid sett på seg sjølv som eit heilag folk. Dei ser på seg sjølv som Guds utvalde, ikkje heimehøyrande her på jorda, men har sitt rette heimland i himmelen. Dei har fått Anden ”som er pantet på arven”<sup>13</sup> som ventar, som Bibelen uttrykkjer det. Det er difor naturleg å rekne eskatologien og pneumatologien både som årsaker til den identiteten ein har, men og som konsekvensar av rørsla sin identitet som ei helgingsrørsle. Samstundes har ein alltid hatt, i større eller mindre grad, ei bevisstheit om at ein er plassert i denne verda av ei årsak. Med denne forståinga kan ein difor sjå dei tre første områda som ein konsekvens av Jesu ord om at dei truande ikkje er av verda, sidan dei understrekar korleis ein er kalla til å vere annleis enn samfunnet rundt. Det siste, diakonien, kan ein sjå på som ein konsekvens av at ein er likevel er i verda med eit formål.

I eit slikt utval er det også ein del område som må veljast bort. Det viktigaste eg har valt bort, er kanskje missiologien, pinserørsla som ei misjonærande rørsle.<sup>14</sup> Tidleg i rørsla si historie vart det sendt ut misjonærar til fjerne himmelstrøk, og heilt fram til i dag har misjonsarbeid vore svært sentralt i rørsla. Når eg ikkje har valt å fordjupe meg i denne sida av rørsla, er det i hovudsak av to årsaker. For det første skil ikkje rørsla sin misjonstanke og sitt misjonsarbeid seg i vesentlig grad frå andre kristne rørsler sitt misjonsarbeid. For det andre har utviklinga innanfor misjonstanke og misjonsarbeid i den aktuelle perioden ikkje i same grad vore prega av brot med tidlegare tider som i emna eg omtalar.<sup>15</sup>

Utviklinga i pinserørsla dei siste åra har også vist oss mange andre tema ein kunne tatt opp i ein slik gjennomgang. Rørsla har gått gjennom mange endringsprosessar, til dels med betydeleg støy og strid internt. Den sentrale strukturen av rørsla har kanskje vore det aller mest synlege dei siste tiåra. Mellom anna har forkynnurar i den eldre garde protestert mot utviklinga. Mange har meint at det har handla om pinserørsla sin identitet. Striden har stått om

---

<sup>13</sup> Ef 1,14

<sup>14</sup> Med misjon forstår eg her ytre misjon. Dersom ein utvidar omgrepet til også å gjelde heimemisjon og evangelisering, er dette perspektiv som i høgste grad er aktuelle i oppgåva. I samanfatninga vil eg også vise til at endringane eg har funne i rørsla på mange måtar peikar mot ei rørsle med større fokus på å nå nye menneske med bodskapen sin.

<sup>15</sup> Ein kan innvende at diakonien heller ikkje har hatt slike brot. Samstundes har det vakse fram heilt nye diakonale arbeid i perioden. Eit slikt brot i missiologien kunne ein sett ved at Aril Edvarsens tanke om innfødde misjonærar fekk større inngang i rørsla. Tankane hans om dette var noko av det som møtte stor motstand i rørsla på 70-talet. I dag ser vi likevel at utviklinga har gått mot meir bruk av innfødde misjonærar, også i pinserørsla.

ei utvikling mot ei meir sentralstyrt rørsle, som enkelte meiner er i strid med pinserørsla sin kongregasjonalistiske tanke om dei sjølvstendige kyrkjene.<sup>16</sup>

Det har også vore diskusjonar om strukturen i leiinga av den enkelte pinsekyrkja. Fleire meinte at den demokratiske måten kyrkjene tradisjonelt har vore styrt på, ikkje fungerte. Fleire tok til orde for meir leiarstyrte kyrkjer, og apostolisk leiarskap var eit fyndord i nokre kretsar.<sup>17</sup> Andre tydelege endringar handlar om synet på planting av nye kyrkjer. Først på 90-talet kom ein aksept for at ein kunne starte nye pinsekyrkjer i byar der det allereie fanst pinsekyrkjer, for å nå nye menneske. Strukturen på gudstenester har endra seg, musikkstil har vore eit stadig tilbakevendande tema, det same har stilten på forkynninga. Dette er også spørsmål eg kjem til å kome inn på. Når eg likevel ikkje har valt å fokusere på dette, er det fordi eg ser på andre område av pinserørsla si utvikling som viktigare og meir sentrale i forhold til å forstå den pentekostale eigenarten. Det har også med å gjere kva eg ser er merksemrd på i rørsla akkurat no. Mange av dei nemnde debattane har kome og gått. Andre ting har kome i fokus, og eg opplever at dei emna eg har valt, endå meir handlar om kva kultur og identitet rørsla har hatt, har og vil ha i framtida.

### 1.3. Metode

#### 1.3.1. Metodiske perspektiv

Eg vil i oppgåva ha ulike metodiske perspektiv i dei ulike delane. I utgangspunktet brukar eg komparasjon for å framstille ei historisk utvikling. I analysedelen (kapittel 2) av oppgåva vil eg i hovudsak anvende denne metoden. Systematisk komparasjon som metode er knytt til historiefaget, samstundes argumenterer historikaren Knut Kjeldstadli for at ”All vitenskapelig metode som angår forklaring av kasualforhold , egentlig er varianter av det å sammenligne”.<sup>18</sup> Komparasjon kan vere enten synkron, der ein samanliknar ulike samtidige fenomen, eller diakron der ein samanliknar det same fenomenet innanfor eit tidsrom. Samanlikninga mi vil vere diakron, eg samanliknar dei same fenomena på to ulike tidspunkt. Komparasjonen min vil halde seg på det indre plan, å skildre endringane innanfor den same gruppa over tid.

---

<sup>16</sup> KS 23/6 2006 & 13/6 2008

<sup>17</sup> Heile den første utgåva av tidsskriftet *Refleks* i 2002 var til dømes via dette spørsmålet. *Refleks* 1-1 2002. Sjå også KS 23/6 2006

<sup>18</sup> Kjeldstadli 1988, s 435

Metodikken i forklaringsdelen av oppgåva (kapittel 3) vil i større grad bere preg av ei meir idéhistorisk tilnærming, i det eg koplar saman ulike tekstar for å skape eit heilskapleg bilet av tankar og idear.<sup>19</sup> Eg skildrar endringar i idear og dogme både innetter i pinserørsla og i samfunnet generelt. Oppgåva som heilskap vil også ha element av religionsfenomenologi, sidan eg studerer religiøse fenomen som tungetale og eskatologi.<sup>20</sup> Samstundes vil oppgåva ha i seg element av ei religionsevolusjonistisk tilnærming, skildring av korleis religion og religiøse fenomen utviklar og endrar seg.<sup>21</sup> Eg vil likevel ikkje arbeide ut frå ein spesifikk religionsevolusjonistisk eller religionsfenomenologisk metode.

I problemstillinga brukar eg omgrepet ”forklaringar”, og omgrepet vil vere sentralt i kapittel 3. Sidan metodikken først og fremst er historisk fundert, vil eg anvende ei forståing av omgrepene som er knytt til den historiske metoden. Forklaringar her vil først og fremst handle om årsaksforklaringar, det at ”et fenomen er en virkning av noe annet”,<sup>22</sup> men også om motivforklaringar og funksjonsforklaringar. Med motivforklaringar meiner ein korleis historiske handlingar er motivert. Med funksjonsforklaringar meiner ein kva slags funksjon eit fenomen har hatt i ein bestemt, tidsavhengig kontekst. Med endra kontekstar vil også funksjonane endre seg. Eg vil i oppgåva ikkje ordne dei ulike forklaringane etter kva type dei er, men organisere dei i forhold til dei delemlna eg omtalar.<sup>23</sup>

### 1.3.2. Intervju som metode

Sentralt i metodikken eg har brukt i arbeidet med å samle relevant informasjon, har vore intervju. Intervjeta har vore ustrukturerte, eg har brukt stikkord og spørsmålsliste som rettleiing, og stilt oppfølgingsspørsmål undervegs. Eg har lagt vekt på å la personane få snakke fritt utan for mange avbrytingar. Intervjeta har også delvis hatt form av samtaleintervju, der eg har ønska å gå djupare inn på enkelte av emna eg har undersøkt. Eg har nytta lydopptakar i staden for å notere undervegs.<sup>24</sup>

Intervjeta har ikkje vore del av ein samfunnsvitskapleg, kvalitativ metode, men eg har brukt intervjeta som kjelder på same måte som skriftlege kjelder. Dei har vore opne intervju, utan

<sup>19</sup> Kjeldstadli 1999, s 87-88 & 184

<sup>20</sup> Gilhus & Mikaelsson 2012, s 28-57

<sup>21</sup> Bellah & Tipton 2006, s 23-50

<sup>22</sup> Kjeldstadli 1999, s 246

<sup>23</sup> Kjeldstadli 1999, s 245-260

<sup>24</sup> Larsen 2007, s 83-84

nokon form for anonymisering. Dette kan nok føre til at intervjuobjektet legg noko meir band på seg, enn om dei var anonymiserte. Personane eg har intervjuar har alle leiaransvar i rørsla, og uttaler seg difor ikkje berre på vegne av seg sjølv. Samstundes er dei alle framståande representantar for ulike syn i rørsla, og eg tolkar resultatet av intervjuar slik at intervjuobjekta i utstrekkt grad har vore opne i svara dei har gitt meg.

Eg har valt å ikkje gi intervjuobjekta spørsmål på førehand slik at dei kunne førebu seg. Bakgrunnen for dette var at eg ville ha ein spontan og ærleg respons utan preg av standardsvar og standardformuleringar. Samstundes var eg ikkje berre interessert i kunnskapen dei sat inne med, men like mykje i meininger, refleksjonar og minne. Ein kan innvende at svara kunne blitt meir strukturerte dersom intervjuobjekta hadde hatt muligkeit til å førebu seg. Det kunne og vore ein fordel om intervjuobjekta hadde ein sjanse til å bla i minnekatalogen på førehand. Det viste seg likevel at mange av episodane eg spurte om, sat godt i minnet framleis, sjølv om hendingane låg førti år eller lengre tilbake i tid.

Alle kjelder har feilkjelder i seg. Ikkje minst gjeld det dei munnlege kjeldene. I ein intervjuasjon er det ei utfordring at intervjuaren sitt nærvær og sin måte å stille spørsmål på, ikkje påverkar intervjuobjektet i svara sine. Eg har difor streva etter å stille opne spørsmål som gir rom for å fortelje, meir enn å gi klare svar. Ein må samstundes vere klar over at det alltid vil ligge premissar til grunn, uansett korleis ein formulerer spørsmåla. Ei anna utfordring er at ein kan miste fokus i samtalen og at intervjuobjektet snakkar om andre ting enn det denne blir spurt om, utan at dette var eit stort problem i mine intervju.<sup>25</sup>

Ein annan faktor som kan spele inn, er omgivnadane for intervjuet. To av intervjuar vart gjennomført på ein ”nøytral” stad, dei andre er gjennomført på intervjuobjekta si ”heimebane”, for å skape ei tryggast mogleg ramme rundt situasjonen. Med heimebane tenker eg då på anten heime hos dei sjølv, i kyrkjeomgivnadane eller på arbeidsplassen deira. Ein kan peike på at eit val av kyrkja som omgivnad kan føre til at intervjuobjektet kjänner sterke følelser på at han svarer på vegne av kyrkja eller rørsla, i tillegg til seg sjølv. For meg har ikkje dette vore ei viktig innvending, sidan eg har vore interessert i synspunkta til begge.

---

<sup>25</sup> Larsen 2007, s 104-106

Intervjuaren sin personlege kjennskap til intervjuobjekta kan og vere ein faktor som spelar inn. Eitt av intervjuobjekta kjenner eg godt, dei andre har eg ein meir overflatisk kjennskap til. Ein kan heller ikkje undervurdere betydinga av dette, og eg har forsøkt å ta omsyn til dette både i måten eg har stilt spørsmål på og måten eg har tolka svara, spesielt i forhold til den eine eg kjenner personleg. I denne samtalen kan det nok vere eit element av at det kunne utvikle seg til ein av mange samtalar vi har hatt tidlegare, og at intervjuobjektet er meir open i svara sine enn han ville ha vore med ein annan intervjuar.

### 1.3.3. Hermeneutisk refleksjon

Mi eiga rolle i denne tematikken bør nemnast. Eg har sjølv bakgrunn som medlem av og forkynnar i rørsla, og har difor kome i kontakt både med problemstillinga oppgåva omhandlar og personane som blir omtalte. Min hermeneutiske forståingshorisont, mi tolking og forståing av materiale eg undersøkjer, kan nok difor vere prega av fordommar både i positiv og negativ forstand. Den førehandskunnskap og førforståing eg har til emnet, er henta både frå typisk konservative pinsekyrkjer og meir moderne kyrkjer. Perspektivet eg starta med å fortelje om i forordet, er sjølvsagt ikkje utan betyding. At min førehandskunnskap kan farge både måten eg gjennomfører intervju på, tolkar svara på og måten eg skriv på, er sjølvsagt ein risiko som ikkje bør undervurderast.

Samstundes treng ikkje ein slik førehandskunnskap eller erfaring berre vere eit problem, eller noko negativt, i følgje Hans-Georg Gadamer, som er ein av dei viktigaste filosofane innan læra om hermeneutikk. Han meiner at slike fordommar, eller førforståing, er ein føresetnad for å forstå. Fordommar treng altså ikkje å vere hindringar, men kan derimot vere føresetnad for forståing, seier han.<sup>26</sup>

Den hermeneutiske tilnærminga er av stor betyding i møte med eit materiale frå ei anna tid. Når eg skildrar røynda slik eg tolkar at ho var i 1977, er dette nettopp tolka ut frå at eg lever i dag, nærmare førti år seinare. Mi forståing vil difor ha dagens røynd som utgangspunkt, og difor vere avgrensa i å forstå ei tid eg sjølv ikkje er ein del av. Gjennom det som vert kalla ”den hermeneutiske sirkel” vil mitt bilet av fortida bli til gjennom at eg brukar min førehandskunnskap i møte med materialet. Dette møtet vil endra min kunnskap slik at når eg igjen går inn i materialet, vil dette vere med eit anna utgangspunkt enn første gongen. Såleis

---

<sup>26</sup> Krogh 2009, s 49-51

vil eg bevege meg i ein sirkel, eller spiral, der kunnskapen blir endra og dette vil påverke mine stadig nye møte med materialet og korleis eg tolkar dette.<sup>27</sup>

Det konkrete materiale eg har nytta i arbeidet består, i tillegg til munnlege intervju, av ulike skriftlege kjelder, både norske og internasjonale, enten utdrag eller heilskap av ulike bøker og tidsskrift, og nettsider. I tillegg har eg nytta lydopptak frå den siste leiarkonferansen i pinserørsla, LED 2014. I det neste punktet vil eg presentere og gjere greie for kjeldene meir utdjupande.

## 1.4. Litteratur og kjelder

### 1.4.1. Munnlege kjelder

Eg har i dette arbeidet i stor utstrekning nytta intervju med pinseleiarar i dagens pinserørsle. Dei eg har snakka med er Terje Hegertun, David Østby, Jan Berg, Thomas Erlandsen, Trond Eriksen, Torsten Mentzoni og Øystein Gjerme. Utvalet av intervjuobjekt er basert på kven som har vore eller er sentrale i rørsla, og som samstundes har hatt og har god oversikt over det som har gått føre seg og går føre seg. Utvalet har også stor bredde i alder, erfaring og utdanning. Nokre er intervjuia med tanke på å få ei generell oversikt over rørsla, andre med tanke på enkeltdelar av oppgåva.

Dei tidlegare medarbeidarane i pinserørsla si vekeavis *Korsets Seier (KS)*, Østby og Hegertun, har gitt meg eit bakteppe for rørsla sin kultur og identitet på 70-, 80-, og 90-talet. Hegertun er i tillegg, mellom anna med si doktorgrad om pentekostal økumenikk, kanskje den fremste kjennaren av pinserørsla i Noreg. Gjennom dette arbeidet har han vore i stand til å sjå ei samanhengande utvikling i rørsla. Posisjonen desse to har hatt i KS, har gitt dei god oversikt over det som har gått føre seg i rørsla. Intervjuia med Østby og Hegertun har i hovudsak blitt nytta til å skildre pinsekulturen slik han var på midten av 70-talet og nokre år framover. Desse to røystene, spesielt Østby, kjem i mindre grad til orde i den andre hovuddelen, der eg presenterer ulike forklaringar på endringar i pinserørsla. Grunnen til dette er at eg intervjuia dei to på eit tidspunkt der tematikken og problemstillinga endå ikkje var avgrensa og konkretisert. Dermed var det ein del spørsmål eg ikkje stilte til desse to.

---

<sup>27</sup> Kjeldstadli 1999, s 122-125

Jan Berg er ein erfaren pastor og forkynnar i rørsla, og er med i styret for den såkalla ”Bønnnetjenesten for Norge” (BFN). Han representerer verdiar som tradisjonelt har stått sterkt i rørsla: Bønn og det karismatiske uttrykket. Samtalen med Berg har eg i hovudsak brukt til å skildre utviklinga i rørsla i forhold til tungetale og andre karismatiske uttrykk. Også i forhold til Berg er det ein del spørsmål eg ikkje stilte, sidan intervjuet vart utført på eit tidleg stadium i skriveprosessen.

For å belyse den diakonale delen av pinserørsla har eg snakka med Trond Eriksen, som er styrar for Evangeliesenteret. Evangeliesenteret har på mange måtar vore rørsla sitt ansikt i det offentlige rom dei seinaste åra, samstundes som ein har forfekta ein relativt konservativ stil og teologi. Eriksen er, med sin bakgrunn som politimann, også i stand til å sette det diakonale arbeidet inn i ein større samfunnsrelatert kontekst. Eriksen er også med i leiarrådet i pinserørsla, og har såleis god oversikt over rørsla som heilskap.

Torsten Mentzoni har levd nær på dei nye pinsekirkjene som har vakse fram i Stavanger og Bergen, samstundes som han sjølv har valt å bli verande i dei meir tradisjonelle pinsekirkjene. Mentzoni har også representert pinserørsla i Noregs Kristne Råd og engasjert seg i danninga av den politiske foreininga ”Kristenfolket”.

Thomas Erlandsen er ung, nyutdanna frå Menighetsfakultetet, og pastor for ei tradisjonell pinsekirke. Han representerer på mange måtar ein ny generasjon av pinsepastorar, både gjennom at han er teologutdanna, men også gjennom at han er ein talsmann for ein teologi som det tidlegare ikkje har vore rom for i rørsla. Innvendinga her er kor sterkt ein skal vektlegge refleksjonane hans som ein del av ei større utvikling av pinserørsla, eller som hans eiga personlege utvikling.

Øystein Gjerme representerer rørsla sitt nye ansikt med nye typar pinsekirkjer og ”relevans” som eit viktig stikkord. Han har tidlegare vore leiar i ei meir tradisjonell pinsekirke før han starta si eiga kyrkje, Salt Bergenskirken, i 2004. Avisa *Dagen* skildrar denne kyrkja som prototypen på ei moderne norsk pinsekirke: ”Salt Bergenskirken kommer til å fremstå mer og mer som en typisk norsk pinsemenighet.”<sup>28</sup> Gjerme har vore ei sentral kjelde både for å forstå pinserørsla i dag og i å forklare endringane som har skjedd.

---

<sup>28</sup> <http://www.dagen.no> (2)

Samtalane er hovudkjeldene for skildringane av pinserørsla i kapittel 2, saman med utdraga frå KS. Desse kjeldene er også brukt i delar av kapittel 3. Dei legg grunnlaget for å teikne eit bakteppe for den pentekostale kulturen og teologien på dei aktuelle områda, og korleis denne har endra seg i perioden. Det har også vore nyttig å høyre korleis folk i rørsla sjølv tolkar dei endringane som har hendt og om dei er i stand til å kome med forklaringar på at rørsla har endra seg slik ho har gjort.

Sidan eg har valt å snakke med leiarar i rørsla, og ikkje vanlege pinsevenner i norske byar og bygder, vil grunnlaget for dei konklusjonane eg dreg vere basert på kva desse seier. Dersom ein snakka med vanlege kyrkjegjengarar, kunne ein få andre perspektiv og andre konklusjonar. Eg har likevel fått snakka med alle dei ulike generasjonane, og dei representerer ulike typar av pinsekristendom og personlegdomar. I tillegg innehavar desse god historisk kompetanse og overblikk over utviklinga i rørsla. Eg vil difor seie at utvalet er representativt for pinserørsla.

To faktorar kan motseie ein slik påstand. Den første er by/land-perspektivet. Dei fleste av dei eg har snakka med, er knytte til typiske bykyrkjer. Samstundes har både Hegertun, Berg og Østby røynsle som pastorar og forkynnalar på mindre stader i distrikta. Berg reiser framleis og besøker mindre pinsekyrkjer i distrikta, og lever tett på meir tradisjonelle pinsekyrkjer. Utfordringa i høve til dette er nok den nye generasjonen. Her er bykyrkjene overrepresentert, mest på grunn av at det er i dei store byane vi finn desse nyplanta pinsekyrkjene. Den andre faktoren er kjønnsperspektivet. Alle mine intervjuobjekt er menn. Dette vil nok kanskje føre til at det kan mangle kvinnesperspektiv på nokre av spørsmåla oppgåva tek opp. Utviklinga har gått mot fleire kvinner i leiarposisjonar, også i pinserørsla. Likevel er det framleis ei stor overvekt av mannlige pastorar og forkynnalar i rørsla.

I framstillinga mi vil det gå fram at det er eit klart skilje mellom korleis pinserørsla framstod på 70-talet i forhold til i dag. Framleis finns det pinseleiarar som står for ”den gamle linja”, slik som dei fremste leiarane gjorde på 70-talet. Eg har likevel valt å avgrense desse røystene til dei skriftlege og historiske kjeldene. Dei fleste av leiarane frå 70-talet er døde, og dei som framleis finst, held ein stadig lågare profil. Eg har difor ikkje sett det teneleg å la desse røystene få stor plass. Det er likevel viktig å påpeike at slike røyster framleis kan ha stor innverknad lokalt i kyrkjene.

## **1.4.2. Skriftlege kjelder**

Eg har nytta eit relativt stort utval av skriftlege kjelder i arbeidet mitt, både litteratur frå den norske pinserørsla og den internasjonale, litteratur om relasjon mellom kultur, religion og identitet, og litteratur som omhandlar sekularisering som fenomen. I innleiingskapittelet vil eg inkludere ein del der eg definerer kulturomgrepet og relaterer det til tema og problemstilling for oppgåva mi. Eg vil her i hovudsak nytte Arne Olav Klausen<sup>29</sup> og Jan Olav Henriksen<sup>30</sup> sine kulturomgrep og deira forståing av omgrevsinnhaldet. Eg vil også nytte Otto Krogseth<sup>31</sup> for å skildre relasjonen mellom religion og kultur, og så samanlikne denne med korleis pinsevennene sjølv definerer denne relasjonen.

### **1.4.2.1. Litteratur om den norske pinserørsla**

Den pentekostale kulturen har i stor grad vore meir ein munnleg enn ein skriftleg kultur.<sup>32</sup> Ein del av dette har også vore ein utstrekkt skepsis mot det systematiske, det akademiske og det skulerte. Ein har difor ikkje hatt eit stort utval av samla dogmatikk eller ein samanhengande teologi. Den læra ein har hatt, har vore det Karl Barth kallar ”irregulær teologi”. Det vil seie at ein har bygd teologi på enkeltskrifter, traktatar, talar eller avisleiarar.<sup>33</sup> Av samla akademiske verk om pinserørsla på norsk, finst det få. Det første, *Pinsebevegelsen* frå 1956 av Nils Bloch-Hoell, gav ein oversikt over røtene til den norske pinserørsla og utviklinga dei første tiåra.<sup>34</sup> Bloch-Hoell gir eit bilet av rørsla frå sin ståstad som luthersk teolog. Verket til Bloch-Hoell har eg nytta til å gi ei skildring av den pentekostale teologien og kulturen i den første tida av pinsevekkinga og pinserørsla. Hegertun si doktorgradsavhandling, *Det brodersind som pinseaanden nødvendigvis maa føde*, kom i 2009.<sup>35</sup> Boka skildrar utviklinga i forhold til pentekostal økumenikk i den norske pinserørsla fram til vår tid. Mange av problemstillingane han tek opp, er overlappande i forhold til mine, ikkje minst pinserørsla som helgingsrørsle og utfordringa med isolasjon. Det finst og nokre mindre arbeid som eg har

---

<sup>29</sup> Klausen 1992

<sup>30</sup> Henriksen & Christoffersen 2010

<sup>31</sup> Krogseth 2009a

<sup>32</sup> For meir om dette, sjå Camery-Hoggatt 2005

<sup>33</sup> Gjengitt av Macchia 1999, s 8-13

<sup>34</sup> Bloch-Hoell 1956. Den fulle tittelen er ”Pinsebevegelsen – en undersøkelse av pinsebevegelsens tilblivelse, utvikling og særpreg med særlig henblikk på bevegelsens utvikling i Norge”

<sup>35</sup> Hegertun 2009. Den fulle tittelen er ”Det brodersind som pinseaanden nødvendigvis maa føde. Analyse av økumeniske posisjoner i norsk pinsebevegelse med henblikk på utviklingen av en pentekostal økumenikk og fornyelse av økumeniske posisjoner.”

nytta. Mellom desse er Ole Asbjørn Bergstøl si bok *Åndsdåp – pinseteologi gjennom 100 år* frå 2006<sup>36</sup> og Rune Lian si masteroppgåve ”Pentekostal diakoni” frå 2011.<sup>37</sup>

Det nærmaste ein kjem ein samla dogmatikk for den norske pinserørsla er Alf Somdal si bok *Tro og lære*.<sup>38</sup> Boka samanfattar rørsla sine standpunkt i dei fleste spørsmål, men går i liten grad i djupna på røter og bakgrunn for desse synspunkta. Boka har difor vore til avgrensa nytte i arbeidet, men bør likevel nemnast. Det fins i tillegg ei mengde av ulike undervisningsbøker gitt ut på pinserørsla sitt eige forlag, Filadelfiaforlaget (seinare Rex forlag) og på Logos Forlag<sup>39</sup>. Mange av desse har vore viktige for å få innsikt i den rådande læra på dei ulike områda. Dette gjeld først og fremst undervisningsbøkene til pinserørsla sin grunnleggar i Noreg, Barratt, men og bøker skrivne av andre betydelege pinseleiarar som Erling Strøm, Aril Edvardsen, Oddvar Tegnander og den svenske pinseleiaren Lewi Pethrus.

I tillegg til desse undervisningsbøkene har eg nytta biografiar og jubileumsbøker frå den norske pinserørsla si historie.<sup>40</sup> Utfordringa med desse er at denne typar skrift ofte har form av hyllingsskrift, noko som kan gjere det vanskeleg å hente ut sakleg og relevant informasjon. Eg har difor avgrensa bruken av slike. Det har likevel kome ut nokre bøker dei siste åra som eg opplever har større relevans sidan dei omhandlar spesifikt den same tidsperioden som oppgåva mi. Dette gjeld Egil Svartdahls *Gi det videre*<sup>41</sup> og Arnfinn Clementsen sin heilt nye sjølvbiografi *Tøffe tider*.<sup>42</sup>

Tor Edvin Dahl har bakgrunn frå pinserørsla, og har skrive både skjønnlitterære skildringar frå rørsla og ei bok med kritikk av utviklinga i rørsla, *Fra seier til nederlag*, i samarbeid med ein annan med bakgrunn frå rørsla, Jon Willy Rudolph.<sup>43</sup> Dahl kom etter kvart til å definere seg utanfor rørsla, og som kjelde må han også tolkast ut frå ein slik ståstad. Samstundes kan skildringane hans vere ein indikator på korleis pinsekulturen vart opplevd både frå innsida og utsida på 70-talet. Boka har vore ei viktig motvekt til det som kan oppfattast som ei elles konform pinserørsle på 1970-talet.

---

<sup>36</sup> Bergstøl 2006

<sup>37</sup> Lian 2011

<sup>38</sup> Somdal 1990

<sup>39</sup> Logos forlag vart grunnlagt av Aril Edvardsen i Kvinesdal. Alle Edvardsens bøker kom ut her, i tillegg til nokre av dei andre eg har anvendt.

<sup>40</sup> Først og fremst Nilsen 1981

<sup>41</sup> Svartdahl 2014a

<sup>42</sup> Clementsen 2014

<sup>43</sup> Dahl & Rudolph 1978

Ei anna viktig kjelde for å kjenne og forstå den norske pinserørsla si utvikling, har vore pinserørsla si vekeavis *Korsets Seier* (KS). Hovudformålet med bruken av denne kjelda er å få eit innblikk i kva som rørte seg i rørsla, korleis ein stilte seg til ulike fenomen som var inne i tida og kva som har kjenneteikna rørsla i dei ulike periodane. Først og fremst har eg nytta utgåver frå avisa i perioden 1974-1984, som på mange måtar var brytningsår i rørsla. Den fremste talsmannen i pinserørsla i denne perioden, noko som både Østby og Hegertun stadfestar, var *KS*-redaktør Thoralf Gilbrant.<sup>44</sup> Sidan Gilbrant hadde ein såpass markert penn og personlegdom, og evne til å sette saker på spissen, er det freistande å bruke hans artiklar som dokumentasjon på korleis rørsla såg ut på denne tida. Til ein viss grad er nok Gilbrant sine synspunkt representative for korleis røynda var, men biletet er likevel meir nyansert, noko som vart meir tydeleg etter kvart, også i *KS*. Avgangen hans som redaktør i 1983, markerer på mange måtar eit tidsskille, kor avisa fekk ein annan profil med Hegertun i ei sentral rolle.

Egil Svartdahl var den som etter kvart først og fremst målbar motstanden linja til Gilbrant, og han vart også den fremste målberaren for ein ny og opnare linje generelt i rørsla utover på 80-talet. Svartdahl dukkar opp som ungdomsleiar i pinserørsla på 70-talet, og i fleire innlegg går han i rette med Gilbrant og hans meiningsfeller. Utover på 90-talet blir han det fremste ansiktet utetter i pinserørsla som pastor i Filadelfia Oslo og TV-pastor på TV2. På mange måtar er han den som går fremst i prosessen med å opne opp rørsla mot samfunnet. Det er difor røystene til Gilbrant og Svartdahl som har fått prege utvalet mitt frå *KS*.

Eg har brukt *KS* frå perioden 1974-1984, og, i tillegg til enkelte utgåver frå 2006-2011, frå det siste året. Avisa har gjennomgått store endringar i denne perioden. Dei som arbeider i avisa, er ikkje lenger markante leiarar i rørsla, men i stor grad vanlege journalistar. Redaktørane har ikkje lenger "...på grunn av bevegelsens omstrukturering- den nøkkelposisjon som tidligere redaktører hadde".<sup>45</sup> I alle delar av oppgåva vil eg nytte utdrag frå *KS*, men i størst grad i kapittel 2, der eg skildrar og analyserer endringane i pinserørsla frå 1977 fram til i dag.

Den kristne dagsavisa *Dagen* har vore ei nyttig kjelde i arbeidet mitt, først og fremst med tanke på skildringa av pinserørsla i dag. I den grad pinserørsla har vore interessant stoff også for folk utanfor rørsla, har det i hovudsak vore *Dagen* som har formidla det. Avisa, som har

<sup>44</sup> Intervju med Hegertun og Østby 8/4 2014

<sup>45</sup> KS 28/6 2006

sitt utspring i den lutherske, lågkyrkjelege kristendommen, har alltid hatt godt innsyn i det som har gått føre seg også i andre kristne rørsler. Enda større fokus har dette fått etter at Vebjørn Selbekk, som sjølv har frikyrkjeleg bakgrunn, vart redaktør. Saker som har handla om rørsla sitt møte med det sekulære samfunn, har stort sett blitt grundig behandla av avisa. Det er i hovudsak nettutgåva av *Dagen* eg har nytta.

Ein person som har skrive mykje om norsk, karismatisk kristendom, også pinserørsela, er Geir Lie. Lie ga ut tidsskriftet *Refleks* i åra 2002-2009. Her har eg funne fleire artiklar som tek for seg utviklinga innan den pinsekarismatiske kristendommen dei siste åra. I all hovudsak har eg nytta ein artikkel som heiter ”Fra pinsevenn eller karismatiker til pinsekarismatiker: Norsk pinsekristendom og karismatisk fornyelse frå 1980-årene og fram til i dag”, frå avslutningsnummeret av *Refleks* i 2009.

#### **1.4.2.2. Litteratur om den internasjonale pinserørsla**

I den amerikanske pinserørsla har det akademiske arbeidet fått ein meir betydeleg plass dei siste tiåra, og kjeldematerialet for å få eit heilskapleg bilet av rørsla sin teologi er større her. Pinserørsla er også i stadig større grad blitt globalisert, med til dels store skilnader mellom pinserørlene i dei ulike delane av verda og i dei ulike landa. Ein må difor vakte seg for å generalisere og anta at ei amerikansk røynd, til dømes, er lik ei norsk. Eg har likevel henta ut det eg opplever som relevant informasjon om pentekostal historie, teologi og utvikling, først og fremst frå folk som Frank Macchia og Amos Yong. Sidan det finst svært lite skriftleg om pinserørsla sin relasjon til samfunnet og det offentlege rom på norsk, har eg nytta Yong si *In The Days Of Caesar*.<sup>46</sup> Her forklarar han rørsla sitt samfunnssyn ut frå røtene i rørsla. Han har også eit kapittel der han ser på eskatologi i forhold til rørsla sitt samfunnssyn. I tillegg har eg nytta *The International Dictionary of Pentecostal Charismatic Movements*<sup>47</sup>, som gir god oversikt over dei fleste teologiske syn på ulike område i pinserørsla.

I forhold til å drøfte rørsla si rolle til det diakonale har Donald Miller og Tesunao Yamamori si bok *Global Pentecostalism – The New Face of Christian Social Engagement*<sup>48</sup> vore nyttig. Denne set den pentekostale diakonien inn i ein samanheng som ei internasjonal utvikling

---

<sup>46</sup> Yong 2010

<sup>47</sup> Burgess & Van der Maas 2003

<sup>48</sup> Miller & Yamamori 2007

innanfor rørsla. Her har det vore nyttig å samanlikne om denne utviklinga også stemmer med den nasjonale utviklinga på dette området.

To samlingar av artiklar med pentekostal teologi og refleksjon som eg har hatt god nytte av er *The globalization of pentecostalism*,<sup>49</sup> som tek for seg utviklinga innanfor den internasjonale pinserørsla i dag, og *Perspectives in Pentecostal Eschatologies*,<sup>50</sup> om ulike syn og perspektiv på endetida innanfor pinserørsla. Eg har også brukt ulike artiklar frå det amerikanske pentekostale tidsskriftet *Pneuma*. I hovudsak handlar det om artiklar av Edmund J. Rybczynski<sup>51</sup> og Andrew K. Gabriel<sup>52</sup> om tungetale og refleksjonar rundt dette fenomenet. Spesielt i kapittel 3 har eg opplevd desse bøkene og artiklane som relevante, både for å utdjupe og balansere teoriane om sekulariseringa av samfunnet. Sekulariseringa er kanskje det fremste kjenneteiknet på samfunnsutviklinga i vår tid. Det har difor vore av stor interesse å sjå om eg kan finne ein samanheng mellom dei ulike formene for sekularisering og endringane i den norske pinserørsla.

#### 1.4.2.3. Litteratur om sekularisering

Det mest sentrale verket for å forstå fenomenet sekularitet i vår tid, er nok Charles Taylors *A Secular Age*.<sup>53</sup> Det har difor vore viktig for meg å finne ut korleis han definerer sekularisering og korleis hans analyse kan overførast til tematikken i oppgåva mi. Ein annan teoretikar eg har hatt nytte av, er Karel Dobbelaere og hans verk *Secularization: An Analysis at Three Levels*.<sup>54</sup> Eit tredje verk eg har opplevd som relevant i forhold til tematikken, er Peter Bergers bok *The Sacred Canopy*.<sup>55</sup> Boka presenterer mange av dei viktigaste utviklingstrekka ved religionane i eit sekulært samfunn. Eg viser dessutan til andre som skriv om sekularisering, som Jurgen Habermas, John Rawls, Robert Bellah, Mark Chaves og Richard Fenn, for å utdjupe og stadfeste.

Ei som har spesialisert seg på og skrive om både sekularisering og pentekostalisme, er Harvey Cox. Det har difor vore nyttig å lese korleis han ser desse to fenomena i samanheng, først og

---

<sup>49</sup> Dempster, Klaus, & Petersen 1999

<sup>50</sup> Althouse & Waddell 2012

<sup>51</sup> Rybczynski 2005

<sup>52</sup> Gabriel 2012

<sup>53</sup> Taylor 2007

<sup>54</sup> Dobbelaere 2002

<sup>55</sup> Berger 1969

fremst i bøkene *The Secular City*<sup>56</sup> og *Fire from heaven*.<sup>57</sup> I tillegg har han skrive ein artikkel i det pentekostale tidsskriftet Pneuma der han ser desse to i samanheng.<sup>58</sup> Cox si bok *The Secular City* er døme på den såkalla ”sekulariseringsteologien” på 60-talet, ein teologi som ser på sekulariseringa som ei positiv samfunnsutvikling, også for dei religiøse samfunna.<sup>59</sup>

Ei utfordring med enkelte av desse verka, er at dei er skrivne for fleire tiår sidan, og ikkje nødvendigvis skildrar røynda slik ho er i dag. Utviklinga går sjeldan slik ein har føresett. Det ser vi mellom anna med at fleire av desse sosiologane spådde at religion generelt ville komme til å bli stadig meir marginalisert. I dag ser vi at ei slik utvikling meir har blitt eit regionalt fenomen som passar i forhold til ei europeisk røynd.<sup>60</sup> Cox si bok *The Secular City* har heldigvis fått eit nytt og oppdatert forord, der han skildrar korleis utviklinga har vore i høve til det han spådde då boka vart skiven på 60-talet. Taylors *A Secular Age* er skiven i 2007, og framstår som veldig oppdatert.

Av norske bøker har eg nytta Jan-Olav Henriksens *Religion – mellom troens isolasjon og uvitenhetens forakt*<sup>61</sup> mest, for å sette sekulariseringa inn i ein norsk kontekst. Eg har dessutan supplert med Sindre Bangstad si *Sekularismens ansikter*<sup>62</sup> og Per Magne Aadnanes si *Frå moderne vantru til ny religiøsitet*.<sup>63</sup> I tillegg har eg nytta artikkelsamlinga *Religion i dagens Norge: mellom sekularisering og sakralisering*.<sup>64</sup>

#### 1.4.3. Lydopptak

Ei av dei viktigaste kjeldene til å kunne framstille utviklinga i dagens pinserørsla, har vore lydopptaka frå den siste leiarkonferansen i pinserørsla, LED 2014. Konferansen vart arrangert i Stokke i Vestfold i februar 2014, og dei aller fleste av innlegga finst på lydopptak.<sup>65</sup> Gjennom desse har eg hatt mulighet til kunne framstille kva dei viktigaste leiranane i pinserørsla i dag, som Svartdahl og Kristoffersen, har fokus på. Det utfordrande med denne type kjelder, er at dei ber preg av stort engasjement, er spontane og ikkje nødvendigvis godt

<sup>56</sup> Cox 2013. Boka vart utgjeven i 1966, men kom ut på nytt i 2013 med eit nytt forord.

<sup>57</sup> Cox 1995

<sup>58</sup> Cox 2011

<sup>59</sup> Henriksen 2012, s 148-149

<sup>60</sup> Dette er noko Cox tek sjølvkritikk på i det nye forordet til ”The secular city” i 2013

<sup>61</sup> Henriksen 2011

<sup>62</sup> Bangstad 2009

<sup>63</sup> Aadnanes 1988

<sup>64</sup> Botvar & Schmidt 2010

<sup>65</sup> [www.led14.no/podcast/](http://www.led14.no/podcast/)

strukturerte. Dei har blitt brukt som eit supplement til dei intervjuia eg har gjennomført, og utgåvane av *KS* gjennom det siste året, i den dagsaktuelle framstillinga av rørsla.

## **1.5. Kulturmøtet**

Skildringa av kulturmøte er perspektivet som vil vere utgangspunktet for oppgåva. Endringar er ofte resultat av møte med andre kulturar. Isolerte kulturar endrar seg mindre og saktare. Det er difor naturleg å sjå endringane i rørsla i samanheng med at rørsla på dei fleste måtar har blitt opnare, noko som eg vil gå grundig inn på. Ein har opna opp mot nye kulturar og kulturelle strøymingar, både innanfor og utanfor kyrkjene. Eg vil i denne delen avklare kva kulturomgrepet inneholder og kvifor det er relevant i forhold til problemstillinga.

### **1.5.1. Kultur og identitet**

Det fins ulike oppfatningar om korleis omgrepet kultur skal definerast. Det er eit stort og mangfaldig omgrep. Eg vil her nytte Arne Martin Klausen sin definisjon av kultur som "...de ideer, verdier, regler, normer, koder og symboler som et menneske overtar fra den foregående generasjon, og som man forsøker å bringe videre - ofte noe forandret - til den neste generasjon."<sup>66</sup> Med andre ord er kultur både noko ein arvar, noko ein fører vidare og som er i stadig endring. Ein kan snakke om det både som ein prosess (kultivering) og som eit resultat. Men sjølv om ein snakkar om det som eit resultat, vil det vere stor semje om at kulturar er i konstant endring.

Oppgåva vil fokusere på korleis ein slik kultur har endra seg i prosessen med vidareføring, og ulike generasjoner sine ulike syn vil vere sentralt. Eit sentralt element i kulturutviklinga eller kulturendringa er korleis spelerommet er i forhold til den enkelte sine frie val, og om ein slik opplevd fridom eller mangel på fridom har hatt betydning for dei endringane ein har sett. Nokre kulturar gir rom for større fridom for den enkelte. Vi skal sjå at pinseørsla slik ho framstod i 1977, ikkje var utprega kjenneteikna av den personlege fridom til enkeltmennesket. Ein stor grad av konformitet var forventa. Samstundes opplevde nok pinsevennene ein annan type fridom, basert på ei religiøs forståing. Ein hadde frie møteformer, frie karismatiske uttrykk og frie og sjølvstendige kyrkjer. Sjølv om den individuelle fridomen er avgrensa, vil det likevel vere slik at "...mennesket i en viss utstrekning kan ta stilling til den eller de

---

<sup>66</sup> Klausen 1992, s 27

livsformene som overleveres".<sup>67</sup> Dermed kan ein også sjå endringane som bevisste retningsendringar av ein ny generasjon av leiarar som hadde fridom til å endre kurs.

I ein kultur som i så stor grad er knytt til religion, er røyndomsforståing og verdisyn spesielt framtredande. I mi forståing av ein pentekostal kultur, vil eg vektlegge korleis teologien var med på å forme forma ein isolasjonistisk kultur, og på korleis denne har vore og er i sterk endring. Spørsmålet er om den endringa i kulturen som Klausen snakkar om, og som eg vil skildre i forhold til pinserørsla, er så fundamental at ein kan snakke om ein heilt ny kultur. Det gir kanskje meir mening å snakke om ulike strøymingar innanfor den same kulturen, og at kulturen blir endra på grunnlag av dette. Ein kan altså definere det som møte mellom element frå ulike kulturar i staden for å snakke om møte mellom to ulike kulturar.

Det er heller ikkje sjølvsagt at ein kan snakke om møte mellom kulturar når ein snakkar om pinserørsla i møte med samfunnet utanfor. Det er eit møte mellom to kulturar som er norske, og på mange måtar også moderne. Likevel er det fleire element som skil seg markant frå kvarandre i dei to. Det er heller ikkje sjølvsagt å snakke om ein spesifikk kristen kultur. I møte med urkristendommen, som har vore eit ideal for pinserørsla, snakka ein gjerne om "etos" i staden for kultur. Dette hadde bakgrunn i at ein ikkje la vekt på å byggje ein kristen kultur med tanke på framtidia i dei kristne kyrkjene. Fokuset var på at Jesus skulle kome attende og at ein skulle dra frå jorda.<sup>68</sup> Det same fenomenet finn vi att i pinserørsla, noko som vi skal sjå grundig på. Når eg likevel omtalar pinsrørsla som kultur, er det både i mangel på betre omgrep, og fordi eg meiner at det fins så mange element av det ein forstår som kultur at eg finn det føremålstenleg. Rørsla var meir enn ei rein endetidsrørsle som isolerte seg totalt frå samfunnet.

Eit omgrep som bør avklara i forlenginga av kulturomgrepet, er omgrepet identitet. I artikkelen "Kollektiv identitet og kulturell erindring" skildrar Krogseth den type identitet vi kan sjå i trussamfunn, også i pinserørsla. Dei tre elementa i Krogseths identitetstenking er kontinuitet, indre samanheng og individualitet. Skilnaden mellom den personlege og den kollektive identitetstanken, er først og fremst på det siste punktet. Individualiteten er ikkje så framtredande i kollektivet. Ein slik kollektiv identitet blir forma på grunnlag av den kulturen, historia eller kontinuiteten ein har som fellesskap med fortida. I tillegg blir han forma av ein

<sup>67</sup> Henriksen & Christoffersen 2010, s 184

<sup>68</sup> Henriksen & Christoffersen 2010, s 185

indre logikk, samanheng mellom det ein trur på eller har felles, i motsetnad til dei som ikkje har denne trua.<sup>69</sup>

Hegertun skriv også om korleis den pentekostale identiteten vart forma i møte med, ofte i konfrontasjon med, andre religiøse samfunn og verda utanfor kyrkjene: ”Snarere fungerte skepsis og motstand som bekreftende på bevegelsens identitet.”<sup>70</sup> Identiteten vart forma ved at ein fekk ei sjølvforståing som dei som hadde retten på si side, mot forfølgingane på utsida. Motstand vart ei stadfesting av eins eigen identitet som kyrkje, og på at ein var på rett veg. Som Dahl let ein av sine karakterar i romanen *Miraklenes år* seie det: ”Verden vil alltid motsette seg Guds verk. Når de vantro og alle de som uvitende lar seg bruke i kampen mot evangeliet, begynner å røre på seg, er det et bevis på at Gud er virksom”.<sup>71</sup>

Hegertun viser til at ein pentekostal identitet i høg grad var bygd på andelege erfaringar, i langt mindre grad på teologi og doktrinar.<sup>72</sup> Samstundes kan dei mange konfliktane med annleis tenkande i rørsla i starten av perioden eg omtalar, tolkast som usikkerheit rundt eigen identitet, og frykt for at meir heterogene idear kunne gjere identiteten endå vanskelegare å definere. Ein såg med andre ord på semje om bibelske sanningar som ein føresetnad for ein sams identitet som pinsevenner. Også i dag kan vi sjå at det råder usikkerheit om rørsla sin identitet. I liten grad ber dei nye pinsekyrkjene preg av kontinuitet tilbake til pinserørsla sine røter. Fleire av dei typiske trekka er borte, og ein hentar i større grad inspirasjon utanfor den norske pinserørsla, til i annleis tenkande pentekostale og evangelikale kyrkjer, ikkje minst i Australia og England.<sup>73</sup>

### 1.5.2. Kultur og religion

Debatten om skiljet mellom kva som er kulturelt og kva som er religiøst, går føre seg innanfor dei fleste religiøse samanhengar. Innanfor muslimske grupper diskuterer ein om burka er eit religiøst eller eit kulturelt uttrykk. Noko av den same debatten hadde ein innanfor pinserørsla for nokre tiår sidan. Skulle Paulus’ ord om kvinner, hår og hovudplagg tolkast kulturelt eller som eit uttrykk for Guds uforanderlege vilje? I dag praktiserer dei fleste, vitande eller uvitande, ei kulturell forståing av dette. Innanfor pinserørsla var det vanleg å stemple ting som

<sup>69</sup> Krogseth 2009b, s 51-61

<sup>70</sup> Hegertun 2012

<sup>71</sup> Dahl 2008, s 139

<sup>72</sup> Hegertun 2009, s 218

<sup>73</sup> Intervju med Øystein Gjerme 14/11 2014

gjerne vart kopla opp mot ein gudlaus livsstil som synd. Døme på dette var kortspel, dans og drama. I dag er det få i rørsla som vil framheve slike ting som syndige.

Otto Krogseth prøvar å dra nokre skiljelinjer om kva ein kan forstå som religiøst og kva som er kulturelt. Han argumenterer for at kultur må definerast ”tjukt” slik at det kan inkludere mykje av det ein kan betrakte som store skilnader eller konfliktlinjer innanfor ein kultur. Krogseth definerer religion som ein integrert del av ein kultur, og at ”...religion blir en kulturavhengig og historisk-kulturelt variabel størrelse”. Han peikar også på at mange er kritiske til ein slik reduksjonistisk forståing av religion. Paul Tillich, som Krogseth referer til og som er rekna for å vere ein av 1900-talets fremste teologar fordi han ”...ved å åpne teologien mot det kulturelle og politiske skapte (...) forståelse for teologien som en viktig samtalepartner i samfunnet”,<sup>74</sup> hevdar at ”...religionen er kulturens substans, mens kulturen er religionens form”. Dette kan vere ei nyttig tilnærming mellom dei to omgropa. Hovudkonklusjonen til Krogseth er uansett at begge omgropa er vanskelege å definere presist.<sup>75</sup>

Ein religiøs kultur vil, som andre kulturar, både bere preg av overleveringar frå fortidige tradisjonar, og samstundes bli endra ved at ein er i konstant endring som menneske og som samfunn. Ein påverkar og blir påverka. Ein opplever sine møte med det heilage i andre kulturelle kontekstar enn før. For nokre vil religiøse opplevingar vere knytt til enkelte kulturuttrykk, for andre til andre uttrykk. For mange vil det kulturelle vere naudsynt for å kunne relatere til det religiøse. Ein vil ha vanskeleg for å oppleve religion på same måten dersom den kulturelle konteksten vert endra. Spesielt i pinserørsla, der kjenslene og dei karismatiske uttrykka har ein sterkare posisjon enn det reint teologiske, vil mange ha problem med eit slikt skilje. Forståinga av kva som er kulturelt og kva som er religiøst, vil vere subjektivt og i kontinuerleg endring. Dette er eit viktig perspektiv for å forstå den til dels massive motstanden mot endringar som har vore i pinserørsla, og som vi skal sjå nærmare på.

I KS i mai 2014 kunne ein lese ein artikkel med tittelen ”Omfavner sekulær kultur”. Her vert det mellom anna hevdat ”Vår viktigste oppgave er ikke å formidle kristen kultur, men evangeliet.”<sup>76</sup> Implisitt i ein slik ytring, ligg dei ei forståing av at religion, eller teologi, og

---

<sup>74</sup> Thorbjørnsen 2008, s 121

<sup>75</sup> Krogseth 2009a, s 32-45

<sup>76</sup> Christoffer Svartdahl i KS 2/5 2014

kultur er to åtskilte storleikar, noko som står i klar motsetnad til det Krogseth seier. Eg vil også problematisere dette, og vise at desse to omgrepa på mange måtar har vore samanfallande i rørsla. Når eg då vil framstille ein pentekostal kultur, slik han har viser seg i perioden eg omtalar, er det vanskeleg å gjere dette utan å ta eit teologisk utgangspunkt. Teologien har i svært stor grad forma kulturen, som det alltid gjer i dei religiøse samfunna. Difor blir eit utsegn som vi finn i den same artikkelen ganske problematisk: "Vi tilpasser kulturen eller ukulturen, men vi tilpasser ikke sannheten. Den står kompromissløst av seg selv".<sup>77</sup>

### 1.5.3. Motkultur eller medkultur?

Motkulturane prega det norske samfunnet då pinsevekkinga braut ut tidleg på 1900-talet. Av desse var lekmannsrørsla ein av dei viktigaste, med stadige utbrot av vekkingar i byer og bygder. Inn i denne tradisjonen var det at pinsevekkinga kom. Den var ein motkultur mot det ein opplevde som avkristning og nedbryting av samfunnet. Utviklinga gjorde at rørsla vart isolert frå eit samfunn som var "i forråtnelse".<sup>78</sup> I fleire tiår var dette røynda for rørsla. Vekta låg på å bevare den indre einskapen, og motkulturen skilte seg stadig meir frå medkulturen.

Det er likevel ikkje tvil om at det også fanst element av medkultur i rørsla. Så lenge det tente misjonens sak, var ein viljug til å følgje, i det minste, den teknologiske utviklinga. Store lydanlegg gjorde at fleire kunne høre den gode bodskapen. Radioen skapte nye moglegheiter for å nå ut med evangeliet.<sup>79</sup> Likevel var ein restriktiv mot å gjere alle kulturelle uttrykk akseptable. Moderne pop- og rockemusikk var eit eksempel, og trommene var bannlyste i mange kyrkjer. Lenge var ein også skeptiske til TV-mediet og ein var redd for å få "verden og kinoen inn i stua".<sup>80</sup> I KS kunne ein lese åtvaringar om at "Satan har tatt fjernsynet i bruk".<sup>81</sup>

Krogseth tek også opp denne problematikken i sin artikkel. Kva med religionen i møte med masse- og populærkulturen? Vi skal sjå i denne oppgåva at pinserørsla i stadig større grad er i ferd med å omfamne denne. Kva fortel dette om samtidskulturen og om religionen? Er det framleis element av motkultur i religionen, eller er religionen blitt medkulturell?<sup>82</sup> Hegertun

<sup>77</sup> Øivind Crompton i KS 2/5 2014

<sup>78</sup> Somdal 1990, s 249

<sup>79</sup> KS 24/1 1976

<sup>80</sup> Clementsen 2014, s 18

<sup>81</sup> KS 3/9 1975

<sup>82</sup> Krogseth 2009a, s 42-45

svarar slik på korleis dette er i rørsla i dag: ”Idealet om å vere motkulturell er ikke lenger knyttet til tungetale, men til å være troverdige ambassadører for de gode nyhetene om Jesus Kristus”.<sup>83</sup>

#### **1.5.4. Kulturmøte - oppsummert**

Kulturar er noko som overførast frå generasjon til generasjon, men som er i stadig endring som resultat av overføring mellom generasjonar, men og som resultat av møte med ulike kulturar og kulturstrøymingar. Pinserørsla sin kultur og identitet har i stor grad vore forma av læra og Bibelens ord, men også av motstand utanfrå, og ein har på mange måtar vore ein typisk motkultur. Samstundes har ein hatt element av å vere medkulturell, med tanke på kva som tente misjonen si sak.

### **1.6. Struktur og oppbygning**

Oppgåva er vidare bygd opp av to hovuddeler. I den første hovuddelen (kapittel 2), vil eg undersøke kva som tradisjonelt har kjenneteikna den norske pinserørsla, med utgangspunkt frå 1977, og deretter vise korleis rørsla framstår annleis i dag. Eg har strukturert dette slik at eg omtalar kvar av dei fire hovudemna, rørsla som helgingsrørsle, eskatologisk rørsle, tungetalande rørsle og diakonal rørsle, for seg, både med omsyn til opphav, tradisjonar og endringar. Forklaringar på kvifor ein har sett slike endringar, vil eg kome attende til i den siste hovuddelen.

I den andre hovuddelen (kapittel 3), vil eg presentere mulige forklaringar på endringane i pinserørsla. Utgangspunktet mitt vil vere det kulturmøtet eg har presentert her i innleiinga. Eg har inkludert eit delkapittel der eg presenterer sekularisingsfenomenet og nokre konsekvensar av dette. Denne oversikta vil eg så ta med meg inn i presentasjonen av dei ulike forklaringane på endringar i rørsla. Her vil eg sjå på forklaringar som tek utgangspunkt i det indre livet i rørsla, men også forklaringar som tek utgangspunkt i møte mellom rørsla og det sekulære samfunnet. I kapittel 4 av oppgåva vil eg samanfatte det eg har funne av endringar og forklaringane på desse.

---

<sup>83</sup> Hegertun 2012

## **2. Den norske pinseørsla**

Eg vil i denne delen vise på kva måtar pinseørsla har endra seg frå 1977 fram til i dag, på i forhold til det å vere ei helgingsrørsle, ei eskatologisk rørsle, ei tungetalande rørsle og ei diakonal rørsle. Eg vil skildre korleis rørsla framstod i forhold til desse områda ved begynninga av perioden, og korleis utviklinga i rørsla har vore fram til i dag. Når eg omtalar rørsla, og kva som har vore typisk for denne, vil eg ta utgangspunkt i det teologiske og deretter vise kva konsekvensar dette har hatt for livet og kulturen i rørsla. Kulturmøteperspektivet kjem tyngre inn i kapittel 3. Ein vil likevel ane konturane av både motsetningar mellom ulike kulturelle strøymingar innetter i rørsla og i møte med samfunnet rundt, også i kapittel 2. I mindre grad har eg valt å forklare endringane her, sjølv om eg nokre stader har funne det føremålstenleg. Før eg går inn på dei enkelte emna, vil eg bruke litt plass på å definere kven den norske pinseørsla er, historisk og i dag. Slik kan ein danne seg eit bilet av den historiske konteksten rørsla vart til i, og dermed lettare forstå korleis rørsla såg ut ved begynninga av perioden eg omtalar.

### **2.1. Eit historisk overblikk**

Den norske pinseørsla har sine røter i vekkinga som starta i Azusa street i Los Angeles i 1906. Til Noreg kom vekkinga med metodistpastoren Barratt same år. Rørsla vart knytt til Barratts person så lenge han levde, og også etter hans død ser vi kor stor autoritet mannen har hatt. Pinseleiarar frå Gilbrant, via Svartdahl til Kristoffersen, hevdar alle å vere på linje med Barratt i ulike standpunkt.<sup>84</sup> Etter Barratts død vart også rørsla knytt til Barratt si kyrkje Filadelfia Oslo<sup>85</sup>, som fungerte som ei uoffisiell moderkyrkje for den norske rørsla i mange år. Avisa *KS* og dei årlege predikantkonferansane har vore institusjonar som har knytt rørsla saman gjennom åra.

I 1977 var den norske pinseørsla ei relativt homogen rørsle. Østby forklarer dette med at ein hadde stor utveksling av forkynnurar, at møteformene var like frå stad til stad, og at ein hadde ei sams avis for alle pinsevenner, *KS*. I tillegg hadde ein eit teologisk tidsskrift som sette stø kurs i høve til kva som var gangbar lære.<sup>86</sup> Slik vart den norske pinseørsla noko annleis enn den globale pinseørsla. Den globale rørsla har etterkvart delt seg i mange ulike retningar, og

<sup>84</sup> Sjå punkt 2.2.3 og [www.led14.no](http://www.led14.no)

<sup>85</sup> I dag heiter kyrkja "Pinsekirken Filadelfia"

<sup>86</sup> Intervju med David Østby 8/4 2014

det har oppstått fleire ulike pinseorganisasjonar og samfunn. Den norske pinserørsla har på mange måtar vore meir eksklusiv. Det som har vore av usemje og konfliktar har i hovudsak enda i splitting og utskiljing av eigne trussamfunn. Det gjeld mellom anna Maran Ata-rørsla på 60-talet og Troens Bevis på 70-talet. Pinseretninga som etter kvart fekk namnet trusrørsla, vaks også fram utanfor den norske pinserørsla på 80-talet. Internasjonalt blir denne rekna for å vere pentekostal, altså innanfor pinsekristendommen. Dei siste åra har den norske rørsla opna seg opp til å også inkludere kyrkjer som har noko avvikande teologi og struktur ifrå det som var vanleg tidlegare.

Før eg begynner å presentere korleis rørsla har endra seg sidan 1977, er det viktig å påpeike at like mykje som ei rørsle i endring, har det vore ei rørsle prega av kontinuitet. I enkelte norske pinsekyrkjer har lite endra seg på førti år. Medan samfunnet har endra seg i rekordfart, er enkelte kyrkjer som tidskapslar frå fortida å rekne. Rørsla har førebels bevart sitt preg som ei relativt konservativ rørsle, reint teologisk. Trass i dette ser vi likevel at mykje har endra seg i mange pinsekyrkjer.

Eg vil først ta for meg rørsla som ei helgingsrørsle. Eg vil forklare kva som ligg i dette omgrepet historisk, deretter i fleire underpunkt ta for meg kva slags konsekvensar dette har fått for rørsla og den enkelte pinsevenn, i forhold til det å vere ein motkultur, til isolasjon, massekultur, media og politikk. Eg vil vise korleis rørsla framstod i 1977, for så å samanlikne dette med rørsla i dag.

## **2.2. Pinserørsla - ei helgingsrørsle**

Eg vil i denne delen skildre på kva måtar pinserørsla framstod som ei helgingsrørsle i 1977. For å kunne gjere dette på ein føremålstenleg måte, vil eg først gi eit historisk omriss av kva helgingsrørlene var og korleis pinserørsla framstod som ei typisk helgingsrørsle i tida frå pinsevekking braut ut og fram til 70-talet, då perioden for denne oppgåva startar.

### **2.2.1. Helgingsrørsla historisk**

Dei to personane som blir hyppigast nemnde i samband med hendingane i Azusa Street, er Charles Parham og i hovudsak William Seymour, som var den som leia møta der i 1906. Seymour var på denne tida pastor for ei helgingskyrkje i Los Angeles. Han hadde blitt undervist av Parham på sistnemnde sin bibelskule i Kansas. Begge hadde bakgrunn i den

amerikanske helgingsrørsla. Helgingsrørsla har blitt sagt å ha inspirert og forma pinserørsla<sup>87</sup>, og å vere pinserørsla si andelege mor. Helgingsrørsla hadde sitt utgangspunkt i den metodistiske vekkinga i England på 1700-talet. Kjenneteikna på denne rørsla var at ein la vekt på å leve heilage liv utan synd, med skildringar som "christian perfection" og "entire sanctification" som aktuelle omgrep. Bloch-Hoell skildrar noko ironisk rørsla på denne måten: "...en puritansk reaksjon mot formentlig tilstivning, institusjonalisme og sekularisering" og "Hovedpunktet i Holiness movement sin opplevelseskristendom var den jublende forkynnelsen av muligheten for kristelig fullkommenhet i dette liv"<sup>88</sup>

Barratt var metodistpastor då han hadde si pinseoppleveling, og pinserørsla vidareførte mykje av læra frå metodistkyrkja, spesielt i forhold til vektlegginga av helging. Rørsla utvikla i tillegg til dels si eiga lære på dette punktet. Heilaggjering blir her ikkje definert som ein prosess, men som noko ein kan oppleve spontant.<sup>89</sup> Dersom ein får del i ei slik helgingsoppleveling, der hjartet blir heilt reinsa, først då kan ein ta imot åndsdåpen, som vart det mest sentrale av alle dogma i rørsla. Sjølv om Barratt reserverer seg mot anklagene om "syndefrihetslære" og at ein kan få "en adamittisk fullkommenhet", seier han likevel at "det er mulig å oppnå en renhet i ånden og en renhet i livet, som ikke alene gir oss seier over synden, men fjerner den frå våre hjerter".<sup>90</sup>

Synspunkta til Barratt vart presentert i boka "Helligjørelsens nådeverk",<sup>91</sup> som var den mest omstridde av alle Barratt sine bøker. Her presenterer han synet på reinsing av hjartet som den totale utsletting av synda og korleis dette er ein føresetnad for åndsdåpen. Han omtalar det han kallar "En fullstendig ødeleggelse av den gamle natur" og en "tillintetgjøring" av tilbøyelighet til å synde. Boka fekk lutherske teologar til å omtale Barratt som vranglærar, kjettar og svermar.<sup>92</sup>

Læra om den spontane helging møtte kritikk fordi den la for lite vekt på dei praktiske konsekvensane av helginga. Etter Barratt har synet på dette vore nedtona, og ein vektlegg ikkje heilaggjeringa som ei eingongsoppleveing etter Barratt.<sup>93</sup> Forkynnar Kristian Heggelund

<sup>87</sup> Jones 2003, s 726

<sup>88</sup> Bloch-Hoell 1956, s 19-23

<sup>89</sup> Williams 2003, s 358

<sup>90</sup> Barratt 1950, s 260

<sup>91</sup> Barratt 1931

<sup>92</sup> Ski i forord til Barratt 1950 og Selbekk 2006, s 203-206

<sup>93</sup> Selbekk 2006, s 206

omtalar til dømes helginga som ”vekst og modning i en kristens liv” og ”et indre pågående verk som varer livet igjennom”.<sup>94</sup> Barratts tankar om dette viser uansett røtene til både han og rørsla i den metodistiske rørsla og helgingsrørsla.<sup>95</sup> Uansett om ein ser på helginga som ei oppleving eller ein prosess, har denne alltid hatt ein markert plass i pinserørsla si lære.

Dreiinga bort frå forståinga av helging som ein oppleving til helging som ein prosess, har ført til at ein har fått ei meir konkret og praktisk definering av synd.<sup>96</sup> Summen av helgingslæra er uansett at det er viktig å gjere ”gjerningar som svarar til omvendinga”, som Paulus uttrykker det.<sup>97</sup>

Når eg no skal ta for meg nokre utslag av det å vere ei helgingsrørsle, er det viktig å peike på at mange stader levde pinsevenner vanlege liv, der dei deltok i arbeidsliv og samfunnsliv på lik linje med dei fleste andre. Barne- og ungdomsarbeidet til pinsekyrkjene var med å bygge bru til lokalsamfunna. I stor grad var det alminnelegheita som skapte respekt i dei ulike lokalsamfunna.<sup>98</sup> Fokuset her er likevel at fleire opplevde kulturen inne i kyrkjene i stadig større grad som framand i forhold til den kulturen ein bevegde seg i til dagleg. Fokuset på å vere heilag, åtskild og annleis fekk konsekvensar for forholdet til samfunnet rundt. Den pentekostale kyrkjekulturen blir av fleire skildra som isolasjonistisk, noko som vi no skal undersøke.<sup>99</sup>

## 2.2.2. Vekkingsrørsle og motkultur

Når ein les historia om pinserørsla slik ho framstod gjennom dei første tiåra etter at pinsevekkinga braut ut i Kristiania i 1907, er det liten tvil om at dette handla om ei genuin vekkingsrørsle. Det fins utallige døme på at predikantar kom til norske byar og bygder med vekking som resultat. Predikantane og evangelistane forkynnte ein enkel bodskap om synd, omvending og nåde. Når ”Gud tok tak” i folket, vart vekking ofte resultatet. For å ta eit tilfeldig utval: Det var vekking i Porsgrunn i 1913 då Oscar Halvorsen hadde møter der. I 1925 kom det vekking til Austmarka med evangelistsøstrene Anna Olsen og Marie Isaksen, i 1932 til Eydehavn ved Ragnvald Frøyshov, i 1951 til Halden ved Emmanuel Minos, i 1963 til

<sup>94</sup> Heggelund 1962, s 63-64

<sup>95</sup> Bloch-Hoell 1956, s 338-340 og Williams 2003, s 358

<sup>96</sup> Bloch-Hoell 1956, s 326-328

<sup>97</sup> Apg 26,20

<sup>98</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

<sup>99</sup> Intervju med Hegertun og Østby 8/4 2014

Tonstad ved Aril Edvardsen og i 1972 til Trysil.<sup>100</sup> Såleis gjekk pinserørsla inn i ein lang tradisjon av norske vekkingsrørsler. Østby, som sjølv vart pinsepredikant på 50-talet, skildrar den typiske verksemda på denne måten:

Evangelister kom med sang og musikk, trekkspill og gitar og greier, og samlet ungdommen, plakater på telefonstolpene og så videre. Vi kalte det vekkelseskampanje. Det kunne være fulle hus hele uka, og som regel var forkynnelsen rettet mot dette å bli omvendt. Menighetene var preget av mye livlig sang og musikk. Den gangen var det å komme sammen og synge og spille det som trakk folk. Det var glede, begeistring. Folk dro fram feler og trekkspill og gitarer og stemte de og sang.<sup>101</sup>

Vekkingsrørslene var motkulturar i samfunnet. Ein snakka ikkje om å følgje med i tida, men å ta avstanden frå anden i tida, leve i forsaking og med hjelp av Gud leve heilage liv. Det heilage livet var ein konsekvens av at ein hadde blitt omvendt og fått eit nytt liv. Ein skulle vere heilage, åtskilte og ikkje innrette seg etter denne verda, som Paulus skriv i Romarbrevet<sup>102</sup>. Dette karakteriserte også pinserørsla.<sup>103</sup> I tillegg hadde pinserørsla sine heilt spesielle karismatiske uttrykk som gjorde at rørsla i enda større grad skilte seg ut frå den rådande kulturen i samfunnet. Som vi skal sjå, var etter kvart mykje av fokuset dreia frå dei mange vekkingsrapportane ein hadde blitt vane til i tiåra før, over til å handle meir om helging, kampen mot verdsleggjering og til det indre livet i rørsla. Om ein skal skildre pinserørsla slik ho framstod i 1977, vil det nok vere rett å vektlegge at rørsla var meir motkultur enn vekkingsrørsle.

Idealet om å vere ei vekkingsrørsle i tradisjonell forstand er nok i dag først og fremst bevart innanfor Evangeliesenteret, der fokuset på å bli fødd på nytt og få ein ny identitet er sentralt. Elles i rørsla er det nok meir bruk av uttrykk som å tenke langsiktig, bygge vennskap, vere i prosessar, vere på veg og å kome til tru.<sup>104</sup> Som vi såg i innleiinga, har pinserørsla tradisjonelt vore prega av både medkultur og motkultur. Likevel er idealet om å vere ein motkultur mindre tydeleg i dagens rørsle, om ein samanliknar med slik rørsla framstod i begynninga av perioden eg omtalar. Hegertun understrekar samtidig at pinserørsla i sin natur er ein motkultur sidan kallet til omvending og eit nytt liv framleis er sentralt.<sup>105</sup> Å vere ein slik motkultur har i

<sup>100</sup> Nilsen 1981, s 53, 106, 151, 253, 303, 340

<sup>101</sup> Intervju med David Østby 8/4 2014

<sup>102</sup> Rom 12,2

<sup>103</sup> Svartdahl i KS 17/10 2014

<sup>104</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

<sup>105</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

historia ofte fått utslag av isolasjon, noko vi skal sjå nærmare på no.

### 2.2.3. Ei isolert rørsle

På 1960- og 70-talet var fokuset på helging stort. Ein såg med uro på samfunnsutviklinga, og såg det som viktig å bevare rørsla uflekka av det ein opplevde som verdsleggjering. Striden om lova om sjølvbestemt abort fekk stor spalteplass i *KS*, og engasjementet var stort.<sup>106</sup> Men i staden for eit auka politisk engasjement, som berre delvis vart resultatet, såg ein ei utvikling mot større grad av isolering mot samfunnet ein opplevde som stadig meir avkristna. Fokuset vart no på å styrke fellesskapet innanfor rørsla, slik at ein kunne stå imot presset utanfrå. Mest sentralt var at ein bevarde homogeniteten i læra. Striden rundt Edvardsen og Sarons Dal er det fremste dømet på dette. Ein såg på Edvardsen som ein som kunne skade einskapen i rørsla, og var nærmast desperate etter å kontrollere verksemda til mannen frå Kvinesdal. Når ikkje dette lukkast, vart løysinga å støyte han ut av rørsla. Det er i dette lyset ein må sjå striden om Sarons Dal, ein konflikt som verkar overdimensjonert i dagens hermeneutiske forståingshorisont.

Å nå ut med bodskapen sin kom no meir i bakgrunnen. Vi kunne mellom anna sjå det i ei rad av leiarartiklar i *KS* i 1975, der redaktør Gilbrant skrev om rørsla sin relasjon til ”verda” og det ”verdslege”. Han hevdar her at:

Denne verdsliggjøring av kristendommen er tidens store problem (...) Kristendom består ikke i å forbedre verden eller påvirke den til å bli god. Kristendom betyr å stille seg i opposisjon til verden, å være som korsfestet og død for verden. Bibelen gir ikke det minste håp om at verden vil eller kan forbedres. Tvert imot vil den stadig utvikles til det verre. Bare dersom vi kan holde verdsliheten ute, kan vi håpe på at pinsemenighetene også i framtiden kan være vekkelsens redskap og bærere.<sup>107</sup>

For Gilbrant var det verdsleggjeringa som var det største hinderet for at pinserørsla framleis skulle vere ei vekkings- og helgingsrørsle. For *KS* sin redaktør var det liten tvil om at sekulariseringa av samfunnet gjorde at pinserørsla i større grad måtte halde seg ute av samfunnet og ikkje bli verdsleggjorte. Vidare går han også så langt at han åtvarar mot å ha verdslege vener, fordi ein då sjølv kan bli rekna som Guds fiendar: ”Men vi skal vokte oss for å innlate oss i vennskap med mennesker som er Guds fiender, for da blir vi selv å regne som

<sup>106</sup> Sjå mellom anna *KS* 18/1 og 17/6 1978

<sup>107</sup> *KS* 22/1 1975

Guds fiender. Det er Bibelens klare ord. Det å bli en kristen betyr ikke bare at du bryter med synden, men at du bryter ditt vennskap med syndere.”<sup>108</sup>

Stortingspolitikaren Kåre Kristiansen, som sjølv hadde bakgrunn frå norsk frikyrkjeliv, og som vart invitert til å tale på rørsla sin jubileumskonferanse i 1982, framstilte problematikken noko meir nyansert:

Isolasjon fra samfunnet er altså ingen fast vei i dag. Vi må påvirke samfunnsforholdene. Men vi skal ikke være blinde for at utviklingen kan bringe samfunnet så langt bort frå det kristne ideal, at vi blir tvunget til en mer isolasjonistisk holdning. Kristne har i enkelte epoker vært tvunget over i en ”ghetto-tilværelse”. Slike tider *kan* komme igjen.<sup>109</sup>

Svartdahl skildrar haldninga i rørsla på denne måten førti år seinare: ”Det manglet ikke på formanende advarsler om at vi ikke måtte gå på verdslige steder og være sammen med verdslige mennesker. Det var ingen tvil om at Jesus var i menigheten og djevelen var i verden.”<sup>110</sup> Ei slik kontrastering mot og jamvel demonisering av verda der ute, førte gjerne til ei styrking av sin eigen identitet. Rørsla var Guds utvalde, heilag og uflekka av anden i denne verda. Difor vart det også eit overordna mål å bevare den indre einskapen for å stå sterkare i denne ”åndskampen”. I tidlegare tider vart relasjonen mellom kyrkja og ”verda” gjerne omtalt slik: ”Verden vil alltid hate kirken” og at det går føre seg ”et uhyggelig moralsk forfall i verden”.<sup>111</sup> Røynda var delt inn ei kristelig og ei verdsleg sfære, der ein skulle halde seg unna den verdslege. Det var ”oss mot dem” som Svartdahl formulerer det.<sup>112</sup>

Fleire røyster innetter i rørsla ropte varsku i forhold til denne utviklinga. Ein meinte at rørsla var i ferd med å bli isolert frå dei menneska ein var kalla til å nå. Åge Ramberg, som var stortingsmann, skreiv i *KS* at ”Vi bygger opp en bibelsk menighet etter vårt syn, men hele vår virksomhet blir preget av isolasjon fra de mennesker vi er satt til å tjene.”<sup>113</sup> To av dei yngre leiarane i rørsla, som rett nok var i ferd med å markere avstand mot rørsla dei var vaksne opp i, Dahl og Rudolph, ga i 1978 ut ei bok der dei tok eit oppgjer med det dei mente var ei negativ utvikling i rørsla. Boka fekk tittelen *Fra seier til nederlag* og berre tittelen i seg sjølv

---

<sup>108</sup> *KS* 29/1 1975

<sup>109</sup> Kristiansen 1982, s 63

<sup>110</sup> *KS* 21/2 2014

<sup>111</sup> Somdal 1990, s 195 & 341

<sup>112</sup> Svartdahl 2014b

<sup>113</sup> *KS* 4/2 1978

var nok til å provosere mange i rørsla. Forfattarane hevda at pinserørsla var på defensiven og karakteriserte rørsla med adjektiv som ”virkelighetsfjern”, ”isolasjonistisk” og ”fatalistisk”. Dei meinte at ein hadde utvikla seg i ei heilt anna linje enn det som Barratt hadde staka ut. Kritikken frå Dahl og Rudolph handla om at ein hadde isolert seg frå samfunnet, vore tause i media og utvikla ein skepsis mot alt som ”smaka av politikk”.<sup>114</sup> I følgje Østby og Hegertun, var det liten vilje blant leiarane i rørsla til å lytte til desse røystene.<sup>115</sup>

Østby skildrar i dag rørsla på den tida som ”veldig selvpoptatt og lite åpen for nytenking”.<sup>116</sup> Ved avgangen sin som forstandar i pinsekyrkja Filadelfia Oslo i 1990, klaga han over pinsevennene sin isolasjon: ”Våre holdninger og vår tankegang fremmedgjør oss overfor den verden vi lever i”.<sup>117</sup> Tjuefire år seinare har framleis Østby den same oppfatninga når eg snakkar med han.

Biletet var nok likevel ikkje fullt så svartkvitt som til dømes Dahl og Rudolph framstilte det. Misjonærar vart sende ut i høgt tal for å nå nye grupper med evangeliet. Evangelistar reiste framleis rundt i bygder og byer og grunnla nye pinsekyrkjer. Rørsla vaks i tal på medlemmer. Men vekkingsrapportane som var vanlege på 50- og 60-talet vart sjeldnare, og spenningane mellom generasjonane i rørsla vart meir tydelege.

Den mangeårige isolasjonslinja rørsla hadde lagt seg på, begynte å få sine utslag på 80-talet, og det kunne tyde på at, som Hegertun formulerer det.: ”kunnskapen om pinsebevegelsen i det offentlige rom ikke har blitt tilfredsstillende ivaretatt”.<sup>118</sup> I Kunnskapsforlagets nye leksikon vart rørsla omtalt som ei sekt, og det var stor misnøye med kunnskapsløysa som lærebøker i skulen viste om pinserørsla og andre frikyrkjer.<sup>119</sup> Pinserørsla svarte med å opprette ”Pinsebevegelsens informasjonstjeneste”, for å informere om det som skjedde i rørsla overfor dagsaviser og andre medium. Det vart også oppretta eit mediaråd, som skulle ivareta kontakten mellom rørsla og det offentlege og samstundes informere rørsla om utviklinga innanfor medieverda.<sup>120</sup>

---

<sup>114</sup> Dahl & Rudolph 1978, s 14, 42 & 74

<sup>115</sup> Intervju med Hegertun & Østby 8/4 2014

<sup>116</sup> Intervju med David Østby 8/4 2014

<sup>117</sup> Gjengitt i Hegertun 2009, s 173

<sup>118</sup> Hegertun 2009, s 164, fotnote 469

<sup>119</sup> KS 27/6 1981

<sup>120</sup> KS 9/2 1983

Isolasjonslinja har sett djupe spor fram til vår tid. Framleis peikar fleire på pinsekyrkjene sin isolasjon som den største utfordringa i rørsla. I dag ser vi at haldningane til ein slik isolasjon er heilt annleis. Isolasjon er ikkje eit ideal, men eit problem. Klarast kom dette fram under LED 2014.<sup>121</sup> Både gjennom mottoet for konferansen og dei mange ulike innlegga, var det tydeleg å sjå at åtvaringane frå Gilbrant og Kristiansen ikkje er noko ein vil legge stor vekt på. Tvert imot vil ein påverka samfunnet gjennom større deltaking. Der ein tidlegare såg påverknad i samfunnet meir som ein konsekvens av vekking og at folk vart forvandla og levde nye liv, ser ein no meir på at ein kan påverka samfunnet gjennom dei verdiane ein ber med seg som kristne. Rørsla i dag er i mykje større grad open mot uttrykk og inntrykk frå verda omkring. Kristoffersen sa mellom anna at ”Hvis våre kristne miljøer blir innadvendte, så lever vi ikke etter Guds plan. Vi må ha blikket utover mot samfunnet, mot behovene som finns der.”<sup>122</sup>

*KS* er i dag full av reportasjar om at pinsekyrkjene spelar ei rolle, ikkje berre i kyrkjelokala, men i byane og bygdene der dei er. Som vi skal sjå i neste punkt, heng dette også saman at ein har endra syn på adiafora og massekulturen i samfunnet. *KS* har også uttrykt si haldninga tydeleg på redaktørplass:

Vi tror (...) at det ikke finnes noen steder, symboler eller handlinger som er helligere enn andre (...) Enhver isolert menighet er en usunn menighet (...) det unaturlige skillet mellom det hellige og det profane, der kristentroen henvises til den private sfæren, preger antakelig de fleste av oss.”<sup>123</sup>

Hegertun har skrive utfyllande om korleis isolasjonen også mot andre kristne kyrkjer har endra seg markant fram til ein valde å bli med i Norges kristne råd i 2006.<sup>124</sup> Utviklinga har gitt mange utslag. Ein har sams leiarutdanning med baptistane, og i rørsla no blir det diskutert om ein skal slå saman pinserørska med Dei Frie Evangeliske Forsamlingar.<sup>125</sup> Det pågår også ein debatt om barnedøypte skal få fullt medlemskap i pinsekyrkjer, noko som allereie blir praktisert nokre stader. Det er også fleire røyster som viser til at skilnadane mellom mange kyrkjessamfunn er nærmast usynlege, og møteformene og stilene er tilnærma like.<sup>126</sup> Ein annan konsekvens er at mange av trusforsamlingane som forlét rørsla på 80- og 90-talet, no vender

<sup>121</sup> www.led14.no

<sup>122</sup> Kristoffersen 2014

<sup>123</sup> David Andrè Østby i *KS* 11/2 2011

<sup>124</sup> Hegertun 2009

<sup>125</sup> *KS* 23/5 2014

<sup>126</sup> <http://www.vl.no> (3)

attende til ei rørsle dei oppfattar som meir open og raus. Mellom desse er Livets Senter på Lillehammer.<sup>127</sup>

#### **2.2.4. Adiafora og massekultur**

Vi såg i innleiinga på korleis ein i rørsla i dag ser på den sentrale bodskapen som sjølvstendig og uavhengig frå den kulturelle konteksten han til ei kvar tid står i. Kulturen kan endrast, men bodskapen er uendra. Denne fristillinga av kulturuttrykk frå tru og lære, står i sterkt kontrast til mykje av det som stod i fokus for førti år sidan.

Spesielt gjennom *KS*-redaktør Gilbrant vart det på 70-talet tydeleg gitt uttrykk for kva kulturelle uttrykk og metodar som var gangbare, og kva som ikkje var det. Når redaktøren for *KS* tok opp desse emna, var det nok først og fremst fordi dette var aktuelle spørsmål som var under debatt i rørsla, og som det fanst ulike synspunkt på. Med sin eigen kategoriske stil valde Gilbrant å sette skapet på plass og klargjere kva som var gangbar lære i rørsla. Det er i det heile påfallande kor lik Gilbrant sin retorikk er med Barratt sin. På denne måten kan nok Gilbrant ha påropaa seg og fått endå meir autoritet enn han faktisk hadde i rørsla. Framstillingane hans gir, som Barratt sine, inntrykk av at Bibelens ord er klart og innlysande og ikkje til å misforstå. Ein legg til grunn at ”dei andre” tolkar ting menneskeleg, medan ein sjølv tolkar Bibelens ord slik det står. Sjølv om andre synspunkt enn Gilbrant sine også kunne ha støtte i rørsla, kan det verke som han hadde nok støtte til at det var vanskeleg å nå fram med alternative standpunkt.

I leiarartikkelen ”Fri oss frå Adiafora” i 1976 teiknar Gilbrant eit bilet av at den kristne bør halde seg unna former for kultur som ikkje er spesifikt kristent fundert. Han seier mellom anna at ”Mesteparten av det som kalles adiafora er tvilsomme ting”. Han gir her eksempel som alkohol, tobakk, teater og kino. Sistnevnte seier han for mange har vore ”...det første steg på frafallets vei.”<sup>128</sup> Her viderefører han arven frå Barratt: ”Menigheter som tillater sine medlemmer å gå på teater, bruke eller selge tobakk eller sterke drikker (...) kan umulig bli et åndelig hjem for helligjorte sjeler.”<sup>129</sup>

---

<sup>127</sup> *KS* 26/9 2014

<sup>128</sup> *KS* 17/2 1976

<sup>129</sup> Gjengitt i Taraldset 1947, s 46

Rørsla var open for å utnytte dei mange nye mulighetene innafor media til evangelisering og misjon, noko ein finn eksempel på i fleire artiklar i *KS* frå denne perioden. Østby skriv mellom anna om dette i 1974. Her hevdar han at pinserørsla har forsøkt seg i utnyttinga av desse verkemidla og ber om ei endring. Han oppfordrar unge kristne til å ta medieutdanning og rørsla til å drøfte korleis ein best kan utnytte dei mulighetene den teknologiske utviklinga gir.<sup>130</sup> Ein såg positivt på dei mange mulighetene som opna seg for å spreie evangeliet med nye medium. Både radio, TV og film var anvendelege hjelpemiddel i misjonens sak, som mange andre kulturelle uttrykk. Men det fanst unntak, mellom anna rockemusikk, spelefilmar og dans. Spesielt i spørsmålet om drama, teater og film, var meldingane klare. Østby uttalte seg skeptisk mot bruk av spelefilm i kristen verksemd, og Gilbrant uttalte seg endå sterkare. Gilbrant tordna over at bibelskulen i Sarons Dal skulle lage film om bibelforteljinga om den bortkomne sonen. "Dokumentarfilm og misjonsfilm er godtatt, men ikke spillefilm" fastslår Gilbrant.<sup>131</sup> Han utdjupar i ein seinare leiarartikkel sin motstand mot spelefilmar med kristent innhald: "Den åndelige verdens realiteter fordunkles og forfuskes så lett."<sup>132</sup>.

Ein annan debatt, som oppstod i *KS* noko seinare, var spørsmålet om musikkstilar kunne vere ueigna i kristen verksemd og endå djevelske i seg sjølv. Medan hornmusikk var eit døme på ein musikkstil som var både akseptert og oppmuntra, det fanst 15 ulike hornorkester i pinsekirker rundt om i landet,<sup>133</sup> var det spesielt rockemusikk som mange opplevde som uakseptabelt. Gilbrant hevda at "Det er former for musikk som i seg selv er skadelig og nedbrytende." og vidare "Det er musikk som appellerer til dårlige instinkter, som egger til lidenskap og lyst".<sup>134</sup> Ein annan predikant som engasjerte seg mot rockemusikk, var Konrad Kornmo, son av Sverre Kornmo som var ein av dei verkelege høvdingane i rørsla på denne tida, og bror av Morgan Kornmo som var forstandar i Filadelfia Oslo. Kornmo hevda at "Verdslyhet kjennetegnes av støy og larm," og at bruken av kristenrock er tegn på at vi har "...nådd den ytterste grense av respektløst overfor alt hellig."<sup>135</sup>

Eit anna spørsmål som var oppe til debatt, var spørsmålet om dans. Også her gir redaktørane i *KS* klar melding om kva det rett synspunktet er. Dans blir karakterisert som "dårlig innflytelse", "erotisk lek" og "verdsdig virkemiddel". Ein gir uttrykk for at om ein opnar for

<sup>130</sup> *KS* 11/5 1974

<sup>131</sup> *KS* 7/4 1974

<sup>132</sup> *KS* 3/10 1979

<sup>133</sup> *KS* 4/12 1974

<sup>134</sup> *KS* 21/2 1979

<sup>135</sup> *KS* 29/4 1982

dans i kyrkjene, vitnar dette om ein låg andeleg standard. At spørsmålet i det heile tatt var aktuelt, blir karakterisert som ”oppsiktsvekkende og gir rom for urovekkende refleksjoner.”<sup>136</sup>

Då debatten etter to leiarartiklar frå Gilbrant i *KS* i 1982, under overskrifta ”Om hatter og hår” tok av, markerte det likevel at noko var i endring i rørsla. Debatten om musikkstil hadde nok vist at det var fleire oppfatningar om dette i rørsla, men i debatten om hårlengder, var det tydeleg at synspunkta til Gilbrant ikkje representerte det som var det mest vanleg synet i rørsla. I leiarartiklane går Gilbrant til åtak på dei som vil løyse opp i normene og forventningane om korleis kristne bør kle seg og te seg. Han gir klart uttrykk for at Paulus’ ord om hårlengde og hovudplagg skal forståast bokstaveleg på lik linje med dei andre boda ein finn i Bibelen og slår fast: ”De som bryter disse forskriftene, enten det nå er kvinne eller mann, går rett imot et klart Guds bud.” Langt hår på menn karakteriserer han som ”...bløtaktig og litt vummelig,” medan kvinne bør ”...for sikkerhets skyld legge til litt på lengden,” sidan det alltid er godt på vere på den sikre sida.<sup>137</sup>

Det er i denne debatten at den unge Egil Svartdahl først stod fram som den leiande røysta av dei som tenkte annleis om dette. Han skriv i sitt motinnlegg at dette umogleg kan vere avisa si redaksjonelle linje, og at Gilbrant sine synpunkt her burde vore plassert på debattsidene. Han hevdar vidare at synspunkta som Gilbrant forfektar, har ført til at mange har vendt kyrkjene ryggen, og at Gilbrant er på kollisjonskurs med det Barratt stod for i desse spørsmåla. Svartdahl viser til at skriftstadane Gilbrant viser til, må forståast ut ifrå sin kulturelle kontekst. Han peikar dessutan på at Gilbrant motseier seg sjølv. Det mest interessante i Svartdahl sitt svar, er likevel at hans stiller spørsmål ved *KS*-redaktøren sin autoritet i rørsla. Han viser til at praksisen i dei fleste pinsekyrkjer er meir liberal i forhold til dette emnet, og spør om Gilbrant er på kollisjonskurs med rørsla i synspunkta sine. Han spør også om folk er redde for å gå i møte med ein autoritet som Gilbrant, og etterlyser at folk med større tyngde enn hans sjølv gjer det.<sup>138</sup>

Felles for korleis desse kulturelle elementa vart framstilt, var at ein teikna eit bilde av stor fare dersom ein opna opp for dei. Djævelen vart framstilt som viljug og i stand til å utnytte situasjonen til det vonde om ein berre ga desse uttrykka litt innpass. Svartdahl oppsummerer

---

<sup>136</sup> *KS* 8/4 1981

<sup>137</sup> *KS* 6/9 & 16/10 1982

<sup>138</sup> *KS* 27/10 1982

denne tida noko ironisk: ”Det var fullt fokus på møteformer og hårfasonger, musikkstil og lydnivå, sminke og smykker og mye annet som var livsviktig på den tiden.”<sup>139</sup>

Mange av desse debattane var ikkje spesifikke for pinserørsla, men gjekk føre seg i dei fleste kristne samanhengar i møte med ei ny tid med nye uttrykk. Spesielt var mange element i ungdomskulturen framande for mange i dei eldre generasjonane. Alle desse debattane, som kan verke framande både for folk innanfor og utanfor pinserørsla i dag, gjekk sin gang på 70- og 80-talet. Innlegga til Svartdahl og andre yngre leiarar varsla om at ei ny tid var i emning, og etter at Gilbrant gjekk av som redaktør i 1983, forsvann også denne type kategoriske leiarartiklar frå avisa for godt.

Forkynninga om å leve heilage liv og å kjempe mot verdsleggjeringa er kraftig nedtona i pinserørsla i dag. Mentzoni viser til at fokuset på den ytre helginga med symbol som smykker, hår lengde og musikkstil, i nokon grad har blitt erstatta med ei auka merksemd på den indre helginga, og kamp mot til dømes misunning og baksnakking. Samstundes er ungdomsmiljøa i pinsekyrkjene framleis opptekne av å formidle rett samlivsetikk, noko som i stor grad vart sett på som sjølvsagte ting på 70-talet.<sup>140</sup>

Gjerme meiner at fokuset på helging ikkje er borte, men at det bærer mindre preg av ”moralisme” enn tidlegare. Han legg vekt på å invitere og vegleie til helging, i staden for å moralisere og konfrontere. I staden for å definere folk innanfor eller utanfor, har Gjerme valt å ”lage eit sterkt sentrum”. I dette sentrumet står Jesus og kallar til etterfølging. Utanfor sentrum ser han for seg sirklar av menneske utover. Ein utfordrar sterkare og set sterkare forventningar til dei menneska i dei sirklane som er nærmare sentrum enn til menneska i dei sirklane som er lenger ute. Dei nærmaste sirklane vil då bestå av dei viktigaste medarbeidarane i kyrkja. Slik definerer ein menneske som ”på veg”, uansett korleis dei lever opp til eventuelle etiske standardar. Nokre er komne langt, andre er nettopp begynt vandringa.<sup>141</sup>

Pinserørsla har etterkvart opna seg opp for dei fleste kulturuttrykk, også i ungdomskulturen. Dette året har vi mellom anna kunne lese i *KS* om at rørsla brukar både dans, dataspel, revy og

---

<sup>139</sup> Svartdahl 2014a, s 13

<sup>140</sup> Intervju med Torsten Mentzoni 14/11 2014

<sup>141</sup> Intervju med Øystein Gjerme 14/11 2014

sekulær musikk i arbeidet sitt. Under overskrifta ”Omfavner sekulær kultur”, kan ein mellom anna lese at ”Mange spiller ikke-kristen musikk på møtene, og noen endrer også språk, stil og uttrykksformer for å bygge broer mellom oss og de som foreløpig ikke kjenner Gud.” Motivet for dette skal vere at den interne, kristne kulturen ikkje skal stå i vegen for bodskapen.<sup>142</sup> Ein ser ikkje på kulturelle uttrykk som ein del av religionen, slik ein gjorde før. Metodane ein er viljig til å ta i bruk i møte med samfunnet og kyrkjeframande, er mange fleire, og i relasjon til massekulturen framstår rørsla i dag i stor grad som ein medkultur.

Forholdet til dans har også endra seg totalt, både i forhold til dans i kyrkjene og utanfor kyrkjene. I 2011 deltok til dømes pinsevennene Inger Lise Hansen og Anders Jacobsen i TV2-programmet ”Skal vi danse”. I 2014 inviterer SALT Bergenskirken til julebord med dans. KS skriv i mai 2014 om dans som bønnespråk. Her blir det sagt at ”...det er ikke noen grunn til at et kroppsleg uttrykk ikke kan bli brukt i kirkesammenheng.” Artikkelen fortel at eit slikt bønnespråk nok kan møte skepsis, spesielt hos den eldre generasjonen, men dette blir forklart med at det ”...bryter med det man har vært vant til i 20 eller 40 år,” og at ein i tidlegare tider ”...har forbundet dans med noe som kan lede til synd”.<sup>143</sup>

Samtidig med at ein ønskjer å bruke element frå massekulturen for å evangelisere, er dei ulike metodane også ein del av ein strategi for at dei unge som veks opp i rørsla, skal finne seg til rette her. Medan det i tidlegare tider var slik at om ein var innanfor eller utanfor alt etter kva kulturelle uttrykk ein omfamna, prøvar pinserørsla no å omfamne fleire slike uttrykk for å famne om fleire menneske. ”Dunkemusikk kan like godt vere lovsang”, seier DJ Javier før eit såkalla rave-party under ungdomsfestivalen til pinserørsla på Hedmarktoppen i 2013. Her argumenterer han for at det han kallar dunkemusikk med høgt lydnivå like godt kan lovsgast til som anna musikk. Sjølv blandar han saman musikk ein kan danse til og musikk som passar betre til å løfte hendene i tilbeding.<sup>144</sup>

Ein av dei mest kjende lovsongsleiarane i pinserørsla i dag, David Andre Østby, seier at ”Musikksjanger er underordnet hensikten med lovsang, nemlig å møte Gud.” Sjølv har han gjort om ein gammal salme til elektronisk dansemusikk.<sup>145</sup> Også Evangeliesenteret, som på mange måtar har vore og er eit konserverande element i rørsla, har etter kvart tatt i bruk fleire

---

<sup>142</sup> KS 2/5 2014

<sup>143</sup> KS 9/5 2014

<sup>144</sup> <http://www.dagen.no> (4)

<sup>145</sup> <http://www.dagen.no> (5)

instrument i musikken sin. Medan det for få år sidan handla mest om trekkspelet og gitar, kunne ein i årets landsstemne høyre både trommer, bass, steelgitar og cello.<sup>146</sup>

Kino og teater er andre kulturelle element som er fullt ut akseptert i rørsla. Pinsevennen Robert Muren tok i 2013 eit initiativ til å få fleire kristne filmar inn på norske kinoar.<sup>147</sup> Den første av desse, "Heaven is for real" var ein av dei mest sette filmane på kino i oktober 2014, sjølv om han berre var sett opp i ein liten del av kinoane i landet.<sup>148</sup> Det er lett å sjå kontrasten til at spelefilmar vart sett på som ueigna til å forkynne ein kristen bodskap. Den same Muren jobbar på same tid med å lage ein høgt budsjettet film om apostelen Peter.<sup>149</sup> Kenneth Eriksen, som tidlegare har samarbeid tett med Muren i produksjonen av musikalen "The covenant", har gått i bresjen for oppsettinga av ein musical om den norske middelalderkongen Håkon Håkonsen i Tønsberg. Musicalen blir karakterisert som ikkje-forkynnande, men tru spelar likevel ei viktig rolle i framstillinga.<sup>150</sup>

Ein artikkel i *KS* i mai 2014 omtalar at Filadelfia Oslo inviterer unge til dataparty fordi "...alle mennesker er viktige uavhengig av interesser og hobbyer". Det blir vektlagt at ein treng aktivitetar i kyrkjene som også kan nå guitar, sidan "...det er mye jenteaktivitetar i menigheter". Fokuset er både på å bevare dei som veks opp i kyrkja og at terskelen skal vere lav for dei som kjem utanfrå.<sup>151</sup> Sentrumkirken i Sandnes arrangerte "Piratfestival" for dei yngste etter modell frå "Kaptein Sabeltann", der barna kler seg ut som sjørøvarar og går på "skattejakt."<sup>152</sup> Betel Hommersåk inviterer til revy der "heidningane" får kome inn til halv pris.<sup>153</sup> I sum ser vi at elementa i massekulturen som tidlegare vart sett på som problematiske og grenseskapande, i dag blir sett på som møtepunkt mellom kyrkja og samfunnet utanfor.

Svardahl ønskjer utviklinga velkommen, men hevdar også at vi manglar bruer som knyt kulturane i og utanfor kyrkjene saman. Kristne er blitt flinke til å pendle mellom kyrkjekulturen og kulturen utanfor, meiner han, og det er viktig at ein kan finne gode

---

<sup>146</sup> *Ennå er det håp* 9/2014

<sup>147</sup> *KS* 30/5 & 12/9 2014

<sup>148</sup> <http://www.dagen.no> (6)

<sup>149</sup> <http://www.dagen.no> (7)

<sup>150</sup> <http://www.dagen.no> (8)

<sup>151</sup> *KS* 23/5 2014

<sup>152</sup> Kvammen 2014

<sup>153</sup> *KS* 29/8 2014

overgangar mellom desse. Svartdahl oppfordrar til å legge opp gudstenestene med dei utanforståande i tankane og å invitere med menneske til kyrkja.<sup>154</sup>

Det er ikkje nødvendigvis slik at denne utviklinga blir applaudert av ei samla rørsle. Det er likevel tydeleg at kyrkjer som tek i bruk massekulturen for å bryte isolasjonen mot samfunnet utanfor kyrkjene, blir idealisert i rørsla, gjennom leiarkonferansane og i *KS*. Kritiske røyster mot denne utviklinga kjem sjeldan fram i *KS* eller på leiarkonferansar, nok som også kan sjåast i samanheng med at den årlege leiarkonferansen i dag gir mindre rom for meiningsutveksling enn tidlegare. Gunnar Jeppesøl er ein av dei som saknar den opne debatten ein som regel hadde på dei gamle predikantkonferansane.<sup>155</sup> Opninga mot massekulturen er berre eit element i at rørsla har utvikla seg mot å bli meir open. Dette gjeld også i forhold til å drive politisk arbeid, noko vi skal sjå nærmare på no.

### **2.2.5. Ei upolitisk rørsle**

80-talet var på mange måtar prega av tilbakeblikk på korleis pinserørsla i Noreg hadde utvikla seg sidan starten i 1906. Tidleg i tiåret vart 75-års jubileet for pinserørsla i Noreg markert, mellom anna ved fleire jubileumsskrift. Redaktør Oddvar Nilsen i *KS* gav ut boka "...og Herren virket med." på Filadelfiaforlaget i 1981. Her fekk lesaren ei samling av viktige hendingar i rørsla kvart einaste år frå starten. Når ein les Nilsens jubileumsbok, er det likevel påfallande kor lite ein kan lese om samfunnet utanfor pinselokala. Det handlar om kyrkjevekst, utsending av misjonærar, bygging av pinselokale og nye pastorar og evangelistar som står fram. Etter Barratt si tid, finst det få døme i boka på at pinsevennane direkte har sett sitt preg på samfunnsutviklinga. Somdal si truslære for pinserørsla tek opp dei fleste av emna ein vil sjå som naturleg å ha med i ein slik dogmatikk. Det er likevel påfallande kor lite vekt det er lagt på å skildre pinserørsla sitt forhold til samfunn, politikk og det offentlege rom. Her finn vi generelle vendingar som "Det er rett kristen livsstil å være en god samfunnsborger," og "Vi er kalt til å være jordens lys og salt, og en motvekt mot forråtnelse i samfunnet," samt "Vi skal påvirke vårt samfunn i god retning, med våre holdninger og med våre ord".<sup>156</sup>

Politisk verksemد var ikkje prioritert i rørsla. Den kjende svenske pinseleiaren Lewi Petrus uttalte i 1937 at "En virkelig varmhjertet kristen driver ikke med politikk". Denne haldninga

---

<sup>154</sup> *KS* 9/5 2014

<sup>155</sup> *KS* 7/11 2014

<sup>156</sup> Somdal 1991, s 195 & 249

har prega pinserørsla heilt fram til vår tid. Som Petrus sa: ”Kristendom er noe uendelig høyere enn politikk, og den virkelige kristne må sette all sin kraft inn på det åndelige arbeid.”<sup>157</sup> Petrus var kanskje den fremste høvdingen blant pinseleiarane i Norden etter at Barratt døydde i 1940. Det er difor ikkje underleg at synspunkta til Petrus fekk stor innverknad også i Noreg. Petrus skifta likevel syn på korleis pinsevenner skulle stille seg til politikk og samfunnsengasjement. I 1969 var til dømes tonen ein heilt annan enn tretti år tidlegare: ”Om verden noensinne har behøvd en ny ånd i politikken, så er det nå. Hvem kan formidle denne ånd om ikke kristne som er grep av kristen nestekjærighet?”<sup>158</sup> I løpet av andre verdskrigen hadde det vakse fram eit politisk engasjement hos Petrus. Dette hadde samanheng med at han såg med stadig større uro på korleis samfunnet utvikla seg.<sup>159</sup> Denne utviklinga fekk likevel berre avgrensa betyding for den norske pinserørsla.

Dahl og Rudolph skildra rørsla sitt forhold til politikk på denne måten i 1978:

Dette førte i praksis til en skepsis mot politikk som gjerne endte med at pinsevennene i Kristiania og de andre byene holdt seg unna valg og ikke deltok aktivt i noen form for politisk arbeid. Det politiske liv ble sett på som nok et utslag av ”verdslihet”, noe som ”denne verdens mennesker” kunne stelle med. Ble pinsevennene utfordret til å si noe om politiske spørsmål, var det vanligste svaret at en virkelig landsomgrepende hjertevakkelse ville løse alle politiske vanskeligheter.<sup>160</sup>

Vi kan altså sjå at pinsevennene avstod frå å engasjere seg politisk, sidan ein meinte at det var viktigare at ein prioriterte den evangeliske verksemda, og gjennom bøn og uthald arbeidde for vekking. Auka politisk aktivitet kunne lett tolkast som at ein hadde mista trua på krafta i evangeliet.<sup>161</sup> Samstundes var ikkje rørsla heilt åtskild frå det politiske liv. Mentzoni peikar på at det var først og fremst pastorane og kyrkleiarane som heldt seg borte frå politisk arbeid, ikkje pinsevennene som gruppe.<sup>162</sup> I etterkrigstida vart det eit tettare band mellom Kristeleg Folkeparti og pinserørsla, og profilerte pinsevenner som Åge Ramberg og Asbjørn Haugstvedt dreiv politisk arbeid på Storting og i regjering for partiet, noko som pinserørsla

<sup>157</sup> Gjengitt av Kristiansen 1982, s 61

<sup>158</sup> Petrus 1984, s 71 (boka kom ut på svensk i 1969. Petrus døydde i 1974)

<sup>159</sup> Halldorf 2010, s 365

<sup>160</sup> Dahl & Rudolph 1978, s 69

<sup>161</sup> Kåre Kristiansen antyder ein slik samanheng: ”...når jeg følger en pågående debatt (...) om hvorledes kirken nå skal nærme seg partipolitikkens grenseområder, har jeg måttet stille meg dette spørsmål: Er en del av Ordets forkynnere i ferd med å miste troen på den omskapende kraft i deres eget evangeliske budskap?” Kristiansen 1982, s 66

<sup>162</sup> Intervju med Torsten Mentzoni 14/11 2014

var stolt av.<sup>163</sup> Lokalt sat mange pinsevenner i kommunestyre og formannsskap. Mykje av dette kan nok tilskrivast ei haldningsendring til politisk arbeid då Kristeleg Folkeparti etablerte seg som eit politisk parti med noko tyngde, spesielt utover på 1970-talet, då abortsaka vart spesielt aktuell. På jubileumskonferansen til rørsla i 1981, vart stortingsmannen Kåre Kristiansen frå KRF invitert til å tale om kristent samfunnsengasjement. I innlegget freistar han å utforme ei lære om korleis den samfunnsengasjerte kristne skal engasjere seg politisk, og han dreg opp linjene mellom den kristne kyrkja og staten sine ansvarsområde.<sup>164</sup>

At ein ikkje i særleg grad engasjerte seg i politisk arbeid, tyder ikkje at ein ikkje hadde meininger i aktuelle politiske spørsmål og samfunnsutviklinga generelt. Spesielt i spørsmål der ein såg klare bibelske sanningar, som i abortspørsmålet,<sup>165</sup> var meldingane klare. *KS* var prega av den rådande abortdebatten på 70-talet. Ulike innlegg i avisene viste også at ein hadde engasjement for skulepolitikken<sup>166</sup> og mediepolitikken.<sup>167</sup> I liten grad var dette engasjementet likevel kanalisert i målretta politisk arbeid.<sup>168</sup> I stor grad var det gjennom *KS* dette engasjementet var synleg, og *KS* var ei avis som stort sett vart lesen av pinsevenner.

Også i forholdet til politisk engasjement ser vi i dag ei klar endring i den norske pinserørsela. Som vi har sett, var dette ei utvikling som var godt i gang allereie på 70-talet, men det er først den siste tida dette har vore sett ekstra fokus på. I dag er pinsevenner aktive i fleire parti på Stortinget, sjølv om pinserørsla sin politiske innverknad framleis er relativt avgrensa. Mentzoni sitt engasjement i organisasjonen ”Kristenfolket” viste at også pastorar kunne engasjere seg partipolitisk. Sjølv grunngjev han dette med viktigheita av å kjempe mot ei kjønnsnøytral ekteskapslov, og i følgje han sjølv valde han å ”bruke talarstolen politisk” til å åtvare folk mot å stemme på enkelte parti.<sup>169</sup>

Store deler av LED 2014 var via merksemrd rundt eit samfunnsengasjement. Dette gjaldt både i forhold til det evangeliserande og det diakonale, men også det politiske. Rikspolitikaren Erik

<sup>163</sup> Intervju med David Østby 8/4 2014

<sup>164</sup> Bok med referat av talane kom ut på Filadelfiaforlaget under tittelen ”Pinsebevegelsen i Norge 75 år. Jubileumskonferansen i tekst og bilder.” Hegertun 1982.

<sup>165</sup> Til dømes *KS* 12/10 & 26/10 1974

<sup>166</sup> Til dømes *KS* 26/2 & 1/3 1975

<sup>167</sup> Til dømes *KS* 4/12 1976

<sup>168</sup> Det går an å forstå arbeidet til BFN som politisk arbeid. Sentralt i tankegangen til denne organisasjonen er at ein kan påverke dei som styrer landet gjennom bønn. Difor har ein også hatt bønnemobiliseringar i samband med stortingsval dei siste åra. Intervju med Jan Berg 9/4 2014

<sup>169</sup> Intervju med Torsten Mentzoni 14/11 2014

Solheim var invitert til å tale, ein mann som representerer eit parti som i fleire samanhengar har blitt opplevd som motstandarar av rørsla sitt arbeid. Solheim oppfordra pinsevennene både til å be og å engasjere seg politisk.<sup>170</sup>

Den same utviklinga vi har sett i rørsla sin relasjon til politikk, ser vi også i høg grad i forhold til media. Då pinserørsla vaks fram i Noreg, frå 1906, hende det på ingen måte i det løynde. Avisene var fulle av reportasjar og artiklar om fenomenet. Likevel skulle også forholdet til media bli problematisk for rørsla.

## 2.2.6. Ei mediesky rørsle

Då Barratt kom heim frå USA etter si åndsdåpsoppleveling i 1906, tok vekkinga fyr relativt fort. Og det var ikkje noko som skjedde i eit bortgjømt lokale. Det hende midt i Kristiania, og det tok ikkje lenge før avisene rapporterte om det som hende. Avisene var i hovudsak kritiske til Barratt og hans verksemd, og mange av avisene dreiv rein harselas med karikaturar og latterleggjering. Barratt var ein av yttarst få ikkje-politiske figurar som vart karikert i vittigheitsblada. Karakteristikkar som ”religiøst vanvidd” og ”overspendhet og hysteri” vart brukte.<sup>171</sup> ”Avisene raste mot vekkelsen”, som Nilsen uttrykker det.<sup>172</sup> Også femten år seinare skriv avisene ”spottende artikler” mot rørsla og verksemda.<sup>173</sup> Rettssaker mot pinseverksemda skjedde i full offentlighet. Fleire prestar og biskopar uttalte seg også kritiske til verksemda til Barratt.<sup>174</sup>

Den første tida var Barratt aktiv i å prøve å tilbakevise kritikken i avisene, han ”stilte seg så visst ikke likegyldig til slike uttalelser”. Han skreiv motinnlegg mot dei kritiske og harselerande artiklane og hevda at mykje av det var løgn, samtidig som han sa seg glad for å bli rekna verdig til ei slik forfølging. Kritikken mot skriking og støy i møta, imøtekomm han med å hevde at dette var naturlig i ei vekking og at det også har bibelske parallellar.<sup>175</sup> Barratt var ein mann ”med høy tåleevne for offentlig strid”, som Hegertun formulerer det.<sup>176</sup> Bloch-Hoell hevdar at avisskriverier var mykje av årsaka til den blest og auka oppslutning det var

---

<sup>170</sup> Solheim 2014

<sup>171</sup> Dahl & Rudolph 1978, s 83

<sup>172</sup> Nilsen 1981, s 28-29

<sup>173</sup> Nilsen 1981, s 77

<sup>174</sup> Bloch-Hoell 1956, s 159-174

<sup>175</sup> Bloch-Hoell 1956, s 148

<sup>176</sup> Hegertun 2009, s 48

om møta den første tida, at ”pressen ble et ufrivillig misjonsorgan”. Det var også vanleg i den første tida å be for dei ”ugudelige redaktører og journalister” i møta.<sup>177</sup>

Etter den første bølgja forsvann pinsevennane meir og meir frå avisene sine førstesider og det offentlege rom. Den stadige kritikken og stigmatiseringa frå den sekulære pressa verka isolerande både i forhold til samfunnet og andre kyrkjesamfunn.<sup>178</sup> Barratt sjølv vart tvungen til å ta stilling i fleire teologiske spørsmål, og den rause og opne holdninga vart erstatta av ein større isolasjon, både i forhold til andre kristne samfunn og det offentlege rom. Avisene kom med ny kritikk med ujamne mellomrom, og prestar og biskopar auka kritikken sin då det baptistiske dåpssynet vart einerådande i rørsla.<sup>179</sup> Seinare vart det konfliktstoff som prega avisene sine omtalar av rørsla, ikkje minst konfliktane med Samuelsen på 60-talet og Edvardsen på 70-talet. Besøk av amerikanske predikantar med utradisjonelle metodar vekte også ei viss merksemd ved enkelte anledningar.<sup>180</sup>

Ved slutten av 70-talet skildrar Dahl og Rudolph korleis pinserørsla sitt forhold til media er på denne måten:

Pinsevennene har stort sett dårlige erfaringer med massemedia. Derfor er det kanskje forståelig at man helst vil holde ”fred” så lenge som mulig, selv om man er midt opp i noe som ligner ”krig”. Likevel spørst det om ikke ”taushetslinjen” har vært mer til skade enn til gang for bevegelsen. Til tider er det blitt skapt et klima som har gjort det vanskelig å holde et levende og naturlig samarbeid gående innenfor bevegelsen.<sup>181</sup>

Østby skildrar korleis leiarane i rørsla valde å stille seg til media i konflikten rundt Edvardsen på 70-talet. Ein valde å la vere å uttale seg, kommentaren var som regel ”Ingen kommentar” og dermed var det umogleg å vinne mediekampen i denne saka mot Edvardsen, som var ein godt vant mediemann. Østby konkluderer bestemt: ”Til dags dato er vi ikke flinke med mediene.”<sup>182</sup> Hegertun fortel også om korleis ein sa nei då media ville kome og vere til stades og dekke predikantkonferansane på 80-talet. Han fortel korleis han var overraska over dette og tok då til motmæle: ”Det er mye bedre at vi får en naturlig omgang med media, at vi blir

<sup>177</sup> Bloch-Hoell 1956, s 145.149

<sup>178</sup> Hegertun 2009, s 48, fotnote 151

<sup>179</sup> Hegertun 2009, s 70, fotnote 211

<sup>180</sup> Nilsen 1981, s 249

<sup>181</sup> Dahl & Rudolph 1978, s 12

<sup>182</sup> Intervju med David Østby 8/4 2014

vant til å snakke med media.”<sup>183</sup> Rørsla hadde eit anstrengt forhold til media og var redd for kva aviser og TV/radio skulle kome til å formidle om rørsla, med god grunn kan ein kanskje også hevde. Samstundes stadfesta motstanden at ein var i Guds plan og vilje. ”Det var (...)bruddet og distansen som ble markert..”, seier Hegertun, ”...og hvis det ble skrevet noe spekulativt eller negativt om pinsebevegelsen, så var det snarere en bekrefteelse på at vi var på rett vei enn det motsatte.”<sup>184</sup>.

Pinserørsla kom igjen i sokelys i media då den dramatiske saka frå den svenske pinsekyrkja i Knutby vart kjend i 2005. Ein pastor der vart dømd for mord, og interessa var stor frå media mot den norske pinserørsla, med spørsmålet: Kunne det same ha skjedd her? Både Hegertun og Østby, som var av dei som uttalte seg til riksmedia i denne saka, opplevde dette møtet med media som positivt og fritt for spekulativ journalistikk. Debatten rundt det som skjedde, kom i stor grad innanfrå rørsla sjølv.<sup>185</sup> ”Jeg har ikke hørt at det har vært mye debatt etterpå (...) vi fikk dempet det ned,” seier Østby.<sup>186</sup>

Gjennom store delar av perioden eg skriv om, er pinserørsla i stor grad fråverande i media. I den grad karismatiske leiarar blir inviterte til debattprogram eller liknande, er det fritalande og kontroversielle folk på kanten eller utsida av rørsla som blir synlege, i første rekke pastor Jan Aage Torp. Hegertun forklarer dette med historikken eg har gitt eit riss av her. Han viser også til at rørsla kan vere tilbakehaldande med å stille opp i debattar rundt kontroversielle tema, med tanke på omdømmet til rørsla. Det kan vere saker som media er interessert i som rørsla ikkje er komfortable med å stille opp i. Her passar ein mann som Torp betre inn. Han peikar på at Torp uttalar ting som ikkje er representativ for det folk i rørsla står for, noko som kan vere frustrerande og opplevast stigmatiserande for folk som ofte blir sett i bås med Torp.<sup>187</sup>

Tv2-pastoren Svartdahl er det fremste dømet på at pinserørsla også har blitt synlege i media. Svartdahl profilerer seg ikkje først og fremst som pinsevenn, men har nådd ein stor sjåarskare med dei mange programseriane han har laga i samarbeid med TV-Inter for Tv2. Profilen er ikkje typisk pentekostal, med karismatiske uttrykk eller omvendingsretorikk, men viser pastoren i samtale med menneske frå dei fleste sosiale lag og i dei fleste yrke og

<sup>183</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

<sup>184</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

<sup>185</sup> Hegertun 2009, s 195

<sup>186</sup> Intervju med David Østby 8/4 2014

<sup>187</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

livssituasjonar. Eit anna døme på at tidene også har endra seg i forholdet til dei sekulære media, er reportasjen frå ein av dei nye kyrkjene i rørsla, Intro Drammen, i Dagbladet i 2013. Reportasjen var i store delar positivt vinkla i forhold til verksemda, og vart gitt stor plass i helgemagasinet til avisa, ikkje minst fordi den nye kyrkja så velviljig tok imot den utsende frå Dagbladet. Det kan sjå ut som Hegertun har rett når han seier at frykta for media er i ferd med å forlate rørsla, og at ein har innsett at ein treng media.<sup>188</sup>

### **2.2.7. Pinserørsla - ei helgingsrørsle: Oppsummert**

Den norske pinserørsla har dei viktigaste røtene sine frå metodismen og den amerikanske helgingsrørsla. Sidan starten var det fokus på å skilje seg ut frå verda og leve heilage liv, utan innverknad frå verda utanfor, og det som vart oppfatta som verdsleg. Dette ga seg utslag i manglande vilje til å delta i det politiske liv, og negative erfaringar ga ein utbredt skepsis til sekulære medium. På 70-talet var det stort fokus på kampen mot verdsleggjering, spesielt med kamp mot det ein meinte var ugudelege uttrykk for massekultur, som dans, film, rockemusikk og ny klesstil. Dette kom først og fremst til uttrykk gjennom fleire leirartiklar av *KS*-redaktør Thoralf Gilbrant. I sum framstod pinserørsla på denne tida som isolert frå livet i samfunnet. Den pentekostale kulturen var i høg grad prega av isolasjonisme og ei fundamentalistisk<sup>189</sup> bibelforståing. Bibelen var den øvste autoriteten og pinseleiarane si evne til å tolke Bibelen var også opphøgd, og nyansar og hermeneutisk refleksjon var lite vektlagt. Denne fundamentalismen nært seg ved å vektlegge skilnaden og kontrasten til verda utanfor. Forsøk på å bygge bru mellom kyrkjene og verda vart ofte stempla som verdsleggjering, og generasjonskonfliktane kom etter kvart meir til overflata.

På 80-talet begynte den nye generasjonen av pinsevenner, med Egil Svartdahl i spissen, å vinne fram i kampen for ei opnare linje med eit anna fokus. I dag ser vi at rørsla er opnare både mot samfunnet og andre kyrkjesamfunn, og ein har teke i bruk dei fleste kulturuttrykk i arbeidet sitt. Ein har ikkje lenger prinsipiell motstand mot teater, spelefilm, dans eller enkelte typar av musikk. Ein legg vekt på å ha ei opnare linje mot media og oppfordrar til større deltaking i politikk og samfunnsliv elles.

---

<sup>188</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

<sup>189</sup> Her tenkjer eg på fundamentalisme som at ein har syn på at Bibelen er ufeilbarlig og skal tolkast bokstavleg, biblisisme, ikkje på eventuelle politiske konsekvensar av eit slikt syn eller som fanatisme og intoleranse. Den same forståinga gjeld også for seinare bruk av omgrepene. Sjå Henriksen 2011, s 67-71

Når eg no skal framstille pinserørsla som ei eskatologisk rørsle, er det naturleg å sjå dette i samanheng med rørsla som ei helgingsrørsle. Sentralt i eskatologien stod oppfatninga om at ein var ein liten flokk i ei stor og farleg verd, der ein var framand og på reise mot sitt rette heimland. Utviklinga i samfunnet både stadfesta at ein levde i endens tid og at ein måtte passe seg for verdsleggjering.

### **2.3. Pinserørsla - ei eskatologisk rørsle**

Pinsevenner har heilt sidan starten vore overbevist om at ein lever i det ein forstår som endetida. Dette har dei sams med fleire andre vekkingsrørsler, og forventinga om Jesus snare gjenkome har vore sentral i forkynninga. I denne delen vil eg fokusere på korleis pinserørsla såg på sin eigen eksistens som eit klart endetidsteikn, på korleis endetidslæra vart utforma etter den såkalla dispensasjonalismen, og kva utslag dette fekk for den pentekostale kulturen. Eg vil også vise korleis pinserørsla tyda dei ulike teikna i tida, og deretter undersøke om eskatologien framleis er i finne i rørsla, og i kor stor grad.

Då hendingane i Azusa Street tok av og spreidde seg ved starten av 1900-talet, såg ein dette som eit teikn på at bibelske sanningar og ei bibelsk røynd skulle gjenopprettast i endetida. Gjenoppretinga av og dåpen i Den Heilage Ande og tungetalen etter modell fra Apostelgjerningane, var sett på som sikre endetidsteikn.<sup>190</sup> Sjølv om andre vekkingsrørsler også var eskatologisk orientert, var det pinserørsla som definerte den nye andeutgyttinga som eit klart endetidsteikn.<sup>191</sup> Den eskatologiske læra var mykje meir enn eit dogme blant mange for pinsevennene. "For most pentecostals the future determines the present: their view of eschatology governs their view of social events", som DJ Wilson formulerer det.<sup>192</sup> Ein tolka hendingane i si eiga tid ut frå ein eskatologisk samanheng.

Den norske pinserørsla var, som den internasjonale, prega av ein eskatologisk tankegang. Den norske pinsevekkinga og Barratt sitt slagord var "Fram til urkristendommen", og ein såg på seg sjølv som ei rørsle som skulle reformere kyrkja og få fram igjen det som hadde gått tapt sidan den første kyrkja si tid. Gjenoppretinga av den bibelske kyrkja frå urkristendommen var eit teikn på at Gud ville gjenopprette alle ting før enden skulle kome. Dette prega også den eskatologiske tilnærminga dei første åra av pinserørsla sin framvekst. Ein såg for seg ei

---

<sup>190</sup> Apg 2,1 – 19,7

<sup>191</sup> Wilson 2003, s 601

<sup>192</sup> Wilson 2003, s 601

intensivering av dei karismatiske uttrykka i vente av ei siste ”innhausting” før Jesus skulle kome attende.<sup>193</sup> Denne første endetidsforventinga vart likevel snart avløyst av eit meir omfattande skjema for eskatologien: Dispensasjonalismen.

### 2.3.1. Dispensasjonalismen

Ramma rundt den pentekostale eskatologien vart ganske tidleg den såkalla dispensasjonslæra, som vart utvikla av grunnleggaren av dei såkalla Plymouth-brørne, engelskmannen John Darby på 1800-talet, og gjort kjent gjennom den såkalla Scofield Reference Bible i 1909. Denne læra var kjenneteikna ved at ein meinte at ein kunne systematisk forutsjå dei ulike hendingane i endetida, med unntak av ei: Nøyaktig når Jesus skulle kome attende. I følgje dispensasjonslæra kan ein dele historia inn i epokar, eller tidshushaldningar, også kalla dispensasjonar. Darby opererte med sju dispensasjonar. Enkelt sagt kan vi seie at ein trur at Gud stiller seg ulikt til mennesket alt etter kva for ein periode, eller dispensasjon, ein er i. Tida vi lever i, er tolka til å vere den sjette dispensasjonen, nådens tidsalder, som igjen skal bli avløyst av den sjuande og siste, det tusenårige fredsriket der Kristus skal råde på jorda.<sup>194</sup>

Innanfor den eskatologisk orienterte pinserørsla har det vore sterkt fokus på at ein oppheldt seg i endetida av nådens tidsalder, då ein snart skulle gå over i den neste tidsalder. Ein forsøker difor å tolke teikn på at denne hendinga er nært føreståande. Den mest vanlege oppfatninga er at startpunktet for denne nye perioden er at Jesus skal kome attende fra himmelen til jorda. I første omgang skal han kome for å ta alle truande vekk frå jorda, til det som blir sagt å vere eit ”bryllaup” i himmelen mellom Jesus og kyrkja. Når dette har skjedd, skal den siste tidsperioden kome, det milleniske fredsriket.<sup>195</sup> Ein del av forståinga rundt Jesu gjenkome, er at denne blir sett i samanheng med ein periode med stor trengsle på jorda. Blant predikantar i rørsla har det vore noko usemje om denne perioden vil begynne før eller etter gjenkoma. Nokre meinte også at Jesus skulle kome attende midt i denne perioden. Det mest vanlege var likevel å argumentere for at denne trengselstida skulle kome etter bortrykkinga.<sup>196</sup> Etter denne trengselsperioden, dei fleste meinte at han bokstavleg ville vare i sju år, skulle ein få eit tusenårig fredsrike, der djevelen skulle haldast fanga og miste sin innverknad på jorda. Denne forståinga blir kalla ”premillennialismen”. Gud skulle regjere

<sup>193</sup> Althouse 2012, s 15

<sup>194</sup> Yong 2010, s 318-323

<sup>195</sup> Tegnander 1987, s 83-127

<sup>196</sup> Strøm 1969, s 96-107

med fred på jorda saman med kyrkja. Etter desse tusen åra, som dei fleste tolka som tusen bokstavlege år, skulle så Gud halde endeleg dom.<sup>197</sup>

Bibellærarane fekk etter kvart ein sentral posisjon i mange pinsekyrkjer. Blant desse bibellærarane var det ofte eit overveldande fokus på eskatologi. Spesielt med hendingane i Israel på 40-talet og 60-talet, fekk denne forkynninga medvind. Barratt skreiv i 1935 boka *Står Jesus gjenkomst for døren – Tusenårsriket og de siste ting*, der han presenterer dispensasjonalismen og tolkar teikna i tida på at Jesu gjenkome står for døra. Læra vart seinare utdjupa av andre forkynnurar i rørsla, som Erling Strøm og Sverre Kornmo. I den norske pinserørsla vart det etter kvart slik at dei predikantane som hadde ei spesiell innsikt i eskatologien, fekk ein opphøgd posisjon.<sup>198</sup> Desse framstod som ekspertar på eskatologi, utan at dei hadde noko formell kompetanse på området. Blant desse var Emmanuel Minos og Oddvar Tegnander, som heilt fram til vår tid har forkynt og skrive eskatologiske bodskap.<sup>199</sup> Mykje av denne læra er oppsummert i sistnemnte sitt trebindsverk *Kongen kommer, Kongen bryter seglene og Kongen oppretter sitt rike*.<sup>200</sup>

I den første boka i trebindsverket til Tegnander, *Kongen kommer*, viser Tegnander til kva som skal skje i perioden fram til at Jesus skal kome attende. I første kapittel viser Tegnander til korleis ein argumenterte si forståing av endetida med å seie at ”Det er faktisk teologiske skoler som har forskjellig syn på dette, men vi skal bruke Guds ord og se hva som er rett,” og vidare ”Jeg kan nå etter studier av Guds ord og verdensbegivenhetene si at opprykkelsen er noe som skal skje om ikke altfor lenge”.<sup>201</sup> Dette er i grove trekk same måten Barratt, og seinare Gilbrant, brukte til å framlegge si lære. Ein såg på si eiga forståing som rett og bibelsk, og eventuelle andre forståingar som feil, ved å seie at det var ein sjølv som brukte Guds ord rett.

### 2.3.2. Teikna i tida

Tegnander og dei andre bibellærarane fann fleire teikn i tida på at Jesu gjenkome var nært føreståande. Teikna på at ein snart kan vente ein slik gjenkome, meinte ein at ein først og

<sup>197</sup> Wilson 2003, s 601

<sup>198</sup> Levi Fragell referer til Rein Seehus som ein som var ekspert i å forutsjå historiske hendingar. Fragell 2011, s 157-160

<sup>199</sup> Minos døydde i november 2014

<sup>200</sup> Tegnander 1987, 1988 & 1989

<sup>201</sup> Tegnander 1987, s 12

fremst kunne finne i det som er kalla ”Jesu eskatologiske tale” i Matteus evangelium, kapittel 24. Jesus snakkar her om krigar, jordskjelv og hungersnaud. Han snakkar også om at evangeliet skal bli forkjent for alle folkeslag før enden skal kome. I tillegg til Jesu tale i Matteus 24, vart den siste boka i Bibelen, Johannes’ openberring, tolka å omhandle hendingar som endå ikkje hadde hendt, eller var i ferd med å begynne å skje. Tegnanders andre del av trilogien, *Kongen bryter seglene*, omhandlar denne boka.<sup>202</sup> Ein supplerte læra med einskilde avsnitt frå breva til Paulus. Også ei bok frå det gamle testamente vart tolka inn i denne konteksten, nemleg Daniels bok. Leiv Holstad har mellom anna gitt ut ei bok som tolka denne boka spesielt inn i ein eskatologisk kontekst.<sup>203</sup>

Hendingar i Midtausten har blitt tolka inn i eit endetidsperspektiv, kanskje aller viktigast at Israel vart ein eigen stat for jødar i 1948 og at Jerusalem kom på jødiske hender i 1967.<sup>204</sup> Med dei mange dramatiske hendingane i Israel og Midtausten forøvrig etter 2. verdskrigen, er det ikkje overraskande at ei slik lære fekk ein langvarig blomstringsperiode. Israel sine sigrar mot sine arabarnaboar i krigar, vart sett på som guddommelege inngrep.<sup>205</sup>

Politiske hendingar på det europeiske kontinentet vart også tolka inn i ein eskatologisk samanheng. Det vart mykje snakk om ei ny verdsordning, der mange meinte at den nye fellesmarknaden i Europa, EEC eller EF, kunne representere eit gjenoppstått Romerrike, slik ein tolka Bibelens ord til å omtale.<sup>206</sup> Ein snakka gjerne om Europas sameinte statar.<sup>207</sup> Trua fekk ekstra kraft etter kvart som den europeiske marknaden såg ut til å utvide seg til å omfatte ti land. Dette tolka ein til å passe med det tihorna dyret ein kan lese om i Openberringsboka.<sup>208</sup> I pinserørsla sitt *Bibelsk tidsskrift* kunne ein lese at ”dyrets tal og merke”, som var 666 i følgje Openberringsboka i Bibelen, var kopla til dei manglande tala på strekkodane som vart meir og meir vanleg på dei fleste varene ein kunne kjøpe.<sup>209</sup> Eit anna element i denne læra var trua på Antikrist som ein konkret person som skulle stå fram i endetida, gjerne som leiar av dette gjenoppståtte Romerriket.<sup>210</sup> Mange hadde allereie gitt seg

<sup>202</sup> Tegnander 1988. Tegnander viser til verket i eit innlegg i *KS* hausten 2014, der han oppfordrar fleire til å lese openberringsboka, sidan ho ikkje er så vanskeleg og utilgjengeleg som mange trur. *KS* 19/9 2014

<sup>203</sup> Holstad 1999. Holstad er ein av dei få forkynnarane i sin generasjon som forkynner om endetida.

<sup>204</sup> Strøm 1969, s 5-17 & 30-47

<sup>205</sup> Strøm 1969, s 8

<sup>206</sup> Dahl & Rudolph 1978, s 75-78

<sup>207</sup> Kornmo 1966, s 82-98

<sup>208</sup> Op 13

<sup>209</sup> *Bibelsk tidsskrift* 27/4 1984

<sup>210</sup> Tegnander 1987, s 26-38

inn i spekulasjonar om kven denne Antikrist kunne vere. I mellomkrigstida meinte fleire at Mussolini passa godt til Bibelen si skildring av ein slik person, og også Barratt sjølv tok del i slike spekulasjonar.<sup>211</sup> Slike spekulasjonar vart det rett nok mindre av etter at dei store diktatorane vart borte etter krigen. Det vart no meir vanleg å anta at Antikrist skulle oppstå frå det nye Romerriket, men ein slik person vart sjeldan sett namn på.<sup>212</sup>

Spekulasjonar om tider og stadar var det altså mange av, og profetiar om Jesus snarlege gjenkome florerte. Samstundes gikk kalenderen nærmare år 2000 med dei eskatologiske kjensler dette vekte. Eit sitat frå Tegnander kan vere symptomatisk for forståinga av den tida ein levde i: ”Da skal alle de som er døde i troen på Kristus, og også vi (jeg tror vi trygt kan si vi), bli rykket opp i skyene for å møte Herren.”<sup>213</sup> Den aldrande Tegnander var altså viss på at han sjølv var i den sistnemnde gruppa, generasjonen som framleis ville vere i live ved Jesu gjenkome.

Det eskatologiske fokuset i pinserørsla fekk også konkrete konsekvensar for livet ein levde. Bibelen var tydeleg i oppfordringa om å vere klar når Jesus skulle kome attende, fordi han ville kome ”som ein tjuv”.<sup>214</sup> Vi skal no sjå på kva konsekvensar dette fekk og korleis ein ser på dette i dagens rørsle.

### 2.3.3. Eskatologien og konsekvensane for rørsla

Eskatologien og dispensasjonslæra prega kulturen og identiteten til rørsla. Ein såg på seg sjølv som utvalde av Gud. Ein høyrd ikkje til på jorda, det var himmelen som var det rette heimlandet. Det fekk også konsekvensar for samfunnsengasjementet. Det vart ikkje viktig å tenke på korleis verda var, sidan Jesus snart ville kome. Det handla utelukkande om sjølv å vere klar, og gjerne få med seg nokon før det var for seint. Jorda skulle evakuerast, ikkje bergast. Det viktigaste var å vere klar, for dagen ville kome som ein tjuv om natta. Hegertun understrekar at denne læra ikkje ga grunnlag for å bygge noko langsiktig, sidan ein såg på seg sjølv som gjestar på jorda, på veg mot sitt rette heimland.<sup>215</sup> Det ga seg også utslag i at dersom ein møtte motstand eller kritikk frå utanforståande, vart det tolka som ei stadfesting av det ein trudde, ein høyrd ikkje til her, ein var på veg til himmelen. Gud var med, dei andre

<sup>211</sup> Barratt 1935, s 150-159

<sup>212</sup> Gilbrant 1980, s 24-25

<sup>213</sup> Tegnander 1987, s 86

<sup>214</sup> 2 Pet 3, 10

<sup>215</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

var mot. Tida her på jorda skulle brukast på å bevare seg og sine uflekka av denne verda slik at ein kunne vere ei rein ”brud” for Kristus når han kom tilbake.<sup>216</sup>

Det som hende utanfor kyrkjelokalet, vart rekna for å vere ”larm og brak”, som Werner Skibsted skriv i det som er rekna for å vere pinserørsla sin nasjonalsong: ”Vi er et folk, et frigjort folk: I kamp mot syndens makt vi er. Vår Konge sterk og god oss leder frem imot vårt hjem, tross all stridens larm og brak.” Songen blir konkludert med det som er det endelege målet: ”Vi har et land – et fedreland der bare rettferd bor. Snart står vi på den skjønne strand og synger jubelkor.”<sup>217</sup> Sentralt i denne trua var og at tilhøva i verda skulle forverrast i den siste tida før gjenkoma. Ein såg likevel ikkje dette som noko som skulle kjempast mot, sidan det var profetert at det skulle vere slik. I staden såg ein slike tendensar som stadfestande i forhold til den trua ein hadde.<sup>218</sup>

### 2.3.4. Eskatologien i pinserørsla i dag

Dei siste åra ser vi at fokuset på endetid har vore stadig mindre i norske pinsekyrkjer. Særleg gjeld dette dei større kyrkjene i byane. Dei yngre forkynnarane har i liten grad teke opp arven med denne type forkynning. Framleis vil ei oversikt over møta i dei ulike kyrkjene sine samlingar i *KS*, vise at eskatologien framleis blir forkynt i rørsla, med titlar som ”Tegn i tiden” og ”Israel i det profetiske lys”.<sup>219</sup> Likevel finn vi slik forkynninga som regel i mindre kyrkjelydar utanfor byane. Berg inviterer til dømes til møteserie om Openberringsboka i Rakkestad i november 2014.<sup>220</sup> Innlegg i *KS* og på leiarkonferansane handlar i liten grad om eskatologi, sjølv om det kan finnast unntak. Framleis blir det gitt ut bøker med dette emnet av norske pinsevenner, sjølv om det er i mykje mindre skala enn før.

Hegertun har også registrert eit fråvær av eskatologisk forkynning i den norske pinserørsla, men han peikar samstundes på at det også handlar om ein endra endetidsforkynning: Ein snakkar om det, men omtalar det meir som det kristne håpet utan å gå i detaljar om tider, stader og teikn i tida.<sup>221</sup> Kristoffersen skildrar endetidsforkynninga som ein inspirasjon til

---

<sup>216</sup> Tegnander 1987, s 95

<sup>217</sup> *Evangelietoner: sangboken* 1979, nr 533

<sup>218</sup> *KS* 22/1 1975

<sup>219</sup> *KS* 28/3, 2/5 & 21/11 2014

<sup>220</sup> *KS* 21/11 2014

<sup>221</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

evangelisering og misjon.<sup>222</sup> Dersom ein studerer *KS*, leiarkonferansane og bokutgjevnadane dei siste åra, vil ein likevel sjå at eskatologien har mindre plass i den norske pinserørsbla enn før, som han også har i den internasjonale<sup>223</sup>. Forkynnarane eg har intervjuat, stadfestar også dette. Cox meiner å registrere det same etter å ha besøkt pinsekyrkjer på fire ulike kontinent.<sup>224</sup>

Felles for det som framleis er igjen av det eskatologiske fokuset i rørsbla, er at det i hovudsak er den eldre generasjonen av forfattarar og predikantar som står for dette. Mange av dei eldre forkynnarane held fram linja dei alltid har hatt i forhold til dette, men lite tyder på at mange i den yngre generasjonen tek opp denne arven. Andre emne har kome i fokus, og ein har, som Hegertun peikar på, blitt meir opptekne av å leve i tida og å bygge langsiktig.<sup>225</sup>

Framveksten av trusrørsbla i Noreg på 80-talet, førte også med seg ein teologi som stod for eit annleis syn på endetida. Ein skulle ikkje lenger berre vente på at Gud og kyrkja skulle regjere på jorda i tusenårsriket. Ein meinte at kyrkja og den enkelte kristne kunne regjere saman med Gud allereie no, over sjukdom, synd og omstende. Det guddommelige kongedømmet handla om her og no, ikkje ei nær eller fjern framtid.<sup>226</sup> Denne læra, som kanskje har sin mest typiske representant i mannen som har blitt kalla trusrørsbla sin far, amerikanaren Kenneth Hagin, vart gjerne kalla for framgangsteologi eller herlegdomsteologi, og hadde fleire tilhengarar, også i den norske pinserørsbla. Pinseforkynnarar var også i USA og gjekk på Hagin sin bibelskule. Det verkar likevel som om denne endetidsforståinga hadde avgrensa innverknad i pinserørsbla. Det viktigaste kan nok vere at fleire forstod at dispensasjonalismen ikkje er den einaste måten å forstå eskatologien på.

Eit motstraumselement i utviklinga har vore dei såkalla "Left behind"-bøkene og filmane som tek for seg dispensasjonalistisk eskatologi i romanform og som har blitt svært populære også i Noreg. Dette viser at dispensasjonalismen ikkje er borte, men at den meir er tema i det private rommet. *KS* tek hausten 2014 opp dette i samband med ein ny film som er laga av bøkene.

---

<sup>222</sup> *KS* 22/8 2014

<sup>223</sup> Macchia 2003, s 162

<sup>224</sup> Cox 1995, s 317-318

<sup>225</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

<sup>226</sup> McClymond 2012, s 293-312

Her blir denne læra mest framstilt som noko ein stod for tidlegare, og som i dag ikkje er like aktuelt.<sup>227</sup>

Eit parallelt fenomen til forsvinnande eskatologisk merksemd, er mangelen på forkynning om livets to utgongar.<sup>228</sup> Forkynninga i pinserørsla kan nok i det heile seiast å vere mindre prega av det alvoret som var så synleg tidlegare. Endetidsforkynninga hadde på mange måtar ein åtvarande funksjon, sjølv om det også fanst element av trøyst i bodskapen om at Jesus skulle kome tilbake. Ein teikna eit bilet av ei verd som låg stadig meir i det vonde, og kontrasten til den frelsaren som skulle kome attende, var enorm. Alvoret vart ytterlegare understreka av at ein namngav teikn i tida som var tydelege for alle, som teikn på et alvoret gjaldt her og no, ikkje ein gong i framtida.

Det tilnærma fråværet av eskatologisk forkynning i vår tid, saman med stadig mindre fokus på læra om fortapinga, har ført til at røyster som er bekymra over utviklinga har kome på banen. Etter at Andreas Hegertun, medlem av leiarrådet i rørsla, uttalte seg på ein noko uklar måte i spørsmålet om helveteslæra, vart det stilt spørsmål om ein var på gli teologisk i læra om den evige fortapinga.<sup>229</sup> Samstundes ser vi at Østby tek til orde for meir merksemd rundt eskatologien i rørsla, mellom anna med utgjevinga av boka *Bibelens profetier i dagens nyheter*.<sup>230</sup> Tegnander er også bekymra og tek til orde for at endetidsforkynninga framleis er like aktuell.<sup>231</sup>

### 2.3.5. Pinserørsla – ei eskatologisk rørsle: Oppsummert

Eskatologien har alltid vore eit av dei viktigaste kjenneteikna på pinserørsla, og ramma for den pentekostale eskatologien har vore dispensasjonalismen, der ein skjematiske teiknar opp hendingane i endetida ut frå ein fastsett kronologi. Sentralt har vore forventinga om at Jesus skal snart kome attende til jorda, og ein har difor lagt stor vekt på å tyde teikna i tida på at denne hendinga er nært føreståande. Predikantar som har hatt ei spesiell innsikt i dette, har hatt ein opphøgd posisjon i rørsla. Det var med på å skape ei kjensle av eksklusivitet, at ein var ein liten flokk på veg mot sitt rette heimland, himmelen. Dette skapte igjen ein kultur der isolasjonen mot verda utanfor vart forsterka.

<sup>227</sup> KS 10/10 2014

<sup>228</sup> Dette er ikkje spesifikt for pinserørsla, men gjeld dei fleste kristne trussamfunn.

<sup>229</sup> <http://www.dagen.no> (9)

<sup>230</sup> Østby 2014

<sup>231</sup> KS 19/9 2014

Dei seinare åra har vi sett at det er gradvis mindre eskatologisk fokus i rørsla. Denne forkynninga er i dag først og fremst knytt til enkelte forkynnurar i den eldre generasjonen. I den yngre generasjonen ser ein lite eller ingen forkynning om endetida. Enkelte av dei eldre forkynnurarane åtvarar mot denne utviklinga, og ber om at eskatologien igjen blir aktualisert i norske pinsekyrkjer.

Akkurat som eskatologien var med på å gjere pinserørsbla eksklusiv, skal vi no fokusere på det som kanskje endå meir hadde denne effekten, dei karismatiske uttrykka og spesielt tungetalen.

## **2.4. Pinserørsbla - ei tungetalande rørsle**

Eg vil i denne delen presentere korleis fenomenet tungetale vart praktisert i rørsla ved starten av perioden og korleis dette blir praktisert i rørsla i dag. Eg vil også peike på korleis dette har blitt grunngjeve teologisk og kva utslag fenomenet har fått og får i rørsla i dag. Før eg gjer det, vil eg gi eit overblikk over kva dette fenomenet går ut på og kva som var spesielt for pinserørsbla sitt syn på dette. Dette gjer eg for lettare å kunne sette fenomenet inn i rett kontekst når eg skildrar rørsla sin praksis med tungetale i 1977 og i dag.

### **2.4.1. Teologi og ulike typar tungetale**

Praksisen med tungetale, tale på eit framand språk som den som snakkar ikkje kjenner, skriv seg tilbake til det som Bibelen skildrar i Apostelgjerningane. Apostlane begynte då å snakke med framande tungemål ”etter som Anden gav dei å forkynne”.<sup>232</sup> Heilt frå starten for pinseørsbla i 1906 var dette det rørsla først og fremst vart kjend igjen på. Fenomenet har historisk også vore synleg i mange andre samanhengar, og er i dag ganske vanleg innanfor dei fleste kyrkjesamfunn. Det som gjorde pinserørsbla spesiell, var at dette vart såpass veklagt, at det vart tolka som eit sikkert endetidsteikn, og at det var ein del av ein større teologi rundt det som vart kalla dåpen i Den Heilage Ande. Eg har tidlegare vore inne på korleis helginga vart knytt til eingongsopplevinga ein kalla åndsdåpen. Synet på åndsdåp og tungetale må altså forståast med bakteppe av at pinserørsbla har vore ei helgingsrørsle. Sentralt i synet på det heilage livet, var at ein kunne kome til eit punkt der synda mista makta over enkeltmennesket. Gjennom at ein hadde ein slik helgingsoppleving, kunne ein ta imot åndsdåpen. Slik såg ein

---

<sup>232</sup> Apg 2,4

altså på tungetalen som ei stadfesting av åndsdåpen som igjen var ei stadfesting av helginga ein hadde opplevd.<sup>233</sup>

Det som på mange måtar skil pinserørsla si lære om tungetale frå andre, er at ein ser på tungetalen som det synlege beviset på at ein har opplevd åndsdåpen.<sup>234</sup> Med andre ord såg ein på tungetalegåva som noko meir enn berre ei av ni nådegåver, slik Paulus underviser det i Korintarbrevet.<sup>235</sup> Tungetale var sjølve teiknet på at du hadde opplevd åndsdåpen. Gjennom åndsdåpen kunne ein også få del i andre gåver, som profetisk gave, lækjing og så vidare, men tungetalen var teiknet på at ein var åndsdøypt.

Også dei andre karismatiske gåvene, som lækjing og profetiar har hatt ein sentral rolle i rørsla. Spesielt profetiar om endetida har vore uttalte og lytta til. Det ein oppfattar som profetiske bodskap om endetida, har vore sentrale i sjølvforståinga av seg sjølv som ei eskatologisk rørsle, slik vi har sett på. Lækjing har også vore viktig for rørsla. Sjølv om trusrørsla endå meir enn pinserørsla har hatt dette i fokus, har ein også tidvis hatt besøk av typiske lækjingspredikantar frå Amerika og andre stader.<sup>236</sup> Dei seinare åra har vi også sett framveksten av eigne lækjingstenester av amerikansk modell i Noreg, mellom anna Svein Magne Pedersen i Vennesla. Slike tenester har likevel aldri hatt ein veldig framtredande plass i den nasjonale pinserørsla.

Vanlegvis er synet på tungetale at ein kan dele det inn i tre typar, xenolalia, bønneglossolalia og profetisk glossolalia.<sup>237</sup> Den første typen er at den som talar i tunger, talar eit eksisterande språk som blir forstått av nokon som høyrer det (xenolalia). Dette kan ein lese om i Bibelen si skildring av det som skjedde på pinsedagen. Tungetalen er då ein bodskap frå Gud til ein eller fleire som høyrer på, og går utanom menneskeleg forstand. I pinserørsla sin barndom trudde ein at ein på mirakuløst vis kunne få ukjende språk i gave, og bruke dette i misjon.<sup>238</sup> Det viste seg snart at denne typen tungetale var og er svært sjeldan i pinserørsla. Han er lite dokumentert, men hevda å vere mykje rapportert frå den globale pinserørsla i misjonsarbeid.<sup>239</sup> Edvardsen viser også til nokre eksempel på at det har hendt her heime.<sup>240</sup>

---

<sup>233</sup> Williams 2003, s 358

<sup>234</sup> Spittler 2003, s 670 & 673

<sup>235</sup> 1 Kor 12

<sup>236</sup> Sjå til dømes Lie 2008a, s 3-8

<sup>237</sup> Edvardsen 1965, s 153-164 & Bergstøl 2006, s 115

<sup>238</sup> Macchia 1999, s 17

<sup>239</sup> Spittler 2003, s 675

Den andre typen er tungetalen til personleg oppbygging (bønneglossolalia). Denne blir skildra av Paulus, mellom anna i Korintarbrevet.<sup>241</sup> Formålet med denne er at ein ber til Gud og blir oppbygd, men utan at det går gjennom forstanden. Ein ser på det som at mennesket sin ande ber til Gud, som er Ande. Slik blir det kristne mennesket sitt indre oppbygd og i stand til å gjere Guds gjerning. Denne typen tungetale har vore og er vanleg både i pinsekyrkjer og i mange andre kyrkjer i dag, men er ofte lite synleg i kyrkja sine møter og gudstenester, sidan han legg vekt på det personlege gudslivet. Eit unntak er det ein gjerne kallar song i tunger, der lovsong munnar ut i ein kollektiv tungetale.<sup>242</sup> Dette har nok likevel vore meir vanleg i trusrørsla enn i pinserørsla.

Den tredje typen er den som har vore mest synleg i pinsekyrkjene historisk. Her snakkar ein om bodskap i tunger (profetisk glossolalia). Dette er ikkje ein bodskap som språkleg blir forstått av nokon, den må brukast saman med ei anna nådegåve, tydingsgåva. Vanlegvis er det ein person, det kan vere både kvinner og menn, som reiser seg opp i gudstenesta eller møtet og snakkar ord i tunger. Etterpå er det gjerne ein annan person som reiser seg opp og kjem med tydinga av bodskapen. Desse personane kunne vere kven som helst i forsamlinga, og fenomenet var ikkje berre knytt til forkynnarane eller dei mest aktive.<sup>243</sup> Svært ofte vekslar dei to mellom å snakke, det kjem nokre setningar med tungetale, som så igjen blir tyda, før tungetalaren kjem med meir.<sup>244</sup> Tydaren avsluttar gjerne etter nokre minutt, med å seie ”seier Herren”. Tydinga kan vere enten ei oppmuntring til kyrkja, eller til enkeltpersonar. Det fanst og døme på at kyrkjeframande kunne kome til kyrkjene og oppleve at tydinga var ein personleg bodskap til dei. Berg hevdar til dømes at han ofte har høyrt nyfrelste seie noko liknande.<sup>245</sup> Det kunne også førekome at tunger og tyding kom fleire gonger i same gudstenesta, med ulike personar involvert.

Det finst to forskjellige forståingar av slik offentlig tungetale. Ein kan forstå det som ein bodskap frå Gud som blir tyda som ein bodskap frå Gud. Nokre forstår det også som ein bodskap eller bønn til Gud, som må tydast som ei bøn til Gud. Petrus var den fremste som stod for dette synet, og var klar i bodskapen sin om at dersom tydinga tok form av ein

---

<sup>240</sup> Edvardsen 1965, s 154

<sup>241</sup> 1 Kor 14

<sup>242</sup> Clementsen 2014, s 127

<sup>243</sup> Dahl og Rudolph 1978, s 99-100

<sup>244</sup> Det utvikla seg etter kvart nesten ein ”liturgi” på at tungetalaren og tydaren skulle snakke tre gongar kvar før dei var ferdige. Intervju med Torsten Mentzoni 11/4 2014.

<sup>245</sup> KS 7/1 2011

bodskap, var det ikkje tyding, men ein separat profetisk bodskap, som kom på grunn av den profetiske atmosfæren som vart skapt gjennom tungetalen.<sup>246</sup> Sjølv om begge desse syna fanst i den norske pinserørsla, har det vore mest vanleg å tyde tungetalen som ein bodskap frå Gud.

#### **2.4.2. Tungetale i den norske pinserørsla**

Gjennom heile historia til den norske pinserørsla, har tungetalen vore eit lett gjenkjenneleg kjennemerke. Etter kvart var det likevel andre spørsmål som vart like viktige. Tidleg i rørsla si historie var det eit spørsmål som på mange måtar overskygga spørsmålet om tungetale, nemleg dåpsspørsmålet. Barratt sjølv stod for eit metodistisk barnedåpssyn i fleire år etter si eiga pinseoppleving. Det var etter samtalar med Petrus at Barratt vart overtydd om at det baptistiske dåpssynet var det rette. På mange måtar markerte dette synspunktet startpunktet for pinserørsla som eit eige trussamfunn, og vektlegginga av dåpen fekk også andre konsekvensar.<sup>247</sup>

Forkynninga av det baptistiske dåpssynet, førte til at fleire lutheranar vart overtydde, og mange let seg døype på nytt.<sup>248</sup> For mange var det dåpssynet som gjorde at ein sa adjø til den norske kyrkja og melde seg inn i pinsekyrkjer. Med andre ord var det like viktig, om ikkje viktigare, at ein skulle vere truande døypt som at ein skulle vere åndsdøypt. Dette står i sterk kontrast til det Barratt stod for i den første tida. Felles for mange av desse nydøypte, var at dei no var pinsevenner i dåpssyn, utan at dei hadde fått med seg heile den teologiske ”pakken” med tungetale og åndsdåp. Læra om tungene som teikn på at ein var åndsdøypt, var vanskeleg å akseptere for enkelte, medan andre sleit med å akseptere at ein ikkje fekk noko tungetaleoppleving. Ein fekk mange medlemmer i pinsekyrkjene som aldri hadde talt i tungar og som heller aldri kom til å gjere det. For mange vart dette problematisk, og dei som ikkje talte i tungar, kunne oppleve seg nærmast som andreklasses medlemmer av pinsekyrkjene.<sup>249</sup>

Utfordringar som desse førte til at teologien om tungetale vart tona ned. Sjølv om det framleis var vanleg med tungetale i dei aller fleste pinsekyrkjene, og at dette vart verdsett og oppmuntra, vart fokuset på dette mindre enn det hadde vore. Det vart ei dreiling bort frå

---

<sup>246</sup> Petrus 1984, s 136-137

<sup>247</sup> Hegertun 2009, s 69-102

<sup>248</sup> Sjå mellom anna reportasje frå Sandane i KS 22/8 1981

<sup>249</sup> Clementsen 2014, s 31

kjensler, karismatiske uttrykk og opplevingar over på lære og dogme. Det var ikkje lenger rett oppleving eller rette kjensler, men rett lære. Sentralt, som vi har sett, var eskatologien.

Trass i dette, var tungetale og tyding i pinsekyrkjene eit naturleg innslag i pinsekyrkjene på 70- og 80-talet. Den som talte i tunger, trengte som regel ikkje å be om å få ordet, det var stor aksept for at den som hadde ein tungetale, kunne reise seg opp frå plassen sin og kome med bodskapen sin. Ofte hende dette rett i etterkant av at predikanten hadde avslutta talen sin, og vart ofte tolka å vere Guds stadfesting på at predikantens sin bodskap var frå Gud. Dei eskatologiske innslaga i tydingane auka i takt med den auka eskatologiske forkynninga, og bodskapen om at Jesu gjenkome var nært forståande, var svært vanleg. Bruken av tunger og tyding i forsamlinga var gjerne knytt til enkeltpersonar i kyrkjene som hadde fått desse gåvene. Den personleg tungetalen var noko alle kunne få og bruke, medan bruken av tunger og tyding offentleg i praksis var for nokre utvalde.

Morgan Kornmo, som var ein av dei sentrale pinseleiarane på 70-talet, stadfestar at forkynninga om åndsdåp og tungetale har blitt mindre sentral enn tidlegare, og at mange ”...ikke ser betydningen og viktigheten av å strebe mot åndsdåpen”.<sup>250</sup> Delvis som ein reaksjon på denne utviklinga vaks ”Bønnnetjenesten for Norge” (BFN) fram på 90-talet, med utgangspunkt i pinserørsla. I følgje Berg, var dette ein reaksjon på det ein oppfatta som eit synkande engasjement i bønnearbeidet i pinsekyrkjene. Bønnetenesta såg både for seg å vekke bønneengasjementet opp igjen med arbeidet sitt, og skape et godt bønnemiljø i kyrkjene, men like viktig var at kyrkjene skulle bli ”dynamiske, åndelige kraftsenter” for bønn og nådegåvebruk, der menneske skulle kunne komme og oppleve Kristus.<sup>251</sup> Berg legg vekt på at det er gjennom bønn ein kan opne opp sinnet sitt for å høre Guds røyst og venne seg til å ta imot tiltale frå Gud. BFN legg altså vekt på den sterke koplinga mellom bønn og dei karismatiske gåvene.<sup>252</sup> Sjølv om Berg meiner at arbeidet med BFN har hatt ein effekt, meiner han at plassen til bønn og nådegåver framleis er for liten i pinserørsla. I ei undervisning i KS skriv han mellom anna at ”Det eneste vi mangler i menigheten er det eneste vi trenger: En sterkt fylde av Den Hellige Ånd”.<sup>253</sup>

---

<sup>250</sup> Bergstøl 2006, s 102-103

<sup>251</sup> Intervju med Jan Berg 9/4 2014

<sup>252</sup> Intervju med Jan Berg 9/4 2104

<sup>253</sup> KS 7/1 2011

### **2.4.3. Tungetale i dag**

Fokuset på tungetale som teikn på åndsdåpen og på tunger og tyding som viktige innslag i gudstenesta er nærmast borte, hevdar Rybarczyk, når han omtalar den internasjonale pinserørsla.<sup>254</sup> Eit tilfeldig besøk i ei norsk pinsekyrkje vil vise tydeleg at bruken av tunger og tyding i rørsla heller ikkje her er så framtredande som det til dømes var på 70-talet. Rybarczyk hevdar vidare at mange moderne pinsevenner ser på tungetale meir som eit relikt frå den gammaldagse pinserørsla, og emnet blir knapt nok undervist i pinsekyrkjer og karismatiske kyrkjer lenger.

Å seie at tungetale og tyding er borte i den norske rørsla, er likevel å overdrive. Men det er mindre av det, og i litt andre former. Mange kyrkjer har ønska å ha betre kontroll på det som skjer i gudstenestene, og at dei i mindre grad skal vere prega av spontanitet. Ein krev difor at den som skal kome med bodskap i tunger eller profeti, først må avklare dette med møteleiar, slik at ein kan plassere det naturleg inn i møteprogrammet.<sup>255</sup>

Endringa i praksisen med offentleg tungetale og tyding ser vi aller tydelagast i nokre av dei nye pinsekyrkjene, som seier rett ut at dei ikkje ønskjer å gje plass til offentlig tungetale, tyding og profetiar i møta og gudstenestene sine. Dette gjeld mellom anna Salt Bergenskirken, som er den største av desse.<sup>256</sup> Her har kyrkja ein klar politikk på at bruken av denne type nådegåver høyrer heime i interne samlingar og i det private rom. Det som har vore tradisjonelt dei mest gjenkjennelege trekka ved rørsla, blir altså sett på som såpass perifert, framand og irrelevant at ein ikkje gir rom for det i hovudsamlingane i enkelte kyrkjer. Utviklinga er til bekymring for fleire i rørsla, mellom dei er Arnfinn Clementsen: "...i dagens "moderne" menigheter brukas nok nådegaver for lite. Det må være rom for den type "innslag fra Himmel"."<sup>257</sup>

Den auka påverknaden frå utlandet har ført til ein litt anna bruk av nådegåver enn det som tidlegare har vore vanleg i den norske pinserørsla. Dette gjeld først og fremst bruken av personlege profetiar og personleg tiltale frå Gud. Dette har nok alltid vore eit element i rørsla, men i mindre grad enn det som er vanleg i dag. Berg fortel mellom anna kor sentrale syner

---

<sup>254</sup> Rybarczyk 2005, s 84

<sup>255</sup> Clementsen 2014, s 194

<sup>256</sup> Intervju med Øystein Gjerme 14/11 2014

<sup>257</sup> Clementsen 2014, s 196

han har fått frå Gud har vore i hans teneste.<sup>258</sup> Øyvind Valvik i Filadelfia Kristiansand fortel på LED 2014 om kor sentral Guds tiltale til han personleg har vore for strategien for vekst og innflytelse dei har hatt i kyrkja si.<sup>259</sup> Karismatiske uttrykk er i høgste grad både levande og vektlagt i rørsla i dag, men i mange kyrkjer får dette sitt viktigaste utløp gjennom lovsongen. Ein annan skilnad er at dei profetiske bodskapa og tydingane ofte hadde meir preg av eskatologi tidlegare. I dag handlar det meir om at Gud talar til den enkelte om personlege ting eller strategiar for kyrkjene. Samstundes ser vi at dette har meir preg av privatisering. Det meste av dette skjer ikkje i full offentlighet, men til den enkelte i det private rom.

Er endringa i praksisen for bruk av tungetale eit resultat av ein endra teologi på området? KS-redaktør Anne Gustavsen tek til orde for at åndsdåp med tunger som teikn framleis er noko som bør prege den norske pinseørsla og at det er viktig at det "...kan erfares av en ny generasjon".<sup>260</sup> Sentrale pinseleiarar i dag, som Jeppestøl og Gjerme, plasserer seg sjølv i ein lang tradisjon av pinsevenner som framleis trur på åndsdåpen og tunger som teikn på at ein har opplevd denne. Dei fastheld også i hovudsak koplinga mellom helging og åndsdåp ein finn hos Barratt, sjølv om dei også markerer avstand til noko av det han stod for. Gjerme hevdar mellom anna at forståinga av korleis ein kjem fram til åndsdåpen er endra, noko vi skal sjå nærmare på i neste hovuddel.<sup>261</sup>

Sjølv om koplinga mellom helging, åndsdåp og tungetale ikkje er borte, hevdar likevel Bergstøl i boka *Åndsdåp - pinseteologi gjennom hundre år* at pinseørsla har "...beveget seg bort frå sitt opphav i den metodistiskinspirerte helligetsbevegelsen, og utviklet en selvstendig åndsdåpsteologi," og vidare at "...renselsen regnes ikke lenger som nødvendig forutsetning". Han hevdar også at ein ikkje lenger ser på åndsdåpen som "inngangsporten til nådegavene".<sup>262</sup> Jeppestøl legg vekt på at mange praktiserer tungetale og andre nådegåver utan at dei definerer seg som åndsdøypte.<sup>263</sup> Synet på tungetalen som det endelege teiknet på åndsdåpen er ikkje like dominerande i den norske pinseørsla i dag. Også i ein del andre land har ein fått ulike syn på dette.<sup>264</sup> På den måten har tungetalen blitt kopla frå sin kontekst som

---

<sup>258</sup> Intervju med Jan Berg 9/4 2104

<sup>259</sup> Valvik 2014

<sup>260</sup> KS 10/10 2014

<sup>261</sup> Bergstøl 2006, s 131-134

<sup>262</sup> Bergstøl 2006, s 178-181

<sup>263</sup> Bergstøl 2006, s 115

<sup>264</sup> Spittler 2003, s 673

del av noko kjenslemessig ekstatisk. Vi kan slik konkludere med at endringa av den tungetalande rørsla i alle fall delvis er eit resultat av ein endra teologi.

#### **2.4.4. Pinserørsla – ei tungetalande rørsle: Oppsummert**

Det mest synlege teiknet på at pinserørsla var annleis enn andre vekkingsrørsler, var tungetalen. Sjølv om fenomenet også fanst i andre rørsler, var det i pinserørsla tillagt ein større betydning. Tungetalen var teiknet på at ein var åndsdøypt, som igjen var teiknet på at ein hadde eit reinsa hjarte. Tungetalen kunne visast på fleire måtar, både i det private bøneliv og i offentlege forsamlingar. I dei offentlege forsamlingar opererte tungetalen i samarbeid med tyding av tunger, og dette var eit vanleg innslag i møter og gudstenester på 70- og 80-talet. Det var vanlegvis stor fridom for kven som helst til spontant å kome med ein bodskap i tunger i møter og gudstenester.

I dag ser vi at tungetale og tyding er mindre framme i forsamlingane. Det har kome inn i meir ordna former, og enkelte stader er fenomenet borte frå dei offentlege samlingane i pinsekyrkjene. Nokre kyrkjer seier at dei ikkje ønskjer fenomenet i sine offentlege samlingar. Tungetale som eit privat bønespråk er framleis svært vanleg i rørsla, men tungetalen er ikkje lenger nødvendigvis knytt til ein kjenslemessig og ekstatisk kontekst, slik det ofte var tidlegare. Teologien på området er ikkje endra i vesentleg grad, sjølv om ein i større grad i dag ser tungetalen meir lausrive frå helginga enn ein gjorde tidlegare. Det er også vanlegare å akseptere at ein kan tale i tunger og bruke andre nådegåver utan at ein har opplevd åndsdåpen.

Eg vil no vidare ta for meg den diakonale pinserørsla. Denne delen av rørsla har ikkje hatt same preg av å vere eksklusiv som dei andre fenomena eg har skildra. For å drive diakonalt arbeid var det naudsynt å operere ute i samfunnet. Samstundes går det an å sjå også dette arbeidet som ein del av det å vere ei eskatologisk helgingsrørsle, med bakgrunn i orda frå Jesus sjølv: ”Lukkeleg er den tenaren som Herren finn i arbeid (...) når han kjem tilbake”.<sup>265</sup>

#### **2.5. Pinserørsla - ei diakonal rørsle**

I den norske pinserørsla har det sosiale engasjementet vore ein viktig del av arbeidet sidan starten. Barratt sjølv var ein markant fråhaldsmann. Han såg på all elenda som kom ut av

---

<sup>265</sup> Mat 24, 46

alkoholmisbruket, og det var mykje av bakgrunnen for at han starta bymisjonen i Kristiania. Haldninga hans til diakoni kan summerast opp i det han skriv i 1950: "Vi har det klart for oss at de åndelige spørsmål er de største, men i deres spor følger ganske naturlig de sosiale spørsmål".<sup>266</sup> Vi skal i denne delen ta for oss kva utslag dette diakonale engasjementet har fått i perioden og korleis det diakonale arbeidet har endra seg frå 1977 og fram til i dag. Eg har valt å dele inn i eit underpunkt for kvart av dei tre diakonale verksemndene som er mest kjende: Betania Alta, Ten Center og Evangeliesenteret. Eit nytt diakonalt arbeid er også i ferd med å sjå dagens lys i rørsla: arbeid mot menneskehandel. Før vi går inn i det enkelte arbeid, vil eg presentere nokre tankar og drivkrefter bak det diakonale engasjementet i pinserørsla.

Det største og mest kjende diakonale arbeid til pinserørsla er Evangeliesenteret. På 80-talet vaks dei første Evangeliesentera fram under leiinga av Lise og Ludvig Karlsen. På 90-talet vaks arbeidet kraftig, og stadig nye senter vart opna rundt om i landet. Men det fins også fleire diakonale arbeid. Alma Halse starta ein institusjon for fattige, sjuke og eldre i Alta på 1930-talet. Ten Center, ein institusjon for å hjelpe menneske med narkotikaproblem, vart starta opp av Ole Bjørn Urne på 70-talet.

Sjølv om arbeidet med Ten Center var veksande på 70-talet, og arbeidet ved Betania i Alta var betydeleg, var det røyster på denne tida som hevda at pinserørsla var for opptatt av fasadane sine og ikkje av dei vanskelegstilte i samfunnet. Toleranseterskelen må senkast, vart det hevda, og kyrkjene måtte vere opne for alle slags behov. Inni desse ønska var det Evangeliesenteret skulle kome som eit bønesvar for mange.<sup>267</sup>

Det sentrale bibelske belegget for denne typen arbeid, har vore Jesus ord om at "Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg."<sup>268</sup> Ein kan altså sjå på kvart einaste barn, kvar einaste narkoman eller kvar einaste prostituet som eit uttrykk for Jesus sjølv. Ikkje berre som ei mulighet, men også som eit ansvar. I bibelforteljinga dømer jo faktisk Jesus tilsynelatande dei som ikkje gjorde noko, til evig fortaping. I tillegg vart orda til apostelen Jakob vektlagt, om at tru utan gjerningar er ei død tru.<sup>269</sup>

---

<sup>266</sup> Gjengitt i Lian 2011, s 34

<sup>267</sup> KS 30/4 1983

<sup>268</sup> Mat 25, 40

<sup>269</sup> Miller & Yamamori 2007, s 57-65

Sjølv om rørsla på mange måtar har vore isolerte frå det politiske livet og mykje av samfunnslivet, har ein ikkje vore passiv i møte med menneske frå utstøtte grupper med store behov. Hegertun påpeikar korleis eit slikt sosialt engasjement, i tillegg til det å drive barnearbeid og ungdomsarbeid, har vore med på å gje pinserørsla eit godt namn i samfunnet. Evangeliesenterets arbeid har, mellom anna, gitt pinserørsla ”et sosialt ansikt” mot samfunnet, hevdar han.<sup>270</sup> Morgan Kornmo kalla det ”Pinsebevegelsens sosiale samvittighet.”<sup>271</sup>

Miller og Yamamori utvikla i arbeidet med boka ”Global pentecostalism” uttrykket ”progressiv pentecostals”. Kort sagt kan vi seie at kjenneteiknet på denne typen pinsekirkjer, er at dei har eit holistisk syn på mennesket, ikkje berre som eit sjeleleg eller andeleg vesen, men som eit heilskapleg menneske med ande, sjel og kropp. Med andre ord er mennesket sine fysiske behov og samfunnets sosiale behov meir vektlagde.<sup>272</sup> Heile tida har det også vore element av denne typen pinsekirkjer i den norske pinserørsla. Som Hegertun formulerer det: ”Man tok noen diakonale initiativ, riktignok ikke mange, men de som ble tatt, var desto viktigere.”<sup>273</sup>

I 1990-åra fekk det diakonale eit sterkare fokus i pinsekirkjer globalt, sjølv om det hadde vore element av dette sidan starten. Den same utviklinga ser vi i Noreg, først og fremst med den store veksten i arbeidet til Evangeliesenteret, sjølv om utviklinga nok var endå meir tydeleg i andre land. Miller og Yamamori hevdar at det fram til dette hadde vore ei overfokusering på det andelege og utanforjordiske perspektivet. Frå denne tida vaks det fram kyrkjer og organisasjonar innanfor den internasjonale pinserørsla som hadde større merksemd retta mot sosiale samfunnsproblem, som gateborn, rusproblematikk og fattigdom. Ein såg i aukande grad på verda som ein stad ein ikkje berre skulle evakuere, men ein stad ein hadde eit ansvar for å gjere betre for alle å leve i.<sup>274</sup>

### 2.5.1. Betaniastiftelsen i Alta

Arbeidet ved Betaniastiftelsen i Alta vart starta av sunnmøringen Alma Halse på 1930-talet. Det starta med ein barneheim, men vart etter kvart utvida til å inkludere pleieheim for eldre og institusjon for psykiske pasientar. Arbeidet var i stor grad basert på frivilleg arbeid, og folk

<sup>270</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

<sup>271</sup> Karlsen, Karlsen & Øverbye 1991, s 187

<sup>272</sup> Miller & Yamamori 2007, s 2

<sup>273</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

<sup>274</sup> Miller & Yamamori 2007, s 21-30

kom frå heile landet for å bidra i arbeidet i Alta. Halse døydde i 1969, og med dei nye vedtektena for helseinstitusjonane som kom på 70-talet, kunne ein ikkje drive som før. Betania vart øyremerkt som ein psykiatrisk sjukeheim og måtte innrette seg etter den nye lova om psykisk helsevern. Arbeidet vart vidareført i samarbeid med det offentlege.<sup>275</sup>

Arbeidet i Alta har i dag liten merksemd i pinserørsla. Eg har ikkje registrert ein einaste artikkel om arbeidet i *KS* i 2014, og arbeidet vart heller ikkje gitt merksemd på LED 2014, der dei andre diakonale arbeida i rørsla vart omtala. På heimesidene til Betania Alta, profilerer ein seg som eit arbeid bygd på ”det kristne verdigrunnlaget” og at ”eierskapet er forankret i pinsebevegelsen”.<sup>276</sup> Det er elles ikkje noko som gir grunn til å tru at arbeidet her skil seg frå kristne diakonale arbeid i andre trussamfunn. Av denne grunnen ser eg ikkje grunn til å gå veldig djupt inn i arbeidet i denne oppgåva.

Rune Lian har skrive ei masteroppgåve kor han tek for seg det diakonale arbeidet innanfor pinserørsla. Her tek han for seg dei ulike institusjonane. Mellom dei er stiftelsen Betania Alta. Han skriv mellom anna at ”Selv om institusjonen framstår som et diakonalt arbeid og hviler på et kristent verdigrunnlag er det ikke lett å finne igjen pinsebevegelsens egenart (...) Betania Alta har omfavnet de muligheter som samarbeidet med staten åpner for, men har i den prosessen mistet noe av sin pentekostale egenart.”<sup>277</sup> Den endra profilen blir i hovudsak grunngjeve med tilpassing til ei ny tid med nye lover. Dersom ein ser på utviklinga ved Betania Alta i eit kulturmøteperspektiv, kan ein ut frå det Lian har observert, seie at den pentekostale kulturen og identiteten ved Betania har blitt borte i møte med kulturen i den statleg styrte diakonien.

### **2.5.2. Ten Center**

I 1977 var Ten Center det mest omtalte diakonale arbeidet i pinserørsla. Arbeidet vart starta av Ole Bjørn Urne i 1971 og hadde tilhald i Oslo sentrum. Arbeidet vart knytt opp mot eit liknande arbeid, ”Teen challenge” i New York og tok mål av seg til å hjelpe rusavhengige til eit nytt liv.<sup>278</sup> Metodane var ikkje utprega rusfagleg fundamenterte, ein snakka om ”Den Hellige Ånds terapi” og ”Jesusfaktoren”. Skepsisen til det fagfunderte og profesjonelle var

---

<sup>275</sup> Tangstad 1987, s 24-25, 50-57 & 97-99

<sup>276</sup> <http://www.betania-alta.no> (10)

<sup>277</sup> Lian 2011, s 37-38

<sup>278</sup> *KS* 8/9 1979

tydeleg. Urne skildra behandlinga på Ten Center som ”Det er å gi seg helt over til Guds vilje med sitt liv”.<sup>279</sup> Holstad utdjupar: ”Der handla det om å studere Bibelen, om å møte Jesus og bli fylt med Den Hellige Ånd”.<sup>280</sup> Tegnander skriv om ”Jesusfaktoren” i rusbehandlinga i *KS* i 1980. Han skildrar denne som ”...den kristne omvendelsesfaktor, som har med en indre forløsning å gjøre, en personlighetsendring gjennom en ny fødsel.”<sup>281</sup>

*KS* var på andre halvdel av 70-talet og første halvdel av 80-talet full av artiklar og oppslag om Ten Center sitt arbeid. Særleg handla det om stadige utvidingar av verksemda, men og om relasjonen mellom Ten Center og det offentlege. Ten Center opna etter kvart fleire senter også utanfor Oslo, mellom anna eit jentesenter i Rakkestad og senter på Nannestad, Kongsberg og i Haugesund.<sup>282</sup> Arbeidet med Ten Center opplevde både stor støtte frå det offentlege, med økonomiske bidrag både i Oslo og i Stavanger, men også motstand, mellom anna med skuldingar om at ein ville kurere homofile.<sup>283</sup> Ten Center var opptekne av å både drive førebyggande og rehabiliterande arbeid. Skulebesøk var noko av det ein la aller mest vekt på, og ein åtvara ungdomane mot ”det første blåset” som i verste fall kunne føre ein ut i narkotikamisbruk. Sentral i dette arbeidet var nordlendingen Leiv Holstad, som seinare skulle vidareføre dette arbeidet gjennom Marita-stiftelsen.<sup>284</sup>

Ten Center begynte som ein del av pinserørsla sitt arbeid, men kom etter kvart til å definere seg utanfor rørsla. Teologisk var Urne og medarbeidarane hans inspirert av ein del amerikanske forkynnalar som var etter kvart skulle finne plassen i den gryande trusrørsla, og som ikkje i alle delar vart like godt motteke i pinserørsla. Urne var dessutan knytt til arbeidet i Sarons Dal, og brotet mellom Edvardsen og pinserørsla fekk konsekvensar for Urne sitt syn på rørsla. I 1986 braut Ten Center med pinserørsla.<sup>285</sup> Ein del av arbeidet til Ten Center vart likevel vidareført i rørsla gjennom Holstad og Marita-stiftelsen.

---

<sup>279</sup> Urne 1976, s 75

<sup>280</sup> Holstad 2014

<sup>281</sup> *KS* 16/2 1980

<sup>282</sup> Nilsen 1981, s 340, 349 & 363

<sup>283</sup> *KS* 9/9 1981

<sup>284</sup> *KS* 20/1 1984. Marita-stiftelsen vart starta av Holstad, som var ein av dei som vart omvendt gjennom arbeidet til Ten Center. Arbeidet profilerer seg som tverrkirkjelag og eg reknar det difor ikkje som eit diakonalt arbeid i pinserørsla.

<sup>285</sup> Lie 2008b, s 137-141

### **2.5.3. Evangeliesenteret**

Etter at Ten Center forsvann ut av rørsla, vart det meste av pinserørsbla sitt diakonale arbeid samla i det som vart kalla Pinsevennenes Evangeliesenter. Evangeliesenteret vart starta av den tidlegare alkoholikaren Ludvig Karlsen saman med kona Lise. Det starta som eit lite arbeid heime i garasjen på Nøtterøy, men utvikla seg til å omfatte eit titals senter rundt om i landet, etter kvart med millionomsetning og betydeleg statsstøtte. Arbeidet bygde på mange av dei same prinsippa som Ten Center, med "Den hellige Ånds terapi" og "Jesusfaktoren". Ein var raske til å gi rehabiliterete ansvar i arbeidet, til å jobbe ved sentera som miljøarbeidarar eller kokkar og sjåførar, og til å hjelpe dei stadig nye rusavhengige som kom inn på sentera. Ein hadde ein enkel bodskap om Jesus som set fri. Resultata var overveldande. Hundrevis og etter kvart tusenvis kunne vitne om at dei hadde prøvd det meste for å bli fri frå rus, men berre Jesus kunne setje verkeleg fri.<sup>286</sup>

Behandlinga ved Evangeliesentera handla og handlar om å få ein ny identitet. Ein skulle ikkje "lappe" eller reparere på det gamle eller prøve å betre seg. Ein brukte Bibelen sine ord om å miste livet for å finne det<sup>287</sup>, og "Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning".<sup>288</sup> Stilen og forkynninga ved senteret kan karakteriserast som relativt konservativ, med fokus på synd, omvending og nåde, og med bruk av ein lite moderne musikkstil. Brukarane på senteret omgav seg med ein entusiasme og ei begeistring som mange opplevde at pinserørsbla hadde mangla. Begeistringa over dei mange vitnesbyrda var stor, og pinsevenner ga viljug til arbeidet. Arbeidet vaks og stadig fleire senter vart opna. Forteljingane om økonomiske mirakel florerte. Toppen var nådd i 1993, då ein kjøpte den enorme eigedomen Østerbo i Østfold, som framleis er hovudsenteret for Evangeliesentret.

Den raske veksten skapte også utfordringar. Den sekulære dagspressa avslørte det dei meinte var samanblanding mellom senteret sin økonomi og privat økonomi.<sup>289</sup> Enkelte av sentera sleit økonomisk og måtte leggast ned. Ein omstrukturerte og valde å ha større og færre senter, som var kostnadssparande. Etter kvart kom nye folk inn i senterleiinga, og ein fekk skikk på økonomien og fann ein berekraftig struktur på organisasjonen. I dag framstår

---

<sup>286</sup> Karlsen & Granly 1986

<sup>287</sup> Mat 16,25

<sup>288</sup> 2 Kor 5,17

<sup>289</sup> <http://www.dagbladet.no> (11)

Evangeliesenteret som ei oppdatert og oppegåande verksemd, skal ein tru dagens leiar Trond Eriksen.<sup>290</sup>

Eriksen legg vekt på at Evangeliesenteret skal vere til å kjenne igjen. Visjonen, omsorga og den diakonale tanken ligg fast. Arbeidet skal vere lett tilgjengelig, ikkje vanskeleg å forstå, men vere så lempeleg og lett som mogleg. Sjølve rehabiliteringa av dei rusavhengige er ikkje veldig annleis enn for tretti år sidan, hevdar han. Brukarane må sjåast på som ressursar og ikkje belastningar. Evangeliet er framleis hovudelementet i behandlinga, sjølv om ein kan bruke andre ord. I staden for å snakke om Den Heilage Andes terapi, brukar ein fagord som kognitiv terpi og løysingsorientering. I staden for å snakke om nye skapningar, slik som Bibelen gjer, snakkar ein om ein ny identitet.

Sjølv om ein held fast på ein evangelisk fundamentering av rehabiliteringsarbeidet, har ein også i større grad opna opp for LAR (legemiddelassistert rehabilitering), og ein har eit eige senter for pasientar under ei slik behandling.<sup>291</sup> Arbeidet vart initiert i 2011, fordi ”Vi kjenner en klar tiltale på å åpne for et slikt tilbud”. Dette blir begrunna med ”...henvendelser fra fortvilte pårørende og LAR-brukere som ønsker å komme et sted hvor de kan trappe ned i trygge og fredfulle omgivelser.”<sup>292</sup>

Eriksen framhevar dei auka krava frå det offentlege som den største endringa frå starten til i dag. Ein har fått inn meir fagkompetanse, som eit svar på slike krav. Ein har tatt i bruk fagterminologi ein kan implementere utan å gå på kompromiss med bodskapen. Ikkje minst med tanke på at Evangeliesenteret får såpass stor statsstøtte, må ein kunne vise til at drifta er profesjonell. Ein har også fått inn meir fagutdanna personell i rehabiliteringa enn det som var tilfelle før. Samstundes er mykje av arbeidet framleis bygd på innsatsen til dei tidlegare rusavhengige. Eriksen fortel at ein i dag har ei fordeling på omtrent 50/50 i forhold til kven som er fagfolk i arbeidet. Han vil heller ikkje kalla tidlegare rusmisbrukarar for ufaglærte, sidan dei har ein kompetanse ein ikkje kan lære seg på ein skule. Ingen har så mykje uformell kompetanse og realkompetanse som dei, hevdar han.

---

<sup>290</sup> Intervju med Trond Eriksen 23/7 2014

<sup>291</sup> KS 31/10 2014

<sup>292</sup> *Ennå er det håp*, mars 2011

Eriksen peikar også på at ein har valt å ikkje vere heilt avhengige av staten, slik at ein kan bevare fridomen til å drive som ein ønskjer. Framleis er dei økonomiske bidraga frå dei enkelte pinsekyrkjene og dei enkelte pinsevennane naudsynt for å drive arbeidet på Evangeliesenteret.

Noko av det viktigaste i utviklinga av senteret, er at ein tek ansvar, ikkje berre for sjølve rehabiliteringa, men og for livet etterpå. Ein har difor starta både vidaregåande skule og bibelskule. Ei av dei tradisjonelt største utfordingane i senteret sitt arbeid har vore at vidareføring av rusfrie tilbake til samfunnet via dei lokale pinsekyrkjene ofte fungerte dårlig. Slik mangla mange av dei rehabiliterete eit kristent nettverk, og mange klarte ikkje å halde seg rusfri. Ved at ein har bygd nye nettverk mot kyrkjene er dette i ferd med å endre seg, sjølv om det framleis finst utfordringar her. Ei av dei største er pinsekyrkjer som ikkje har eit avklart standpunkt til alkohol, noko som kan opplevast problematisk for menneske som har gått gjennom rusrehabilitering.<sup>293</sup>

Eriksen meiner Evangeliesenterets funksjon er å "...strekke pinsemenigheten mot mennesker som ikke klarer det, mot mennesker som har svakheter og som har behov." Det ligg samstundes ein kime til uro hos leiaren for Evangeliesenteret. Mange av dei nystarta kyrkjene i pinserørsbla profilerer seg eksplisitt som kyrkjer for det moderne mennesket. Dette kan fort bli tolka som å vere kyrkjer for det velutdanna og vellykka mennesket, og slik vere med å ekskludere dei same menneska Evangeliesenteret prøver å inkludere.<sup>294</sup>

#### **2.5.4. Arbeid mot menneskehandel**

Eit endra samfunn skaper også nye diakonale behov. Dei siste åra har eit nytt arbeid vakse fram i kyrkjer i pinserørsbla, med sentrum i dei nye kyrkjene Intro i Sandnes og Salt Bergenskirken i Bergen. Kyrkjene her har sett fokus på menneskehandelen som gjer at tusenvis av kvinner blir tvinga til å trekke på gatene rundt i Europa. Målet har vore å inspirere, bevisstgjere og spreie kunnskap, og markeringar under motto som "Frihet" og "Stopp slaveriet" har vorte haldne i fleire byar. I 2014 vart ei slik også halden på Karl Johan i Oslo.<sup>295</sup> Bodskapen har vore at ein som kyrkje lokalt kan vere ein ressurs og støtte krisesenter

---

<sup>293</sup> Intervju med Trond Eriksen 23/7 2014

<sup>294</sup> Intervju med Trond Eriksen 23/7 2014

<sup>295</sup> KS 29/8 2014

og politi i arbeidet med å få prostituerte bort frå gatene. Kjøp av valdsalarmar for prostituerde er eit av tiltaka som har blitt gjennomført.<sup>296</sup>

### **2.5.5. Pinserørsla – ei diakonal rørsle: Oppsummert**

Det diakonale engasjementet har vore og er stort i pinserørsla. Sjølv om også dette arbeidet har endra seg i takt med nye krav i tida, ligg fundamentet av omsorg for dei fattige og utslitte framleis i botnen. Nokre arbeid har blitt lagt ned, andre har blitt starta opp, men utgangspunktet er at ein ønskjer å hjelpe menneske som har falle utanfor på ein eller annan måte. Evangeliesenteret framstår i dag på mange måtar som ein kontinuitetsberar og eit konserverande element i pinserørsla, sjølv om ein også her har sett endringar. Endringane dei siste åra handlar i hovudsak om omgropa ein brukar, og strukturelle endringar som krav frå myndighetene. Ein har også i større grad tatt ansvar for å bringe dei rehabiliterete tilbake til samfunnet ved å starte vidaregåande skule og bibelskule, og arbeidd for tettare samarbeid med lokale kyrkjer rundt om i landet, for å lette tilbakevendinga til samfunnet.

Dei siste åra har det også vakse fram eit arbeid mot menneskehandel i rørsle. Arbeidet har mellom anna halde markeringar i dei store byane, og driv arbeid for å hjelpe prostituerde og drive opplysning og informasjon om dette problemet. LED 2014 viser at rørsla ønskjer å ha eit spesielt fokus på det diakonale arbeidet i denne tida.

### **2.6. Ei endra pinserørsla - oppsummert**

Pinserørsla har gjennomgått betydelege endringar innanfor alle dei områda eg har studert, frå 1977 til i dag, først og fremst kulturelle, men også teologiske. Ein har i stor grad gått frå å vere ein motkultur til å bli ein medkultur. Den pentekostale identitet som i stor grad vart definert ut frå at ein var framande og ukjende i verda, i kontrast mot motstanden ein opplevde frå verda omkring, har ikkje lenger ein slik definisjon og forståing i rørsla. Ei homogen, fundamentalistisk forståing av Bibelens ord og sin eigen eksistens, er i dag bytt ut med ein større heterogenitet både i teologi og uttrykk.

Fokuset på rørsla som ei helgingsrørsle, og på å forkynne eit heilag liv og ein heilag livsførsel, er nærmast borte. Diskusjonen om kva slags kulturuttrykk som er gangbare og kva

---

<sup>296</sup> KS 18/3 2014 & Krogdal & Gjerme 2014

som ikkje er det, er i svært liten grad opplevd som verdifull og relevant i dag. Rørsla har tatt i bruk det meste som er av slike uttrykk og metodar i sitt arbeid, anten det er dans, film, moderne musikk eller data. Rørsla er i dag meir opptekne av kva slags uttrykk og metodar som kommuniserer best i det samfunnet ein er kalla til å leve i og til å nå med bodskapen sin. Trua på verda som farleg, i det vonde og fortapt er bytt ut med eit fokus på ei verd ein skal delta i, elske og påverke. Ein har forkasta mange av dei gamle reglane og kodane ein opplevde som irrelevante og hemmende for utvikling. Forholdet til sekulære media er og eit anna og meir ope, sjølv om ein framleis ikkje ser at pinserørsla er synleg her i særleg grad, med unntak av TV-pastor Svartdahl. Det same kan ein seie om rørsla sitt forhold til politisk verksemd, sjølv om ein gjennom heile perioden har hatt politiske folkevalde i rørsla.

Fokuset på nådegåver og tungetale er også mykje mindre enn det tradisjonelt har vore i pinserørsla. Leiarar i rørsla uttaler no konkret at bruken av tunger og tyding høyrer til i dei interne samlingane og i det private rommet. Den eskatologiske forkynninga er i stor grad også borte, og stort sett heldt i hevd av nokre få, eldre forkynnurar utanfor dei større byane. Pinserørsla har eit meir notidig fokus enn det som har vore vanleg før. Det handlar om å vere til stades i kyrkja og i verda og at ein er kalla til å tene Gud her og no, på skular, arbeidsplassar og i samfunnet generelt.

Endringane vi ser gjeld ikkje alle kyrkjene i rørsla. I ei kongregasjonalistisk rørsle har den enkelte kyrkja fridom til å stake ut sin eigen kurs. Enkelte kyrkjer, spesielt i distrikta, har i mindre grad gjennomgått slike endringsprosessar som kyrkjene i byane. Her finn vi i større grad at den gamle praksisen med tunger og tyding, eskatologisk forkynning og eldre songar framleis gjeld. Det same er også vanleg i Evangeliesenteret.

På mange måtar er Evangeliesenteret den viktigaste representanten for at utviklinga ikkje går like fort alle stader. Det framstår på mange måtar som eit konserverande element. På Evangeliesenteret har ein på mange måtar beheldt den typiske pinsekulturen med karismatiske uttrykk, glødande vitnesbyrd og ein konservativ musikkstil. Men også dette er i endring, delvis på grunn av eit påtrykk frå samfunnet rundt om meir profesjonalitet. Det er likevel interessant i den neste delen å undersøke kvifor senteret ikkje har utvikla seg på same måte som resten av rørsla.

I den neste hovuddelen vil eg forsøke å finne truverdige forklaringar på dei endringane vi har sett. Eg vil fokusere både på møte mellom kulturar og kulturelle strøymingar, både gjennom dei indre prosessane i rørsla og på den generelle samfunnsutviklinga, med sekulariseringa som det mest sentrale elementet.

### **3. Rørsla og samfunnet – forklaringar på endringane i pinserørsbla**

#### **3.1. Kulturmøte som perspektiv**

Eg vil i denne delen presentere moglege forklaringar på kvifor pinserørsbla har gjennomgått såpass store endringar i perioden frå 1977 fram til i dag. Sjølv om ein framleis kan finne markerte spor av den gamle rørsla, der fokus på eskatologi og kampen mot verdsleggjering var umiskjennelege kjenneteikn, har stadig fleire kyrkjer fått ein markert annleis kultur og andre verdiar. Eg vil på dei neste sidene forsøke å setje saman forklaringar som kan forklare desse endringane.

Kulturmøteperspektivet er utgangspunktet. Eg vil vise at endringane i stor grad er resultat av kulturmøte eller møte mellom kulturstrøymingar. Eg vil skildre dette som i hovudsak to møte. Det første møtet er mellom ulike grupper og kulturelle strøymingar innetter i rørsla, først og fremst mellom ei ulike generasjonane. Eg har i den første hovuddelen peika på at utviklinga har vist at kulturen i pinserørsbla har endra seg markant på fleire område. Medan rørsla tidlegare fokuserte på kampen mot verdsleggjering, og ikkje så tydeleg på å bygge heilskapleg og langsiktig, sidan ein forventa Jesu gjenkome så snart, har ein etter kvart fått meir merksemd retta mot å bygge ein meir heilskapleg vekstkultur med eit meir langsiktig fokus. Nye leiarar definerer tydelege verdiar og kva slags kultur ein ønskjer i kyrkjene.<sup>297</sup>

Som eg viste tidlegare er eit sentralt element i kulturutviklinga eller kulturendringa korleis spelerommet er i forhold til den enkelte sine frie val, og om eventuelt ein slik opplevd mangel på fridom dermed kan ha tvinga fram endringar, som ein reaksjon på dette. Sett frå dagens ståstad, kan det sjå ut til at pinserørsbla slik ho framstod i 1977, ikkje gav stort rom for den individuelle fridomen. Ein stor grad av konformitet var forventa. Maktstrukturane var uformelle, men samstundes reelle. Ein legitimerte standpunkt sine ut frå ei bokstaveleg bibelforståing. Samstundes må ein ta vår eiga hermeneutiske forståing til grunn. Vi tolkar fortida ut frå dagens røynd. Det er slett ikkje sikkert mangelen på personleg fridom vart opplevd slik for den enkelte pinsevenn på den tida. Likevel har vi sett fleire eksempel på at spesielt den yngre generasjonen opplevde fridomen som avgrensa og tidvis fråverande. Dette vil også vere sentralt i dei forklaringane eg kjem inn på.

---

<sup>297</sup> Svartdahl 2014a, s 89-90

Det andre kulturmøtet er møtet mellom pinserørsla og det sekulære samfunn. I større grad kan ein her snakke om to ulike kulturar, spesielt med tanke på starten av perioden eg omtalar. I 1977 var pinserørsla relativt isolert frå det sekulære samfunnet, og i avgrensa grad kunne ein snakke om møte mellom dei to kulturane. Det handla meir om å ta avstand og å halde avstand. Dette kulturmøtet har såleis blitt meir aktuelt ettersom rørsla har opna seg meir opp for å møte den rådande kulturen i samfunnet. Dette møtet har i aukande grad blitt prega av eit ønske om gjensidig samspel. Sidan sekulariseringa er det fremste kjenneteiknet på relasjonen mellom samfunn og religion i vår tid, vil eg starte med ei oversikt over kva sekularisering er, og etter kvart sjå på kva måte ho er relevant for å forstå utviklinga i pinserørsla. I denne delen vil eg ty til folk som Taylor, Cox, Berger og Dobbelaere, samt nokre fleire som har skrive om fenomenet sekularisering.

Pinserørsla har ikkje eksistert i eit vakuum i samfunnet. Samstundes som samfunnet endrar seg, endrar også dei religiøse samfunna seg. Dei enorme samfunnsendringane vi har sett dei siste åra, har også prega pinserørsla. Samfunnsendringane dei siste førti åra har vore betydelege på dei fleste område, og det ville vore underleg om ikkje også pinserørsla skulle endre seg. Likevel vil eg peike på at rørsla har endra seg i takt med samfunnsutviklinga i mykje større grad enn rørsla har gjort tidlegare. Eg vil vise at forklaringane som har med samspelet mellom rørsla og samfunnet å gjere, har verka saman med den interne utviklinga i rørsla i ein slik endringsprosess.

Eg vil i dei fleste av hovudpunktene dele inn forklaringane til endringane i to typar, interne og eksterne, indre og ytre. Dette vil vere forklaringar av ulik type, både motivforklaringar, funksjonsforklaringar og reine årsaksforklaringar. I delen om den diakonale rørsla vil eg bruke ei anna inndeling, av føremålstenlege grunnar. Dei interne forklaringane kan vere hendingar og haldningar innanfor rørsla som på lang eller kort sikt kan ha framprovosert endringar. Det kan handle om brot og reaksjonar i forhold til tidlegare liv og lære, eller om ei naturleg utvikling. Dei eksterne forklaringane vil bygge på endringar i samfunnet rundt rørsla, og på kva måte desse har påverka haldningane og praksis til pinsevennene og pinserørsla. Sekularisering, og ulike konsekvensar av denne, vil vere det mest sentrale innhaldet i desse eksterne forklaringane. Eg vil difor først presentere nokre av elementa i samfunnsutviklinga som blir knytte til fenomenet sekularisering. Deretter vil eg presentere dei ulike forklaringane på endringane eg har funne i forhold til dei fire hovudområda: pinserørsla som helgingsrørsle, eskatologisk rørsle, tungetalande rørsle og diakonal rørsle.

### **3.2. Sekularisering som utgangspunkt for forklaringar**

Eg vil i denne delen først seie noko generelt om kva sekularisering er, for så i fleire underpunkt presentere ulike sider av sekulariseringsfenomenet. Når ein snakkar om eit møte med det norske samfunnet i dag, og spesielt religionen sin plass i dette samfunnet, er det umogleg å kome utanom sekulariseringa som det mest sentrale elementet. Det offentlege rommet har utvilsamt vorte meir og meir prega av sekulært tankegods, og det har blitt hevdat at sekulariseringa i media og offentlig debatt ”synes total”.<sup>298</sup> Enkelte framstiller Noreg i dag som eit av dei mest sekulariserte samfunna som har eksistert.<sup>299</sup>

Sekularisering blir gjerne generelt definert som ”verdsleggjering”.<sup>300</sup> Cox definerer det som ”....the loosing of the world from religious and quasi-religious understandings of itself, the dispelling of all closed world views, the breaking of all supernatural myths and sacred symbols.”<sup>301</sup> Sekularisering er heller ikkje ein eintydig prosess, men kan vere motstridande: ”...involving a number of reversals and simultaneous but contradictory developments at different levels of a single society” som Fenn formulerer det.<sup>302</sup> Cox vektlegg også at ein ikkje kan snakke om sekularisering som eit einskild fenomen, men om ”secularies”, som fleire fenomen som framstår på ulike måtar i ulike kontekstar. Denne oppfatninga finn vi også hos Bangstad: ”...fenomenet er (...) sammensatt og avhengig av samfunnsmessig kontekst”.<sup>303</sup> Det er altså ikkje eintydig kva som ligg i forståinga av omgrepet. Sekularisering har gått føre seg over mange hundre år, til og med at forteljingane frå Det gamle testamente for tusenvis av år sidan, blir framheva som døme på sekularisering.<sup>304</sup> Denne utviklinga har intensivert seg frå reformasjonen, via opplysningsstida til moderne tid.

Det er relativt stor semje om at røtene til sekularisering ligg i den protestantiske kristendomsforståinga,<sup>305</sup> og Luthers toregimentslære er eit godt døme på dette, der han skilte verda inn i ei andeleg og ei verdsleg sfære.<sup>306</sup> Samsundes har den kristne kyrkja i mange høve vore ein sterk motstandar av sekularisering, og Bangstad hevdar at knytinga mellom

---

<sup>298</sup> Håland Matlary 2013, s 84

<sup>299</sup> Solheim 2013, s 118

<sup>300</sup> Aadnanes 1988, s 19

<sup>301</sup> Cox 2013, s 2

<sup>302</sup> Fenn 1978, s 29

<sup>303</sup> Cox 2013, s xxviii og Bangstad 2009, s 48

<sup>304</sup> Cox skildrar både skapingsforteljingane, utforda frå Egypt og dei ti boda som eksempel på dette. Mellom anna er Farao si makt som verdleg herskar i kontrast til Moses som religiøs leiar. Cox 2013, s 26-45. Sjå også Dobbelaere 2002, s 36

<sup>305</sup> Mellom dei som forfektar eit slikt syn er Taylor, Berger & Cox.

<sup>306</sup> Henriksen & Christoffersen 2010, s 49-54

sekularisering og kristen tradisjon er overdriven og ei undervurdering av kampen mot kyrkja for å oppnå den sekulære staten.<sup>307</sup> I det sekulære samfunnet er religionens plass kraftig forskyve og redusert. Cox definerer religionen i det sekulære samfunn som ein hobby eller ein identifikasjon. For stadig færre er religionen det overordna systemet for verdiar og forklaringar.<sup>308</sup>

Det har lenge blitt hevdat at sekularisering heng saman med modernisme, og at desse to fenomena går hand i hand. Til ein viss grad er dette også påviseleg. Taylor viser til korleis religionen har endra seg i ein moderne kontekst, og korleis dette heng saman med sekularisering. Det mystiske og uforståelige i religionen har måtte vike plass for det systematiske, det handgripelege og det forståelege. Gud blir redusert til ein tilskodar og til slutt dommar.<sup>309</sup> I den seinare tida har mange likevel måtte tenke på nytt omkring dette. Mellom dei mest kjende er Habermas.<sup>310</sup> I dag ser vi at Europa er meir eit unntak enn ein regel i ei slik utvikling, der ein ser sekularisering og modernisering som parallelle fenomen. Medan dei to fenomena her har gått hand i hand, ser vi mellom anna i USA at moderniseringa av samfunnet har ført til ein auka aktivitet innanfor religiøs verksemrd. På verdsbasis ser vi at religion går fram på dei fleste kontinent, og at det er pinsekristendom som leier an. Cox skildrar dette som ei rørsle som alltid har vore moderne. Dette viser at modernismen slett ikkje utelukkar religion.<sup>311</sup>

Cox skil mellom sekularisering og sekularisme, og forklarer han med at medan sekularisering er ein prosess, vil sekularisme skildre ein ideologi der ei total sekularisering av samfunnet er det ønska resultatet. Cox hevdar at medan ein kan finne kristne røter for sekularisering, fungerer sekularismen meir som ein ny religion, der måla er ei total töming av religion frå alt offentleg liv, "...it menaces the openness and freedom secularization has produced," hevdar Cox, og vidare "Secularism short-circuits the secular revolution by freezing it into a new world view."<sup>312</sup> I denne delen vil eg i hovudsak halde meg til sekularisering som ein prosess meir enn sekularisme som ein ideologi.

---

<sup>307</sup> Bangstad 2009, s 30

<sup>308</sup> Cox 2013, s 4

<sup>309</sup> Taylor 2007, s 221-224

<sup>310</sup> Habermas 2006

<sup>311</sup> Cox 2013, s xxvii

<sup>312</sup> Cox 2013, s 25-26 & 103

Eg vil no presentere ulike sider av sekularisering og kva konsekvensar denne får. Dette er ikkje å rekne som ei fullstendig oversikt over kva sekularisering er, noko det også råder stor usemje om. Dei sidene eg vil trekke fram her, er likevel sentrale hos fleire sekulariseringsteoretikarar som Taylor, Dobbelaere og Berger, samstundes som eg opplever at dei har relevans til temaet og problemstillinga. Eg vil skilje mellom fem slike teikn på sekularisering, i hovudsak bygd på teoriane til dei nemnte forskarane. I det sjette punktet vil eg seie litt om korleis leiarar i den norske pinserørsla sjølv tenker rundt sekularisering som fenomen. Eg vil også dra inn nokre andre teoretikarar som har forska på sekularisering, som Cox og Bellah, samt pentekostale teologar som Yong, for å knytte sekulariseringsteoriane og den pentekostale røynda saman. Dei fem sidene av sekularisering er: marknadsgjeringa av religion, det som Taylor kallar "the age of authencity", svekking av religiøs autoritet, privatisering av religion og organisasjonell sekularisering.

### **3.2.1. Sekularisering som marknadsgjering**

Taylors hovudverk *A Secular Age* har blitt hylla som ein milepåle i forståinga av sekulariseringsfenomenet i vår tid. Enkelt sagt skil han her mellom tre typar eller forståingar av sekularisering. Taylors første type av sekularisering er det han kallar ei tømming av det offentlege rom for religiøst innhald og religiøse symbol. Den andre typen er ein nedgang i religiøs tru og praksis hos folk flest. Den tredje tydinga er, etter Taylors inndeling, at religiøs tru er blitt eit av mange alternativ i ein livssynsmarknad, i motsetning til tidlegare tider, der kristendommen var nærmast einerådande som livsforståing i vår del av verda.<sup>313</sup> Det er først og fremst Taylors tredje type sekularisering eg opplever som relevant og som eg vil anvende i analysen min om pinserørsla. Det er også denne typen Taylor brukar mest plass på å utdjupe.

Det meste av Taylors framstilling i *A secular age* handlar om å forklare kvifor den kristne gudstrua, som var så sjølvsagt for 500 år sidan, er så utfordra som ho er i dag, kor vi ser ein "fundamental contestability (...) to belief."<sup>314</sup> Samfunnet har blitt pluralisert, det finst mange livssynsalternativ, både religiøse og ikkje-religiøse. Ein konsekvens er den religiøse "supermarknaden", der ein definerer sin eigen religion utan at ein legg spesiell vekt på kva for ein religion eller tradisjon dei ulike dogma eller uttrykka stammar frå. Den tradisjonelle kristendommen er berre eitt av ei mengde religiøse alternativ for den truande. Taylor snakkar

---

<sup>313</sup> Taylor 2007, s 2-3

<sup>314</sup> Smith 2014, s 10

også om ei subjektivisering og individualisering av religion, der ein ikkje lenger spør om ei objektiv sanning, men definerer si eiga personlege og subjektive sanning. Autoritet blir overført frå institusjonar til individ, individet blir den høgaste autoritet i religiøse spørsmål, og ei større mistru til ytre autoritetar blir resultatet. Individet set saman element frå ulike religiøse tradisjonar, og ein får ei ”hybridisering” av religion.<sup>315</sup>

Ein slik livssynsmarknad handlar også om meir enn at ein kan velje mellom fleire konkurrerande livssyn. Også fleire av dei mekanismane som er typiske for ein marknadstankegang, kan overførast til religionen. Taylor viser til korleis dei økonomiske teoriane til Adam Smith som vaks fram på 1700-talet, ganske snart vart brukt til å snakke om meir enn berre økonomi. Taylor hevdar at det vart vanleg ”...to see our society as an economy, an interlocking set of activities of production, exchange and consumption, which form a system with its own laws and its own dynamics.”<sup>316</sup> Berger utdjupar korleis dette også vart ein vanleg tankegang i dei religiøse samfunna. Han skildrar marknadstankegangen som noko som dei religiøse samfunna må relatere til i stadig større grad. Religiøse grupper er historisk transformert frå å vere i ein monopolituasjon til å måtte konkurrere på ein marknad, hevdar Berger:

The pluralistic situation is, above all, a market situation. In it, the religious institutions become market agencies and the religious traditions become consumer commodities. And at any rate a good deal of religious activity in this situation comes to be dominated by the logic of market economics.”<sup>317</sup>

I følgje Berger krev ein slik marknadstilpassing at religiøse grupper må gå på ”friarferd” til forbrukarar i konkurranse med andre grupper som har same formål. Det er umogleg å marknadsføre seg utan å ta omsyn til ønskja til befolkninga, sjølv om ein også kan oppleve ein slags ”produktlojalitet” frå tidlegare ”kundar”. Ein introduserer med andre ord ”...consumer control over the product being marketed” og ”...religious contents become the subjects of fashion”. Konklusjonen blir dermed at ”...religion can more easily be marketed if it can be shown to be relevant.”<sup>318</sup> Og her er vi ved eit omgrep som stadig har blitt meir vanleg å bruke i pinsekyrkjer, nemleg relevans.<sup>319</sup>

<sup>315</sup> Botvar 2010, s 12-13, Schmidt 2010, s 31, Botvar & Henriksen 2010, s 60-62

<sup>316</sup> Taylor 2007, s 181

<sup>317</sup> Berger 1967, s 138

<sup>318</sup> Berger 1967, s 138-139 & 145-146

<sup>319</sup> Sjå mellom anna: [www.klippen.net](http://www.klippen.net) (12)

Vi ser at dei kristne trussamfunna ikkje lenger er i ein religiøs monopol situasjon, der ein kan legitimere religiøse handlingar med religiøse argument. For dei religiøse institusjonane får dette konsekvensar. Berger snakkar om at ein må drive ”catering” i forhold til dei religiøse behova som fins, og dermed er tvungne til å standardisere dei løysingane og produkta ein tilbyr. ”This standardization of religious contents, brought about by consumer pressures, tends to de-emphasize confessional cleavages.”<sup>320</sup> Ein kan tolke den større likskapen mellom ulike kyrkjesamfunn som ei stadfesting av ei slik standardisering. Cox har derimot eit heilt anna syn på dette. Han meiner at den auka differensieringa i samfunnet vil føre til meir varierte behov, og dermed behov for eit større spekter av ulike religiøse tilbod. I staden for standardisering meiner han at kyrkjene i større grad må førebu seg på spesialisering.<sup>321</sup>

Yong hevdar at ei slik marknadsgjering kan vere ein fordel for dei pentekostale kyrkjene. Han grunnar dette med at ein slik marknad framhevar det frie val og konkurransen, i motsetnad til at ein tidlegare måtte konkurrere mot monopoliserte statskyrkjer og liknande. Pinserørsla har også hatt ei offensiv tilnærming til misjon og evangelisering.<sup>322</sup> Det er likevel ikkje problemfritt for pinserørsla dersom den religiøse verksemda meir og meir framstår og verkar som ein marknad. Tener ein framleis Gud eller er det ”den usynlege handa” som styrer det heile? Kan Bibelen framleis vere ein autoritet dersom økonomiske teoriar blir like relevante som teologiske? Tillich skildrar mekanismane i marknaden som dominante og til og med demoniske og hevdar at effekten av kapitalistisk tankegang ”...takes the typical form of posession, that is, of being possessed; its character is demonic.”<sup>323</sup>

### **3.2.2. Sekularisering som ”the age of authencity”**

Taylor kallar tida vi lever i for ”the age of authencity”. Med dette meiner han at dagens menneske er ute etter det som er genuint og ekte. Skepsisen mot det etablerte og institusjonelle er stor, og ein søker som enkeltindivid etter det som ein subjektivt opplever som autentisk. Taylor skildrar fleire kjenneteikn på denne tidsalderen. Noko av det mest sentrale er ein ”ekspressiv individualisme”. Konformitet er avskydd, den individuelle autoritet og sjølvrealisering er opphøgd. Ein har fokus berre på det som opplevast som relevant for det enkelte individet. Samstundes er individet meir enn nokon gong i behov av stadfesting av

---

<sup>320</sup> Berger 1967, s 148

<sup>321</sup> Cox 2013, s 187-189

<sup>322</sup> Yong 2010, s 27

<sup>323</sup> Gjengitt i Yong 2010, s 137

kven ein er og kva ein gjer. Individet vil søke å oppnå sitt fulle potensiale, og det frie val er i sentrum. Alt som kan hindre full fridom til å forme si eiga framtid, skal fjernast. Toleranse er eit fyndord, det einaste ein ikkje skal tolerere, er intoleranse. Ei slags ”kardemommelov” blir formulert: alt er lov så lenge det ikkje skadar nokon.

I det religiøse livet handlar det om kjensler og lidenskap. Ein relaterer lite til rasjonalitet og ortodoksi, og i stor grad forfektar ein ei individuell religionsforståing og avviser den institusjonelle. Det enkelte individ sin intuisjon styrer relasjonen til det religiøse, og ein slik intuisjon kan ikkje overførast til andre. Skilnader mellom religiøse grupper blir opplevd som irrelevant og unødvendige. Den religiøse er ein pilegrim, ein sanningssøkar.<sup>324</sup>

### **3.2.3. Sekularisering som svekking av religiøs autoritet**

Som eg var inne på, vil ulike forskrarar og filosofar framheve ulike sider av det som blir kalla sekularisering, og det er difor vanskeleg å gje eintydig svar på kva fenomenet inneheld. Chaves<sup>325</sup> forstår sekularisering først og fremst som svekking av religiøs autoritet, både innetter i religionen og i samfunnet elles. Chaves forstår autoritet som ein sosial struktur som kontrollerer tilgangen til dei goda som individet ønskjer seg. Ved ei svekking av denne autoriteten vil altså desse goda, som både kan vere hinsidige og dennesidige, bli tilgjengelege for enkeltindividet i større grad. Såleis vil svekkinga av autoritet og individualiseringa av samfunnet gjensidig forsterke kvarandre. Det gjer at individet sjølv er fri til å velje eller å la vere å velje religiøse autoritetar og kva innverknad desse skal få. På denne måten vil individualisering og svekking av religiøs autoritet fungere godt saman med pluraliseringa og livssynsmarknaden der individet har fridom til å velje sine eigne alternativ.<sup>326</sup>

Den religiøse makta nokre menneske har over andre, blir såleis redusert og vanskeleg å utøve. Henriksen oppsummerer Chaves sine tankar slik: ”...religion skifter fra å være en autorativ leverandør av moralske og livssynsmessige mønstre, til å bli en ressursleverandør for livsorientering.”<sup>327</sup> Som vi skal sjå er dette også eit relevant perspektiv når ein skal forklare endringane i pinserørsla. Den store autoriteten som kjenneteikna dei eldre pinseleiarane, har i liten grad blitt overført til nye.

---

<sup>324</sup> Taylor 2007, s 473-535

<sup>325</sup> Synspunkta til Chaves er gjengitt i Henriksen 2011.

<sup>326</sup> Henriksen 2011, s 138-142

<sup>327</sup> Henriksen 2011, s 142

### **3.2.4. Sekularisering som privatisering av religion**

Mange har også lagt vekt på at ein av dei fremste teikna på eit sekularisert samfunn er uskiljinga av tru og religiøs praksis bort frå den offentlege og inn i den private sfæren, altså ei privatisering av religion. Mellom desse er Berger<sup>328</sup> og Cox<sup>329</sup>. Etter eit slikt syn er det staten si oppgåve enten å halde seg borte frå alle religiøse spørsmål, å kontrollere og avgrense religiøs innverknad eller å legge til rette for at alle kan dyrke si tru på eit fritt grunnlag. Staten skal halde seg borte frå aktiv religionsutøving. Det er noko som tilhøyrer privatlivets sfære, og det offentlege rom blir tømt for religiøse uttrykk. Berger hevdar at ei slik forståing av religion "...cannot any longer fulfill the classical task of religion."<sup>330</sup>, sidan dette ikkje kan gi mening som gjeld for alle i samfunnet. Det same synet finn vi også i pinseørsla. "Den private troen er ikke noe bibelsk konstruksjon (...) en kristen tro er alltid offentlig", seier mellom anna pinseforkynnaren Truls Åkerlund.<sup>331</sup>

Det har blitt hevdta, mellom anna frå filosofen John Rawls, at i det offentlege rom må religiøse uttrykk og argument først oversettast til eit fornuftsbasert, sekulært språk for at dei skal ha gyldigheit og relevans.<sup>332</sup> Rawls argumenterer for det han kallar overlappande konsensus mellom ulike religiøse og sekulære grupper. Han meiner at ein må finne eit felles grunnlag for rettferd, det han kallar "den offentlige fornuft" som alle kan samlast om. Dette krev at ein kan bruke eit felles språk i sin argumentasjon. Dette krev at alle grupper kan oversette sine argument til eit felles språk, til den offentlege fornuft. Rawls uttrykker seg kritisk til den religiøse argumentasjon, og det er difor nærliggande å tru at det han meiner er at offentleg fornuft ligg nær opp til det ein kan kalle sekulær fornuft. Dermed blir det eit krav at religiøse grupper kan oversette sine argument til eit sekulært språk. Det religiøse språket med dei religiøse argumenta kan dermed oppfattast som ugyldige. Resultatet av ein slik argumentasjon kan bli at dei religiøse samfunna i mindre grad blir synlege i det offentlege rom, og at den religiøse verksemda og det religiøse språket blir opplevd irrelevant i det offentlege rommet, og såleis blir vist til det private.<sup>333</sup>

Eit anna relevant spørsmål er om ei modernisert tru, gjerne med eit sekulært formulert språk, framleis kan seiast å vere ei sann religiøs tru. Her er det berre trussamfunna sine eigne som

---

<sup>328</sup> Berger 1967, s 133-134

<sup>329</sup> Cox 2013, s 3

<sup>330</sup> Berger 1967, s 133

<sup>331</sup> Åkerlund 2014

<sup>332</sup> Bangstad 2009, s 66

<sup>333</sup> Bangstad 2009, s 61-70

kan gi eit svar, seier Habermas i artikkelen "Religion in the public square".<sup>334</sup> Eit ja vil føre til ei større samfunnsengasjement i trussamfunna, mens eit nei kan føre til større isolasjon. For å dra dette spørsmålet inn i min tematikk: Vil ein pinsekristendom utan tungetale og eskatologi framleis vere sann pinsekristendom? I møte med ei pinserørsle som i større grad har opna seg opp mot samfunnet slik vi har sett, vil dette føre til at trua blir modernisert, ja til og med sekularisert, og er det då framleis pinsekristendom?

### 3.2.5. Organisasjonell sekularisering

Dobbelaere snakkar også om ei tredelt sekularisering, men han definerer denne noko annleis enn Taylor. Han snakkar om sekularisering på eit mikroplan, at individet blir sekularisert (individual secularization). Vidare snakkar han om eit mesoplan, som sekularisering av religiøse organisasjonar og institusjonar (organizational secularization) og endeleg på eit makroplan som svekking av religiøs innverknad i samfunnet (societal secularization).<sup>335</sup> Han peikar også på at desse gjensidig påverkar kvarandre, samstundes som han understrekar at dette ikkje handlar om ei mekanisk utvikling, men at det finns viktige enkeltaktørar som framskundar eller bremsar ei slik utvikling.<sup>336</sup> I høve til problemstillinga mi, ser eg på mesoplanet til Dobbelaere som spesielt relevant. Korleis påverkar sekulariseringsprosessen i samfunnet dei religiøse institusjonane og kyrkjene? Ser vi tydelege endringar i dei religiøse gruppene som eit resultat av dette? Dette er spørsmål som Dobbelaere reiser, og som eg skal sjå nærmare på.

Som Taylor, ser Dobbelaere på sekularisering i eit historisk perspektiv. Mykje av det han skriv, skildrar historiske prosessar som til dels er fullførte. Samstundes kan vi kjenne igjen mange av mekanismane som har verka i desse prosessane. Slik som samfunnet har gått gjennom sekulariseringsprosesser gjennom tiår og hundreår, verkar den same prosessen i vår tid sterkt også internt i dei religiøse samfunna. Kyrkjene har to alternativ i møte med sekulariseringa, enten omfamne henne eller yte motstand mot henne, i følgje Dobbelaere. Sjølv verkar han å sjå på sekularisering av religiøse samfunn som noko positivt. Sekulariseringa fører til opnare kyrkjer, hevdar han, og til at kyrkjene blir mindre prega av spenningar og konfliktar. Ei slik utvikling vil kome til uttrykk i mellom anna at religionen går frå å vere enkel til å bli meir samansett, frå å vere lukka til å bli meir open og til å vere meir

---

<sup>334</sup> Habermas 2006, s 19

<sup>335</sup> Dobbelaere 2002, s 18-21

<sup>336</sup> Dobbelaere 2002, s 185-189

prega av sosial interaksjon enn andelege uttrykk og sanksjonar. Det religiøse kontrollsystemet blir svekka i ei slik utvikling, hevdar han.<sup>337</sup> Dette er utviklingstrekk som ein kan kjenne igjen frå utviklinga i den norske pinserørsla.

Ein av dei Dobbelaere hentar synspunkta sine frå, er Bellah, som deler utviklinga av religion inn i fasar. Han skildrar arkaisk og historisk religion som fasar i ei religionshistorisk utvikling, medan dagens religionar kan karakteriserast som tidleg moderne eller moderne. Kjenneteikna på slike moderne religionar, er at dei er meir komplekse og at dei har større evne til å tilpasse seg til samfunnet rundt. Individualisering er kanskje det fremste kjenneteiknet, og målet blir å finne sine eigne religiøse svar. Religiøse organisasjonar sitt hovudformål blir med dette å ”provide the individual with a favorable environment”<sup>338</sup> for at dette skal kunne skje.

Religionsutvikling er verken irreversibel eller uunngåelig, i følgje Bellah. Teorien hans har blitt kritisert for å vere uvitskapleg,<sup>339</sup> men i forhold til problemstillinga, kan han likevel vere eit godt hjelpemiddel. Det er liten tvil om at kjenneteikna på den norske pinserørsla ved starten av perioden ber preg av det Bellah kallar historiske religionar, og mindre preg av moderne religiøsitet. Historiske religionar kan vi forenkla skildre som fokusert på autoritet og hierarki, utskiljing frå verda og stram organisering. Den moderne religion er meir prega av mangfald og kompleksitet.<sup>340</sup> Bellah hevdar at ”...historic religions, they exist somewhat uncomfortably in modern society”.<sup>341</sup>

### **3.2.6. Sekularisering og pinserørsla**

Sekularisering er på mange måtar eit problematisk omgrep med mange definisjonar. Også pinsevenner snakkar om sekularisering, men verkar i stor grad å ha sine eigne definisjonar på kva det er. Berg si forståing av sekularisering er til dømes ganske konkret: ”...likegyldighet (...) det er ikke behov for noe, man glir bort frå det”.<sup>342</sup> Her vil ”det” bety eit kristent engasjement. I ein artikkel i KS skriv generalsekretær i PYM, Bjørn Bjørnø, under overskrifta ”Sekularisering av pinsebevegelsen”. Her knyt han fenomen som større openheit og

---

<sup>337</sup> Dobbelaere 2002, s 105-114

<sup>338</sup> Dobbelaere 2002, s 107

<sup>339</sup> Dobbelaere 2002, s 107

<sup>340</sup> Bellah & Tipton 2006, s 23-50

<sup>341</sup> Bellah & Tipton 2006, s 111

<sup>342</sup> Intervju med Jan Berg 9/4 2014

inkludering til sekulariseringa. Det same gjer han med eit fenomen som rom for større variasjon i gudstenestene og uttrykksformene. Med andre ord peikar han på at sekularisering også har vore positivt for pinserørsla. Samtidig set han fenomenet som egoisme, materialisme og oppløysinga av seksualmoralske grenser i samanheng med sekulariseringa.<sup>343</sup> Gjerme gjer noko av det same når han spør "...om forbruk er uttrykksforma for den sekulære ideologien".<sup>344</sup> Spørsmålet er om alle desse fenomena kan kallast uttrykk for sekularisering eller er uttrykk for andre trendar i tida.

Eit element av sekularisering som blir dratt fram som positivt, er liberaliteten. Likevel peikar både Gjerme og Mentzoni på at det som skulle vere ei liberalisering av samfunnet i Noreg, har blitt samanfallande med det liberale dilemma: Ein viser toleranse mot alt anna enn det ein oppfattar som intolerant. Ved å ha eit "overstandpunkt" som ein sjølv kallar liberalt, vil ein avvise alle standpunkt som ein ikkje oppfattar slik som illiberale. Ein vil difor kome til å bruke sin liberalitet som eit maktmiddel mot dei som tenker og meiner annleis.<sup>345</sup> Gjerme vil med dette bakteppet først og fremst ha eit negativt forhold til sekulariseringa av det norske samfunnet sidan han tolkar det som "meir verden, mindre himmel."<sup>346</sup>

Fleire har antyda samanhengar mellom fenomenet sekularisering og framveksten av pinsekristendommen. Dobbelaere finn fleire interessante koplingar. For det første peikar han på korleis urbaniseringa (som ofte blir kopla mot sekulariseringa, til dømes hos Cox<sup>347</sup>) var ein naudsnyt føresetnad for pentekostalmens framvekst. Denne type kristendomsform appellerte til dei framandgjorde bymenneska, som ofte var fattige og hadde dårlige verbale evner. Ei religionsutøving basert på kjensler, meir enn dogme, appellerte spesielt til slike grupper. Slik symboliserte denne rørsla både problema til desse menneska, men også løysingane ved å tilby sosiale, kjenslesterke fellesskap, men også ein verbal religion med eit overnaturleg element, tungetalen. Han hevdar også at privatiseringa og subjektiviseringa av religion var noko som passa godt til den pentekostale religionsutøvinga.<sup>348</sup>

---

<sup>343</sup> KS 30/7 2010

<sup>344</sup> Dagen 1/3 2014

<sup>345</sup> Skjervheim 1968 s 15

<sup>346</sup> Intervju med Øystein Gjerme 14/11 2014

<sup>347</sup> Cox 2013, s 1

<sup>348</sup> Dobbelaere 2002, s 119-122, 131-133 & 158. Her refererer han mykje til Wilson (1970): *Religious sects: A sociological study*. London, Weidenfield & Nicholson.

Dersom ein ser på samfunnet vårt, vil ein sjå at mange av kjenneteikna på et sekulært samfunn har vore dominante over lang tid. På mange måtar har dei religiøse samfunna vore ein motstraum mot dette, og den sekulariseringsprosessen som har gått føre seg i samfunnet gjennom dei siste hundreåra, har først i den seinare tid fått større spelerom også i eit religiøst samfunn som pinserørsla. Eg vil vise ein del døme på dette, som eg meiner kan tyde på at også pinserørsla er blitt objekt for sekularisering. Eg vil no ta for meg dei enkelte av dei fire områda som er tema for oppgåva mi. Eg vil vise korleis sekularisering, men også andre faktorar, kan forklare dei endringane som har gått føre seg.

### **3.3. Frå helgingsrørsle til marknadsrørsle?**

Utviklinga i pinserørsla har både vore prega av kontinuitet og brot. Ein av dei mest synlege skilnadane er at rørsla har gått frå å vere relativt homogen og konform til å bli meir heterogen og mangfaldig. Dei tydelege teikna på at rørsla har vore ei helgingsrørsle er ikkje så tydelege lenger. Motstanden mot adiafora og massekultur er lite synleg. Rørsla har lært seg å relatere til media og politikk på ein mindre anstrengt måte. Rørsla framstår i dag som opnare og meir tilpassa samfunnet vi lever i. Ho er ikkje lenger ein utprega motkultur, sjølv om vi finn at den ”gamle” pinserørsla framleis lever nokre stader, spesielt på landsbygda. Eg vil no prøve å skissere nokre forklaringar på denne utviklinga, og deler desse i to typar: interne og eksterne.

#### **3.3.1. Interne forklaringar**

##### **3.3.1.1. Sarons Dal-konflikten**

Som eg nemnte i innleiinga, er det ikkje tilfeldig at eg valde 1977 som startpunkt for undersøkingane mine. Året markerer kulminasjonen i konflikten mellom pinserørsla og verksemda til Edvardsen i Kvinesdal. Striden rundt Sarons Dal skapte motsetnader som har prega pinserørsla heilt fram til vår tid. Det er ei hending som er vanskeleg å overvurdere når ein skal finne forklaring av kvifor utviklinga av rørsla vart som ho vart. Ein periode lamma konflikten rørsla totalt. I den såkalla ”Hviteboka” blir alle pinsekyrkjene i landet utfordra til å ”treffe sitt endelige valg”,<sup>349</sup> i forhold til Edvardsen, og dette ”endelege valet” var med på å splitte utallege kyrkjer i fraksjonar og lamme dei i forhold til den verksemda dei elles stod i. Hegertun seier om konflikten at ”...det slukte så mye av den interne vitaliteten at vi hadde ikke kraft til å orke særlig mer.” Sjølv om mange av Edvardsen sine tilhengarar og

---

<sup>349</sup> Gilbrant 1977, s 192, gjengitt i Hegertun 2009, s 136

sympatisørar valte å bli verande i rørsla, var tilliten til dei sentrale pinseleiarane borte for mange.<sup>350</sup>

Måten Edvardsen vart behandla på, er karakterisert som ”rått og autoritært”.<sup>351</sup> Fleire av dei som valde å bli i rørsla, forsvann ut på eit seinare tidspunkt.<sup>352</sup> Samstundes såg mange at rørsla hadde utvikla seg til noko ein hadde vanskeleg for å identifisere seg med. Ho var blitt isolert og røyndomsfjern. Arbeidet med å opne opp rørsla vart difor ei viktig oppgåve for nye, sentrale pinseleiarar som Hegertun og Svartdahl. Hegertun la vekt på å opne opp *KS* for røyster utanfor rørsla.<sup>353</sup> Det vart meir fokus på tverrkirkjeleg samarbeid. Svartdahl vart mellom anna sentral i å opne opp rørsla i forhold til sekulære media.

Konflikten med Edvardsen kan sjåast på som ein konflikt mellom ulike kulturelle element, men også som motstand mot sekularisering i pinserørsla. Ikkje minst gjeld det marknadsføring og evne til å vere i kontakt med verda utanfor kyrkjene. I ei tid der pinserørsla var prega av isolasjon, hadde Edvardsen evne til å vere meir folkeleg og hadde ein appell til folk også utanfor kyrkjene. Dahl og Rudolph forklarer dette med at Edvardsen var inspirert av den amerikanske kulturen, noko som møtte motstand i den norske pinserørsla. Ein del av denne inspirasjonen handla om bruken av moderne forretningstankegang og marknadsføring. ”...Edvardsens virksomhet (...)er effektiv, preget av forretningssans, original og variert markedsføring, samt bred, folkelig appell.”<sup>354</sup> Slik kan ein seie at Edvardsen tok i bruk sekulære verkemiddel i ein religiøs marknad på eit tidspunkt pinserørsla kanskje ikkje var klar for dette. Mellom verkemidla var bruk av spelefilm og bruken av TV-mediet. Eit viktig poeng her, er at mykje av det som Edvardsen stod for, i høg grad er med på å prege rørsla i dag. Slik kan vi seie at den gamle pinserørsla framstår som taparen av denne konflikten på meir enn ein måte, og at Edvardsens person har hatt sterk påverknad på endringane i pinserørsla.

### 3.3.1.2. Motsetnader mellom generasjonar

Både denne konflikten og liknande konfliktar på denne tida, må også sjåast i lys av motsetningane mellom dei ulike generasjonane. Den nye ungdomskulturen som hadde vaks fram i samfunnet, først og fremst på 60-talet, begynte også å bli synleg i pinsekirkjene, ikkje

<sup>350</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

<sup>351</sup> Kristoffersen i *KS* 19/9 2014. Sjå også Clementsen i *KS* 12/9 2014

<sup>352</sup> Clementsen 2014, s 137-139

<sup>353</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

<sup>354</sup> Dahl & Rudolph 1978, s 163

minst med tanke på musikalske utrykk. Det handla ikkje berre om ulik smak, om ein skal tru Svartdahl, men "...en følelse av alvor, at nå går dette galt",<sup>355</sup> og "Alt som var nytt ble oppfattet som farlig og forbundet med noe verdsdig".<sup>356</sup> Ein del av dei yngre var også veludanna og meir akademisk anlagte. Men som akademikar og pinsevenn Martin Ski uttrykker det: "...forstand, begavelse, intellektuell våkenhet (og intellektuell redelighet) er sett på som meget farlige egenskaper i vekkelsessammenheng."<sup>357</sup> Desse var ofte også meir venstreorienterte politisk, noko som også møtte skepsis hos den eldre garde.<sup>358</sup> Mange av desse opplevde at dei ikkje nådde fram med synspunkta sine i rørsla og forsvann etter kvart ut, medan andre vart verande og kjempa vidare for endringane dei trudde på.<sup>359</sup> Ein av desse var Svartdahl, som uttrykker at han sakna stadfestingar og oppmuntringar frå den eldre generasjon på denne tida: "På pastorkonferansene kan jeg ikke huske mye bekreftelse av de unge lederne frå de eldre. Det ble sagt lite om at de trodde eller hadde tillit til den neste generasjonen".<sup>360</sup>

Sekulariseringsteoriane til Taylor og Dobbelaere kan også bidra til å forklare nokre av dei interne prosessane i rørsla. Eit fenomen er samsvaret mellom liv og lære. Taylor snakkar her metaforisk om avstanden mellom kor "høgt ein legg lista" og kor høgt ein faktisk er i stand til å "hoppe". For dei fleste religiøse samfunn er denne avstanden betydeleg. Problemet kan ein løyse på to måtar, enten ved å arbeide for å hoppe høgare eller å senke lista.<sup>361</sup> Mykje av konflikten mellom generasjonane handla om korleis dei yngre opplevde at dei eldre stilte urimelege krav til uviktige ting. Svartdahl skildrar mellom anna korleis mykje av energien som ungdomsleiar forsvann til å forsvare sine handlemåtar overfor dei eldre, i staden for å drive ungdomsarbeid og vere ungdomspastor.<sup>362</sup>

Trua på at denne "lista" var basert på andelege sanningar, var dalande i rørsla på 80-talet. Det mest typiske eksempelet er kanskje debatten om hattar og hår, som vi var inne på i kapittel 2. Det var tydeleg at trua på at dette var ein bibelsk standard, ikkje var dominerande lenger. Denne læra vart meir definert som eit problem som skapte avstand mellom rørsla og folk. Det

<sup>355</sup> KS 17/10 2014

<sup>356</sup> Svartdahl 2014a, s 13

<sup>357</sup> KS 1/7 1981. Han skriv vidare: "Mens man på den annen side har fattet stor tiltro til middelmådigheten – og temmelig ofte til den totale udugeligheten. Man har manglet sansen for at forstand og åndelighet godt kan være forenlig størrelser"

<sup>358</sup> Lewi Petrus omtaler mellom anna sosialismen som ei av dei største farene i vår tid. Petrus 1984, s 66-67

<sup>359</sup> Intervju med David Østby 8/4 2014

<sup>360</sup> KS 17/10 2014

<sup>361</sup> Smith 2014, s 37

<sup>362</sup> Svartdahl 2014a, s 13

vart difor vanlegare å ”senke lista” i forhold til dette, og definere denne problematikken som kulturell og uvedkommande for ein andeleg standard. Svartdahl skreiv i *KS* om korleis denne doktrinen hadde ekskludert folk frå kyrkjene,<sup>363</sup> Clementsen skriv om korleis dette var vanskeleg å leve opp til for enkelte, på grunn av dårlig hårvekst.<sup>364</sup> I dag verkar problematikken relativt komisk, men for mange var dette sentralt, fordi det vart sett på som ein test på om bibeltruskapen var reell også når ein møtte motstand.

Motstanden mot adiafora var også eit spørsmål om motsetnad mellom generasjonane. Dahl og Rudolph peikar på korleis det vart vanskeleg å oppretthalde motstanden mot adiafora i ei røynd der kampen mot verdsleggjering ikkje lenger var knytt opp mot vekking: ”Da vekkelsens ild brant var det ikke vanskelig å gi avkall på dans, kino, teater og så videre. Man fikk all den følelsesmessige tilfredsstillelse man trengte.” I ei røynd der vekkinga ikkje lenger er til stades blir det slik at ”Forbudene mister mening, men gjelder fortsatt.”<sup>365</sup>

Pinserørsla er på mange måtar framleis i ein oppbruddsfase. LED 2014 bar preg av at mange framleis hadde behov for å ta oppgjer med den rørsla ein sjølv har vakse opp i. Ein kan seie at pinserørsla i dag har meir fokus på å markere brot med fortida enn å markere fellesskap med røtene sine. Generasjonsmotsetnaden kan sjåast på som den viktigaste motivasjonsforklaringa på endringane i pinserørsla. Den yngre generasjon var i stor grad motiverte for å stå for endringar, slik at den neste generasjon ikkje skulle trenge å møte dei store krava til ytre helging og fundamentalistisk bibelforståing. Samstundes kan nok dette skape ei identitetsforvirring i pinserørsla. Gjerme seier at ein i den nye generasjonen i den norske pinserørsla i dag manglar ei felles forteljing.<sup>366</sup> Forteljinga om Barratt og pinserørsla sin barndom har ikkje nokon stor plass lenger. For mange er forteljinga om barndom og oppvekst i pinserørsla også skjemma av strenghet og frykt, knytt til åtvaringar om verdsleggjering og tanken om å bli igjen når Jesus kjem tilbake.

### 3.3.1.3. Eit endra bibelsyn

Kanskje kan ein snakke om ei form for paradigmeskifte i pinserørsla når ein snakkar om bibelsyn, i alle fall er det blitt antyda. I boka ”The globalization of pentecostalism” er dette eit

---

<sup>363</sup> *KS* 27/10 1982

<sup>364</sup> Clementsen 2014, s 16

<sup>365</sup> Dahl & Rudolph 1978, s 88-89

<sup>366</sup> Intervju med Øystein Gjerme 14/11 2014

av dei viktigaste emna. I boka blir det vist til at den internasjonale pinserørsla har gjennomgått fleire slike paradigmeskifte i historia si, og spørsmålet er om eit nytt paradigmeskifte har gått føre seg i perioden eg omtalar. Ein kan seie at paradigmet med pinserørsla som eskatologisk fokusert, er avslutta eller i ferd med å bli avslutta, i alle fall førebels. I møte med ei postmoderne tid i emning, kan ein også sjå konturane av at den bibelske autoriteten ikkje er så tydeleg som før. Den pentekostale hermeneutikken har endra seg. Eit anna skifte er at det karismatiske uttrykket, som tidlegare vart uttrykt til ein stor del med tungetale, no først og fremst blir uttrykt i lovsong og tilbeding. Slike paradigmeskifte betyr ikkje nødvendigvis at det som prega det førre paradigmet blir borte, men at fokuset blir flytta, det går over i andre former eller blir kanalisert annleis. Paradigmeskifta blir også forklart sosialt. Mellom anna blir paradigmeskiftet med forsvinninga av det eskatologiske fokuset, forklart med den sosiale klassereisa frå urban underklasse til middelkasse.<sup>367</sup>

Wonsuk Ma skildrar eit skifte av bibelsyn frå slutten av 70-talet, der ein begynte å lese Bibelen annleis og tenke annleis om autoritet. Medan ein tidlegare hadde ei fundamentalistisk, bokstaveleg tilnærming til tekstane, fekk ein på denne tida teologiske tidsskrifter også i den globale pinserørsla. Dette opna for større refleksjon også i møte med Bibelen. Det vart også meir sentralt å forstå tekstane ut frå eit missiologisk utgangspunkt.<sup>368</sup> Jose Bonino oppsummerer med å vise til at pinsevenner ikkje lenger les Bibelen berre for å bygge doktrinar, men meir for å få inspirasjon og for å møte Kristus.<sup>369</sup>

Medan ein tidlegare hadde Bibelen som den einaste rettesnor for liv og lære, kom no andre faktorar inn. Det handla ikkje berre om ein hadde sitt på det reine i forhold til skifta, men ein såg også meir på konsekvensane av det ein trudde og lærte. Dogme om at motstand frå verda var lik med gunst hos Gud, vart utfordra. Det missiologiske, ønsket om å nå ut med bodskapen sin, vart framheva som første prioritet, og mange peika på at kulturelle element kunne kome i strid med dette, om dei var aldri så ”bibelske”. Det var ikkje lenger nok å legitimere det ein trudde og gjorde med Bibelens ord, ein måtte også forstå kva konsekvensar slike standpunkt fekk, og ein måtte kunne vise til at det ga resultat.

---

<sup>367</sup> Macchia 1999, s 8-29

<sup>368</sup> Ma 1999, s 52-64

<sup>369</sup> Bonino 1999, s 117-118

At kontakten med trusrørsla også vart gjenoppteken utover på 90-talet, var heller ikkje utan betyding. Trusrørsla hadde mykje mindre fokus på helging, og dei mange utslag av loviskheit og motstand mot verdsleggjering ein kjende igjen frå den gamle pinserørsla, var gjenstand for latterleggjering og harselas frå ein mann som Åge Åleskjær, som kunne snakke om det med tyngde sidan han sjølv hadde så stor erfaring med det.<sup>370</sup> Åleskjær sin ”nye reformasjon” der han presenterte det ein kan kategorisere som ein ytterleggåande dispensasjonalisme, kan nok også ha hatt ein viss effekt også for pinsevenner.<sup>371</sup> Læra fekk likevel ikkje stort innpass i pinserørsla, sidan sentrale pinseleiarar gjekk kraftig ut mot Åleskjær, med avisinnlegg og i debatten om dette på den årlege predikantkonferansen.<sup>372</sup>

Det er ikkje noko eintydig sanning at bibelsynet har endra seg, og heller ikkje noko sterkt forklaring på endringane i rørsla. Sjølvsagt las ein Bibelen også for å finne inspirasjon også tidlegare. Forklaringa må difor brukast med varsemd. Rørsla sjølv held fast på at ”Bibelen er Guds ufeilbarlige ord.”<sup>373</sup> Eg tolkar utviklinga i den norske pinserørsla likevel slik at ei skildring av eit slikt paradigmeskifte kan vere relevant å snakke om, sjølv om bibeltruskapen framleis står sterkt. Endringa er kanskje først og fremst at ein ikkje lenger ser på Bibelen som den einaste faktoren for korleis ein vurderer ulike spørsmål og sider ved arbeidet sitt. Andre faktorar, som det kommunikative og det sosiale, har blitt tilført i ei meir omfattande argumentasjonsrekke. Samstundes ser vi i større grad at ein har opna for at ordet, som i seg sjølv er ufeilbarlig, kan tolkast ulikt av mennesket, som slett ikkje er ufeilbarlige, ei heller er dei i stand til å kome med ufeilbarlege tolkingar. Dette står i sterkt kontrast til korleis ein såg på si eiga evne til å tolke Bibelen tidlegare, slik vi har sett. Ein gjekk ikkje bort frå Bibelen som rettesnor, men ein opna opp for at skrifta kunne forståast på fleire ulike måtar. Resultatet vart ei rørsle med fleire ulike syn i fleire teologiske spørsmål, men med ei sams forståing av eit ein vil sjå kyrkjevekst, kyrkjeplanting og kristen innverknad på samfunnsprosessane.

### 3.3.1.4. Egil Svartdahl som TV-pastor

Svartdahl var kanskje den fremste representanten for dei som skulle forme den nye pinserørsla frå 80-talet og utover. Dette fekk han ei framifrå plattform til å gjere både som pastor i Filadelfia Oslo og ikkje minst som TV-pastor på TV2. Profilen på programma var annleis enn

<sup>370</sup> Åleskjær 2004

<sup>371</sup> Åleskjær presenterer denne læra i boka *Nå taler han fra himmelen*. Åleskjær 2006

<sup>372</sup> <http://www.dagen.no> (13)

<sup>373</sup> <http://pinsebevegelsen.no> (14)

det ein kanskje kunne vente av ein tradisjonell pinseven. Forkynninga vart tona ned, og det vart viktigare å lytte. I staden for å lage program berre frå kyrkjer og bedehus, valde Svartdahl å oppsøke folk utanfor, både heime og på arbeidsplassen. Programma fekk ei god mottaking både innanfor og utanfor rørsla, og betydinga av programma for å forklare endringane frå isolert til open rørsle, kan vanskeleg overdrivast. Rørsla fekk både eit ansikt som folk kjende igjen, og vann tillit gjennom Svartdahl sitt vinnande vesen. Sjølv skildrar han jobben sin som å ”tekste kristen tro”.<sup>374</sup>

Svartdahl var av stor betydning i forhold til å bygge ned skepsisen til dei sekulære media. Posisjonen han fekk på tv og i det norske folk, viste at media var interessert i meir enn berre å framheve konfliktstoff i møte med pinserørsla. Den nye generasjonen vart vane til å relatere til media på ein meir avslappa måte, ikkje minst fordi utdanningsnivået auka, og ein var i stand til å møte media på ein meir profesjonell måte. Samstundes ser vi det vi var inne på i førre hovuddel, at pinserørsla framleis til dels blir offer for tabloidisering i media. Meir fritalande og kontroversielle representantar for den frikyrkjelege kristendommen er framleis meir synlege i debattar om religiøse spørsmål.

### 3.3.1.5. Ei meir sjølvsikker pinserørsle

Berg forklarar det store fokuset som var på verdsleggjering og den medfølgjande isolasjonen på 70-talet, som ei manglande tru på at ein var i stand til å ”bevare sin sti rein” i møte med verda.<sup>375</sup> Ein mangla sjølvtillit i møte med verda utanfor kyrkjene. Minna og historiene om korleis pinsevenner hadde blitt omtala og behandla i historia, var levande. Ein vart difor oppfordra til å halde seg borte frå ”verda”. I dag ser vi at pinserørsla ber på ein heilt annan sjølvtillit, og ein blir oppfordra til i størst mogleg grad å vere til stades i nabolag og samfunnsliv. Den auka opninga mot samfunnet, og erfaringane med at ein kunne møte noko anna enn motstand og latterleggjering, styrka sjølvtilitten i rørsla. Det same gjorde utviklinga med at stadig fleire kyrkjer ville vere ein del av den norske pinserørsla.

Erfaringane med å opne seg opp mot verda utanfor kyrkjene var med på å gje pinserørsla ei oppleveling av at ho kunne ha noko å bidra med både i forhold til eit økumenisk samarbeid med andre kyrkjer, og i samfunnet elles. Den stadig aukande kontakten med ulike pinseretningar i

<sup>374</sup> I betydning å oversette. Svartdahl 2014a, s 91

<sup>375</sup> Intervju med Jan Berg 9/4 2014

andre land, var også med på å påverke utviklinga av den norske pinserørsbla. Mange av kontaktane ein hadde, kunne fortelje om vekst og framgang for rørsla i sine land. Slik kunne ein i større grad identifisere seg med at rørsla globalt var i framgang, og ikkje berre med tilbakegangen i sitt eige land.

### 3.3.1.6. Tilbakevending til røtene

Som vi har sett, var kritikken frå Dahl og Rudolph i 1978 basert mellom anna på at ein som rørsle hadde fjerna seg frå røtene sine, og den læra og praksis Barratt hadde. Det er også mogleg å sjå endringane i pinserørsbla i dette lyset. Det at ein meir har fått merksemda bort frå helginga til kyrkjemedlemene sjølve og over til å nå ut til mottakaren utanfor kyrkjene med bodskapen sin, er og eit fokus som var sterkt i pinserørsbla sin barndom. Seymour skal mellom anna ha sagt at det viktigaste ikkje var tungetalen og korleis denne vart forklart eller praktisert, men å få menneske frelst.<sup>376</sup>

Hegertun har gjennom arbeidet sitt også grundig dokumentert at dreininga mot ei meir økumenisk open rørsle frå 80-talet og fram til i dag, også er tilbakevending til ideane og praksisen frå den første tida. Hegertun kallar dette ein bølgjerørsle, at ein hadde eit sterkt økumenisk fokus den første tida, for så å dreie til å bli meir opptatt av indre forhold og isolerte seg, til igjen å opne opp mot andre kyrkjer.<sup>377</sup>

Eit tredje element som kan styrke ei slik forklaring, er at ein anvende element av massekultur for å marknadsføre seg og bodskapen sin også i den første tida. Ikkje minst gjaldt dette bruken av populærmusikk, der populære songar vart brukta med ein ny og kristen tekst i kyrkjene.<sup>378</sup> Mange av songane i pinserørsbla si songbok, *Evangelietoner*, er såleis dåtida sin populærmusikk som er ”kristna”. Slik kan ein sjå dette fenomenet som ein parallel til korleis ein brukar moderne musikk i verksemda i dag.

---

<sup>376</sup> Seymour skal ha sagt: “Now, do not go from this meeting and talk about tongues, but try to get people saved”. McClung 1999, s 35

<sup>377</sup> Hegertun 1999, s 213-225

<sup>378</sup> Svartdahl 2014a, s 93-94

### **3.3.2. Eksterne forklaringar**

#### **3.3.2.1. Marknadsgjeringa og "The age of authencity"**

Som vi har vore inne på, skildrar Dobbelaere og Berger korleis sekulariseringa har ført med seg ein marknadstankegang også inn i dei religiøse samfunna. Marknaden sett konsumenten i sentrum, fokuset bli retta mot korleis denne konsumenten skal få stilt sine behov ved å få tilført produkt. Sentralt i ein slik tankegang blir marknadsføring, det at ein driv reklame for arbeidet ein gjer. Mange opplevde at pinserørsla hadde svikta her, spesielt i forhold til media. Striden om Sarons dal viste kor hjelpeause rørsla sine fremste representantar var. Både måten ein løyste konflikten på, og måten ein let vere å uttale seg til media på, skapte fortviling. Ein såg i større grad at konsekvensane av slike strategiar, var ein auka isolasjon.

Sentralt i marknadstankegangen er tilbod og etterspurnad. For ein som opererer i ein slik marknad, må ein forstå kva forbrukaren er ute etter, og vere i stand til å møte dette behovet på ein god måte. Mange opplevde at pinserørsla svikta også her. I stor grad gav ein svar på spørsmål som folk ikkje spurte. Folk var ikkje lenger interessert i å få vite kva som var syndig og kva som ikkje var det, eller om Jesus skulle kome attende før eller etter den store trengselen. Dette gjaldt både inne i kyrkjene og utanfor. Pinserørsla vart ofte oppfatta som ei nei-rørsle som la vekt på alt som var syndig og alt ein var motstandar av.<sup>379</sup> Bodskapen kommuniserte ikkje.

Eit anna viktig kjenneteikn på marknaden, er resultatfokuset. Utan resultat er marknadsføring og strategi mislukka. Dette såg også mange pinsevenner utover på 80-talet: Rørsla hadde stagnert og opplevd tilbakegang talmessig.<sup>380</sup> Få vart omvende, få kyrkjer vaks. Dette vart sett i samanheng med isolasjonen, og det vart peika på at ei rørsle som ikkje vaks, gjorde noko feil. Nokre peika på mangelen på bønn og karismatiske nådegåver og opplevingar, som vi har sett BFN gjorde, andre meinte at ein måtte fjerne dei kulturelle hindringane mellom kyrkja og verda. Først då kunne ein få resultata ein skulle ha: nye menneske inne i kyrkjene.

Dreiinga mot ein marknadstankegang fører også med seg eit språk der ein brukar økonomiske termar og kodar for å skildre verksemda si. Svartdahl er ein av dei som anvender eit økonomisk språk for å skildre arbeidet i kyrkjene, med omgrep som "investering", "investor",

---

<sup>379</sup> Holstad 2014

<sup>380</sup> Schmidt 2010, s 29

”risiko” og ”avkastning”.<sup>381</sup> Mentzoni snakkar om ”relasjonskapital” som sentralt i leiarskapen i pinsekyrkjer i dag.<sup>382</sup> Eit slikt språk og ein slik tankegang blir opplevd relevant i den religiøse verksemda. Ein finn såleis parallelle omgrep, og til dels fenomen, i pinsekyrkja og i den økonomiske teorien.

Menneske som lever i ”the age of authencity” er opptekne av den individuelle fridomen, kjensler og lidenskap. Dei er pilegrimar, sanningssøkarar. Dermed må dei religiøse samfunna møte menneska på nettopp desse områda, og det er difor naturleg å sjå utviklinga i pinserørsla i dette lyset. Ved at ein tek i bruk tankegangen som er gjeldande i marknaden, blir kunden eller mottakaren i sentrum, og det ein tilbyr må opplevast relevant for denne. Ein har i større grad fridom til å tolke Bibelen sjølv, ein har tona ned det konfrontative og blitt meir opptekne av å gi folk tid, og ein har ikkje minst hegna om det kjenslemessige aspektet som alltid har vore sentralt i pinserørsla. Ein har kledd bodskapen i ei meir moderne og tidsriktig innpakning, først og fremst gjennom moderne musikk og lovsong.

Spesielt dei siste åra har fokuset på kommunikasjon og relevans vore aukande. Dersom ein ikkje er i stand til å kommunisere med marknaden, er ein heller ikkje i stand til å nå fram med bodskapen sin. Bodskapen må omsettast til ei moderne, relevant drakt som mottakaren kan finne attraktiv. For å nå eit slikt mål, er ein viljug til å gå ganske langt, og å ta i bruk ganske utradisjonelle verkemiddel, som vi såg i den første hovuddelen.<sup>383</sup> Trua på at den interne, kristne kulturen er ei viktig hindring for framgang og vekst, verkar å vere betydeleg i rørsla i dag. Ein opplever at ”Evangeliet er relevant” og at ”Spørsmålet er om vi formidler det på en relevant måte”.<sup>384</sup>

Gjerme skildrar korleis han som leiar og forkynnar beveger seg på ein hårfin balanse mellom bodskap og kommunikasjon til menneska som lever i tida vi lever i. ”Vi er så djupt sekulariserte som folk...”, seier Gjerme, ”...og dermed felles du som en middelaldersk røst dersom du ikke er til stede i samfunnet”. Ei moraliserande kyrkje, noko som Gjerme hevdar pinsekyrkjer har lett for å bli, blir ikkje opplevd som attraktiv, og konsekvensen kan bli at ein igjen blir isolerte og eksklusive. Derfor hevdar han også at ein har vore nøydde til å forholde seg til sekulær tenking og massekultur som kyrkje. Men det er ikkje problemfritt.

---

<sup>381</sup> Svartdahl 2014a, s 149-162

<sup>382</sup> Intervju med Torsten Mentzoni 14/11 2014

<sup>383</sup> KS 2/5 2014

<sup>384</sup> Svartdahl 2014a, s 92

Kravet til å vere relevant, nyttig og til å vere tilpassa folks behov har blitt stadig sterkare, seier Gjerme. Kyrkjene har vore nøydde til å forholde seg til dette, men ein har i stor grad gjort det utan teologisk refleksjon. Gjerme opplever det ikkje som problematisk i seg sjølv at ein omfamnar massekulturen, men er samstundes oppteken av at ein hjelper menneske med å føre dei frå sitt innbilte behov, som ein får oppfylt gjennom massekulturen sine verkemiddel, til sitt reelle behov for Gud. Resultatet dersom ein ikkje er klar over dette kan bli ”livsveiledning utan Åndens kraft”. ”Det er forsvinnende enkelt at akkurat det skjer.” seier Gjerme. Han peikar også på at kyrkjene betaler ein pris ved at dei kulturelle skilnadane mellom kyrkja og verda verkar mindre. Dette set større krav til at ein ser skilnadane klarare i det andelege livet, at det er ”...hett nok og klart nok heile tida (...) det krever et mye større trøkk og åndsnærvær å holde en sånn kultur rein.”<sup>385</sup>

Det store bortfallet av eit helgingsfokus vi har sett i pinserørsla, kan også setjast i samanheng med det Taylor kallar ”triumph of the therapeutic”. Taylor viser til korleis samfunnet har bevega seg bort frå trua på det personlege ansvaret og korleis syndeomgrepet er i ferd med å forsvinne. Han hevdar at vi har slutta å snakke om synd og byrja å snakke om sjukdom i staden. Vi har gått frå å vere andelege til å bli terapeutiske. Vi har bevega oss frå å vere ansvarshavande til å bli offer. Behova blir ikkje dekte ved eigne handlingar, men ved å få tilført varer eller tenester. Slik blir det ikkje naudsynt med noko omvending for å få bukt med problemet, løysinga blir i staden å gå til terapeutar.<sup>386</sup> I ein slik kontekst vil snakk om synd og det verdslege, som var så sentralt for førti år sidan, falle på steingrunn.

Når eg no har vist at pinserørsla har implementert mange element av marknadstankegangen i verksemda si, skal ikkje det forståast som at ein har gitt etter for marknadskreftene totalt. Ein har teke vare på verdiane og tradisjonane sine som ei bibelsentrert rørsle. Eg har likevel peika på element som har teke rørsla i ei retning som var klart mindre synleg i begynninga av perioden. Eg meiner difor at det er eit av dei viktigaste funna eg har gjort i undersøkinga mi, sidan det står i så sterk kontrast til røynda ved begynninga av perioden. Marknadsgjeringa er også eit element som går igjen på alle dei fire områda eg omtalar i denne oppgåva.

<sup>385</sup> Intervju med Øystein Gjerme 14/11 2014

<sup>386</sup> Taylor 2007, s 618-623

### **3.3.2.2. Pluraliseringa**

Sjølv om dei mange skræmebileta av verda der ute på mange måtar fungerte som ein sjølvoppfyllande profeti i møte mellom rørsla og samfunnet, er det eit poeng at verda faktisk kan ha blitt opplevd meir skräemande i 1977 enn i dag. Pinsevenner var utanfor og marginalisert på ein heilt annan måte. Med at vi har fått eit større livssynsmangfold, og toleransen overfor annleis truande har auka, har det også blitt lettare for å få aksept og forståing for eit pentekostalt livssyn. Den auka pluraliseringa har på mange måtar vore ein fordel for pinserørsla, ikkje minst med tanke på at rørsla framstår både som tradisjonsrik og vital i ein marknad med ein del til dels useriøse aktørar.

Dette er sjølvsagt ein gjensidig prosess. I ein isolasjonistisk situasjon blir nok ikkje kyrkjene så påverka av verda utanfor. Samstundes blir heller ikkje samfunnet så påverka av religiøse perspektiv. Ved at kyrkjene femner ei fundamentalistisk forståing av røynda og av samfunnet, som i sin tur femner om pluralisering og autoritetskritikk, vil ein oppleve at samfunnet i mindre grad opplever religionen som attraktiv. Slike kyrkjer som ikkje gir rom for dialog og er fokuserte på kontrastar og motsetnader kan vere med på å forsterke akkurat det ein fokuserer på, og at "...fundamentalismen dermed [vil] bidra til å fremme sekulariseringen."<sup>387</sup> Konsekvensen av isolasjon og motsetnader blir med andre ord meir isolasjon og større motsetnader. Ein kan såleis betrakte pinserørsla sitt ønske om å bryte isolasjonen både som eit ønske om å nå ut med bodskapen sin, men også som ein frykt, ikkje berre for at isolasjonen skulle vedvare, men for at avstanden og motsetnaden til det verdslege skulle bli enda større og sterkare.

### **3.3.3. Forklaringar på endringane i helgingsrørsla - oppsummert**

Forklaringane på at helgingsforkynninga er nærmast borte i pinserørsla, kan vi finne både innetter i rørsla og i samfunnsutviklinga generelt. Fokuset på synd og kampen mot verdsleggjeringa vart borene oppe av sterke leiarar i pinserørsla. Gjennom Sarons dal-konflikten og andre konfliktar som botna i motsetnader mellom generasjonen, mista mange tillit til desse leiarane. Den nye generasjonen av leiarar var opptekne av å opne opp rørsla både mot andre kyrkjesamfunn og samfunnet generelt. Gjennom kontakt med andre kyrkjer i inn- og utland kunne ein i større grad kjenne på større tru og sjølvtillet. TV-pastoren Svartdahl har vore ein nøkkelperson for å opne opp rørsla i forhold til media og å gje pinserørsla eit offentleg ansikt.

---

<sup>387</sup> Henriksen 2011, s 84-86

Ein kan også ane konturane av eit endra bibelsyn, der ein les Bibelen meir for å finne inspirasjon og møte Gud, enn å finne svar på alle teologiske og samfunnsrelaterte spørsmål.

Opninga mot samfunnet har ført til at ein er meir mottakelege for impulsar i samfunnsutviklinga, med sekularisering som det viktigaste. Pinserørsla viser teikn på at sekulariseringssprosessen også er relevant å snakke om her. Klarast ser vi dette i at ein vil bygge ned kulturelle skilnader mellom kyrkja og verda, for slik betre å nå ut med bodskapen sin til kyrkjeframande. Mottakaren for bodskapen har kome i sentrum, ein er opptekne av å marknadsføre seg slik at forkynninga og møteformene blir opplevd relevante. Ein har tona ned det konfrontative, og er blitt opnare og meir pluralistiske i tankegangen sin. Det autorative har fått mindre plass i eit sekularisert samfunn, nok som gir seg utslag i mindre skråsikkerheit i dei fleste spørsmål.

### **3.4. Den post-eskatologiske pinserørsla**

Det eskatologiske fokuset, som nærmast var dominerande i enkelte periodar av pinserørsla si historie, har blitt redusert og er mange stader blitt borte. Spesielt i den yngre generasjonen av leiarar og forkynnalar, får dette emnet lite merksemd. Vi skal no undersøke moglege forklaringane på dette.

#### **3.4.1. Interne årsaker**

##### **3.4.1.1. Generasjonsbunden eskatologi**

Hegertun viser til at eskatologien ofte vart formidla av spesielle forkynnalar, ”ekspertar”, som hadde ein spesiell innsikt i denne tematikken. Desse ekspertane fekk ein spesiell plass i rørsla, og vart gjerne sett opp til i rørsla, jamvel også tidvis kalla profetar. Etter kvart som slike ekspertar vart gamle og døydde ut, vart ikkje denne arven ført vidare til neste generasjon. Med andre ord var bodskapen knytt til enkelte, sterke leiarar. Han peiker også på at ein til dels har hatt mangel på ein godt fundamentert teologi på området. Dei eldre ekspertane var ofte sjølvlærte og mangla eit solid teologisk fundament for sine teoriar og spekulasjonar. Med ein ny, meir akademisk profil på forkynninga, såg ein ikkje lenger eit grunnlag for å halde fram denne typen eskatologisk undervisning. Han peikar samtidig på at unge folk gjerne ikkje har fokus på tida etter dette livet, så lenge at ein tenkjer at ein har livet framfor seg.<sup>388</sup>

---

<sup>388</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

Forklaringa kan ha mykje for seg. Autoriteten til folk som Sverre Kornmo og Gilbrant vart ikkje automatisk overført til nye leiarar i neste generasjon. Pinseleiarar i dag er på mange måtar ein annan type leiarar, akkurat som samfunnet elles sine leiarar fekk ein annan profil. Eit element i denne samanhengen, er også det vi har sett på om sekularisering som svekking av religiøs autoritet. Sjølv om nokon i dag skulle pårope seg autoriteten til Barratt eller Kornmo i si endetidslære, er det ikkje rom for denne typen autoritet i tida vi lever i. Også den første generasjon pinsevenner hadde ei sterk eskatologisk forkynning, med Barratt sjølv i spissen. Likevel vart dette vidareført til den neste generasjonen av leiarar, som til dømes Kornmo. Så sjølv om det også i den første tida var knytt til enkelte sterke leiarar med eskatologi som spesialområde, stod det fram også leiarar i neste generasjon med det same fokuset. Det var først i den tredje og fjerde generasjonen av pinsevenner at dette forsvann eller vart kraftig redusert. Dette kan nok forklaraast med at pinserørsla gjekk gjennom ei klassereise, der den vanlege pinseven ikkje lenger var frå arbeidarklassen, men frå middelklassen. Miller og Yamamori viser til samanhengen mellom klassereisa frå arbeidarklasse til middelklasse i rørsla og korleis denne endra den pentekostale eskatologien. Ein middelklasse vil vere meir retta utover mot samfunnet enn ein arbeidarklasse, som hovudsak vil söke fellesskap.<sup>389</sup> Vi har sett korleis denne klassereisa møtte motstand i den norske pinserørsla på 70-talet. I dag er det lite tvil om at pinsekyrkjer sosialt sett er prega av å vere kyrkjer for middelklassen. Unntaket er Evangeliesenteret, noko som høver bra med at det er der den gamle pinsekulturen framleis er mest synleg.

### **3.4.1.2. Konsekvensar av eskatologisk forkynning**

Ei plausibel forklaring på fråværet av endetidsforkynning som fleire brukar, mellom dei både Hegertun, Erlandsen og Østby, er at dei talane og bøkene med spekulasjonar om tider, stader og personar som skulle spele ei aktiv rolle, ikkje slo til. "...går du gjennom bøkene, ser du at det er svært lite som stemmer i dag av hva som var god latin for tretti år tilbake", i følgje Hegertun.<sup>390</sup> Dei mange profetiane om Jesu gjenkome viste seg å ikkje vere så nært føreståande som enn ein trudde. Ein måtte innsjå at mange hadde tatt feil i sine tolkingar av historiske hendingar. Sovjetunionen, som hadde hatt ei sentral rolle i mange profetiar, vart opplyst. Det tihorna dyret i openberringsboka, som vart tolka å vise til dei ti landa som utgjorde EEC eller EF, måtte omtolkast når EF eller EU vart utvida med stadig fleire land.

<sup>389</sup> Miller & Yamamori 2007, s 213

<sup>390</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

Spekulasjonane om kven som kunne vere Antikrist slo ikkje til. År 2000 kom og gjekk utan at det hende noko spesielt, og brått hadde ein eit heilt nytt millennium som ikkje på same måten appellerte til eskatologiske tankar og kjensler. Det vart rett og slett stadig vanskelegare å få kart og terrenge til å stemme i eskatologien. Dette vart også meir tydeleg for den einskilde kyrkjegjengar som i større grad no sjølv var høgt utdanna og informert om samfunnet. Bodskapen hadde ikkje lenger verken truverd eller motivasjonsverdi for mange, og dei yngre vegra seg for å halde fram denne forkynninga.

Ein vart altså meir nøktern og forsiktig i å tolke dagens politiske hendingar inn i ein eskatologisk kontekst. Historia viste at ein hadde tatt feil før, ein ville ikkje gjere dei same feila igjen. Forkynnara som hadde lagt fram denne læra med stor autoritet og overtyding, framstod i eit lite flatterande lys etter kvart som tida og verda utvikla seg i andre retningar enn ein hadde spådd. For dersom desse ekspertane kunne ta så feil, var det vel umogleg for mindre kunnskapsrike menneske å forstå noko av dette? Når desse same leiarane av andre grunnar også mista tilliten hos den neste generasjonen, slik vi har sett, forsterka det også ein slik tendens.

Ei anna forklaring, som mellom anna Hegertun dreg fram, er at ein såg at det eskatologisk fokuset hadde ein negativ effekt på rørsla si utvikling. Det førte til at ein isolerte seg frå samfunnet, og ein fekk ein slags ”eskapisme”<sup>391</sup>, der det viktigaste var å vente på at Jesus skulle hente kyrkja vekk frå jorda. Ein ny generasjon av leiarar såg tydeleg denne utviklinga, og ville unngå at ho heldt fram. Den yngre generasjonen såg på eskatologien som ei ”sær tilnærming til livet”<sup>392</sup>, som Hegertun formulerer det. Dermed valde ein å dra fokuset bort frå endetidslæra, til å bygge kyrkjene og bryte isolasjonen mot samfunnet.

Ein såg fleire negative verknader av endetidsfokuset. Mentzoni viser til at fleire opplevde auka angst og frykt i møte med denne forkynninga, ikkje minst opplevde mange frykta om at ein skulle bli tilbake når Jesus skulle kome attende, og dermed skulle måtte gjennomgå den store trengselen.<sup>393</sup> Clementsen fortel om korleis han opplevde det under oppveksten sin på 60- og 70-talet: ”Det var nok en tendens til å male ut alvoret mer enn det ble lagt vekt på

---

<sup>391</sup> Omgrepet ”escapism” er brukt av Yong. Yong 2010, s 323

<sup>392</sup> Intervju med Terje Hegertun 8/4 2014

<sup>393</sup> Intervju med Torsten Mentzoni 14/11 2014

gleden ved Herrens komme.” Han skriv vidare: ”...noen av de gamle pinseforkynnerne proklamerte Jesu gjenkomst på en måte som skapte altfor mye frykt”.<sup>394</sup>

Ei slik forkynning av den brutale røynda i at nokon skulle bli attende på jorda og gjennomgå ein stor trengsel medan andre skulle feire i himmelen, formidla også eit gudsbilete som kunne opplevast som problematisk. Etter kvart som eit meir postmoderne biletet av Gud forma seg, var vektlegginga mykje sterkare på den omsorgsfulle og kjærlige Gud enn den straffande og dømande. Det vart rett og slett vanskeleg å formidle ein slik Gud i eit samfunn som ikkje ville ha eit slikt gudsbilete. Dermed forlèt ein forkynninga av ein valdeleg og gammaltestamentlig Gud, og fokuserte meir på den Gud vi møter i mennesket Jesus Kristus.<sup>395</sup> Som vi har sett, er eit anna utslag av den same tankegongen at ein har, som dei fleste andre kyrkjer, tona ned bodskapen om himmel og helvete. Bilete av ein straffande Gud er bytt ut med ein elskande. Jesu liding og død blir tona ned, og fokuset blir flytta til Jesu liv og lære. ”The wrath of God disappears, leaving only his love (...) love and gratitude at the suffering and sacrifice of Christ, seems incomprehensible or even repellent and frightening to many”, som Taylor formulerer det.<sup>396</sup> Det ubehagelege og uforståelege ved Jesu liding og død for våre synder, mister verdi fordi det bryt med eit gudsbilete der det ikkje er plass til ein Gud som brukar vald.

For enkelte har konsekvensen blitt at ein ikkje lenger trur på dei gamle dogma. For ein ung pastor som Erlandsen, til dømes, har dogma om ei evig fortaping og fordømming av homofile blitt for problematiske til at han vil halde fast på dei.<sup>397</sup> Andre trur framleis på det, men tonar det ned. Salt Bergenskirken skriv på sine heimesider at ”Jesus kan gi et bedre liv”, ikkje at han frelser frå fortaping.<sup>398</sup> Per-Eivind Kvammen uttrykker at målet med å nå ut til kyrkjeframande, er at dei skal oppleve ”tilhørighet” til kyrkja deira.<sup>399</sup> Dette kan sjåast på som sekularisering: ein har tilpassa bodskapen sin til ein marknad der denne type dogme ikkje kommuniserer. Ein har sett at konsekvensen av å bokstaveleg forkynne Bibelens ord om dette, har ført til at folk har blitt fråstøytte. Med andre ord har omsynet til mennesket blitt eit element som er blitt sterkare vektlagt enn tidlegare.

---

<sup>394</sup> Clementsen 2014, s 21-27

<sup>395</sup> Sjå mellom anna McLaren 2010, s 98-118

<sup>396</sup> Taylor 2007, s 649-650

<sup>397</sup> Intervju med Thomas Erlandsen 24/7 2014

<sup>398</sup> <http://bergenskirken.no> (15)

<sup>399</sup> Kvammen 2014

Dersom vi samanliknar 1977 med i dag, ser vi eit mønster som viser at det fanst ei vekselverknad mellom forkynninga og fokuset. I ein situasjon der isolasjon og eskatologi fungerte saman, var dei gjensidig med på å styrke kvarandre. På same måten ser vi at eit ønskje om ein opnare profil mot samfunnet verka saman mot eit opnare og meir tolerant syn på teikn i tida. Også desse påverka kvarandre gjensidig.

### 3.4.1.3. Indre pluralisering

I større grad ser ein no på det dispensasjonistiske utgangspunktet som ein av fleire måtar å tolke Bibelen sine ord om endetida på, sjølv om denne forståinga framleis står sterkt i rørsla. Ein er blitt meir opne for at teikn i tida kan forståast på fleire måtar. Gjerme peikar på at den typen dispensasjonalistisk påståelegheit den norske pinserørsla var prega av, var eit nordisk fenomen, som ikkje var like dominante i den internasjonale pinsekirkjene. Slik kan ein også rekne møte med og inspirasjon frå ulike internasjonale pinsekirkjene som ei forklaring på at dette fokuset har blitt tona ned i den norske rørsla. Larry McQueen opererer med tre ulike måtar den internasjonale pinserørsla tolkar endetida på, ein dispensasjonalistisk, ei retning som vil moderere dispensasjonalismen og ei retning som avviser denne og trur på ein annan eskatologi.<sup>400</sup> I *KS* i oktober 2014 blir dispensasjonalismen framstilt som eitt av fleire alternative måtar å tolke endetida på.<sup>401</sup> Edvardsen endra til dels synet på Israel i endetida, og inkluderte også det palestinske folk i sine endetidstankar.<sup>402</sup> At dette fall saman med ein større sympati for palestiniane sin rolle i konflikten med Israel hos folk flest, er nok heller ikkje utan betydning. Gjennom å forstå konflikten meir nyansert enn ein hadde gjort tidlegare, kunne ein bygge plattform for bodskapen sin.

Hegertun peiker på at opninga mot andre kyrkjer og samfunnet generelt har verka på perspektivet om at ein var ein liten utvald flokk i ei stor, farleg verd. Fokuset på å vere eksklusive og framande på jorda vart mindre tydeleg når ein kunne finne fellesskap med kristne frå andre leirar. Ein såg også at ei slik forkynning hadde mindre rom i andre kyrkjer, og i ein tilnærningsprosess vart det naturleg å justere seg i forhold til dei mest eksotiske innslaga i sin eigen praksis. Den ”heimesnekra” teologien til endetidsforkynnarane i pinserørsla kunne verke som eit forstyrrende element i denne prosessen.

---

<sup>400</sup> Althouse 2013, s 253

<sup>401</sup> *KS* 10/10 2014

<sup>402</sup> Edvardsen 1997 & 1999

### **3.4.1.4. Dispensasjonismen som motstridande mot det pentekostale**

Yong hevdar at pinserørsla si omfamning av eskatologien og dispensasjonismen, ikkje høver overens med rørsla sin eigenart og rørsla sitt utgangspunkt. "...it undermines central pentecostal convictions..." meiner han. Jesus som den som kan frelse og lækje her og no, blir bytt ut med ein Jesus som ein berre ventar på. Ein får i det heile eit futuristisk fokus som fjernar ein frå ei bevisstheit av Jesus som tilstades i verda i dag. Yong vil ikkje forventinga om Jesu gjenkome til livs, men det han meiner er uforeinleg med ein pentekostal tilnærming, er dispensasjonismen, fordi i følgje denne læra er det så mange ting som skal inn i systemet før Jesus skal kome, at ein passivt blir ventande på det som skal skje. Han oppsummerer dette slik: "...if Pentecostals spend too much time trying to discern the signs of the times – which, following Acts 1, 6-7, none can know – this futuristic preoccupation will hinder their taking up the work of the kingdom."<sup>403</sup>

Ein slik futurisme har på mange måtar vore, og er til dels framleis, typisk for rørsla, ikkje berre med tanken om at Jesus skal kome attende, men med draumen om den store vekkinga som ein dag skal kome. Ein ser på vekkinga som noko gudgitt, som han vil sende i den tid han har bestemt. Det ein kan gjere som kyrkje, er å vente og be. Berg stadfestar at dette synet ofte blir kritisert av den yngre generasjonen pinsevenner. Berg støttar delvis også denne kritikken og viser til at konsekvensen av at ein passivt ventar på at Gud skal sende vekking over land og folk, er at pinsekyrkjer dør ut medan dei ventar.<sup>404</sup>

At ein ny generasjon har sett det same som Yong, kan også vere ei av årsakene til at eskatologien og dispensasjonismen har magre kår i rørsla i dag. Det er heller ikkje ubetydeleg at ein etter kvart har blitt meir klar over utgangspunktet til denne typen eskatologisk forståing. Dispensjonismen er ikkje nødvendigvis bibelsk, den er knytt til ein teori som oppstod på 1800-talet. Såleis mister også denne læra noko av den opphøgde autoriteten ho har hatt. Større grad av studiar og utdanning hos pinseleiarane har og ført til ein større kunnskap om dette, og hjelpt til å sette dispensasjonismen inn i sin rette kontekst.<sup>405</sup>

Som vi har sett, snakkar Taylor om sekularisering som at samfunnet endrar seg frå å vere samla om eitt bestemt livssyn som det eine rette, til å sjå dette livssynet som ein av fleire

---

<sup>403</sup> Yong 2010, s 329-330

<sup>404</sup> Intervju med Jan Berg 9/4 2014

<sup>405</sup> Intervju med Øystein Gjerme 14/11 2014

moglege vegar til sanninga.<sup>406</sup> Dersom vi overfører dette til det indre livet i kyrkja, den organisasjonelle sekulariseringa, er eskatologien ein god indikator. Vi har sett at dispensasjonalismen som forståingsmodell ikkje er like einrådande som før.

Eldre predikantar i pinserørsala, som Tegnander og Østby, er uroa over eit manglande eskatologisk fokus i rørsala i dag. Macchia spør seg om pinserørsala tør å forlate si eskatologiske forventning og avvise trua på at Jesus snart kjem tilbake som noko utdatert og irrelevant. Han konkluderer med å seie om endetidsforkynninga: "We may qualify it, but we cannot dismiss it."<sup>407</sup> Sjølv tek han til orde for at ein ser mot den type eskatologi som handlar om den sigrande Kristus og nærværet av Guds Ande i verda.<sup>408</sup>

### 3.4.2. Eksterne årsaker

#### 3.4.2.1. Kontekstuell eskatologi

Erlandsen viser til at eskatologien opptrer i bølgjer, ofte kjem eit slikt fokus på grunn av utviklinga i samfunnet rundt. Når det er krisetider, vil ein slik bodskap blomstre og bli spesielt lytta til. Trengsel og vanskar gir god grobunn for bodskapen om ein ny start, ei ny himmel og ei ny jord.<sup>409</sup> Med andre ord: Grunnen til at dette blir snakka så lite om i dag, er at vi har det godt, og ikkje har behovet for denne type undervisning. Gjerme koplar også dette med at tida vår er prega av det han kallar ein "Her og nå – kultur": "Vi trenger ikke en annen verden. Vi vil heller ha mer av den verden vi er i akkurat nå."<sup>410</sup>

Dersom denne forkynninga kjem attende i bølgjer, vil ein vel også sjå at denne kjem attende? Østby argumenterer for dette, og viser til at dette fokuset framleis finst, men på andre arenaer. Grunnen til at eskatologien er mindre forkynt, er at han har blitt sett på vent som ei følgje av dei mange tidsangivnadene ein bomma på, i følgje Østby. "Nå er det våre vitenskapsmenn, politikere og de store undersøkelsene som viser at vi er inne i en sånn global krise", seier Østby, og han meiner at dette også vil vekke til live eit nytt eskatologisk engasjement i rørsala. "Dette vil også føre til ei ny interesse for Bibelens profetiar", seier Østby, og viser til at han sjølv i 2014 gir ut ei bok om desse emna. Samtidig understrekar han at hans eige

<sup>406</sup> Taylor 2007, s 3

<sup>407</sup> Macchia 2003, s 163

<sup>408</sup> Macchia 2012, s 398-400

<sup>409</sup> Intervju med Thomas Erlandsen 24/7 2014

<sup>410</sup> Intervju med Øystein Gjerme 14/11 2014

utgangspunkt er meir audmjukt og undrande i forhold til det som var vanleg tidlegare i rørsla når ein snakka om desse emna. ”Hvis det ikke sies noe innimellom om det, er vi ikke tro mot budskapet vårt,” seier han. Med dette stadfestar han det som eg også har vist til, nemleg at denne generasjonen framleis har ei sterk tilknyting til den eskatologiske bodskapen.<sup>411</sup>

Thomas Erlandsen trur ikkje at eskatologien er på veg tilbake i rørsla. Dei som trur at fråværet av eskatologien vil føre til at behovet oppstår for at det skal kome attende igjen, dei ”kjemper mot brodden” meiner han. Eskatologien har ein avgrensa ”fyringsverdi”, og vil ikkje ha ein effekt i den langsiktige arbeidet, i følgje Erlandsen. Såleis stadfestar han bildet av ein ny generasjon som ikkje ønskjer det eskatologiske tilbake i kyrkjene, fordi ein ikkje ser verdien av det, slik tidlegare generasjonar gjorde.<sup>412</sup>

Taylor snakkar om forholdet mellom den verda vi lever i og den eskatologiske forventinga. På 70-talet var det gjerne samanheng mellom svartmålinga av verda ein levde i og korleis denne utvikla seg. Dette vart så kontrastert mot herlegdomen i den nye himmelen og på den nye jorda. Etter kvart som ein braut ut av isolasjonen, fekk ein gjerne også erfaringar med at verda der ute ikkje var så ille som det hadde blitt framstilt. Dermed vart også behovet for bodskapen om at ein skulle bli utfriid frå denne verda ikkje like relevant. Ein fekk trua på at ein ikkje måtte vente på Jesu gjenkome for at ting skulle bli betre, men at det gjekk an å gjere samfunnet og livet betre her og no. Avstanden mellom den jordiske røynda og verda og den himmelske vart såleis redusert.<sup>413</sup>

### 3.4.2.2. Teikna i tida blir utsydelege

Sentrale politiske hendingar var med på å forsterke det eskatologiske fokuset i etterkrigstida. Viktigast var, som vi har sett, opprettninga av staten Israel i 1948 og at Jerusalem igjen kom på jødiske hender etter seksdagarskrigen i 1967. Dette var hendingar som var relativt enkle å plassere inn i eit eskatologisk skjema, slik som også mange gjorde. Men sidan ein vektla desse hendingane så sterkt, og spesielt at desse var dei avgjerande endetidsteikna, vart avstanden som etter kvart vart i tid til desse hendingane, problematisk å forklare.<sup>414</sup> Utviklinga i Israel dei siste tiåra har heller ikkje vore like enkel å plassere inn i endetidsskjemaet ein brukte.

<sup>411</sup> Intervju med David Østby 8/4 2014

<sup>412</sup> Intervju med Thomas Erlandsen 24/7 2014

<sup>413</sup> Taylor 2007, s 735

<sup>414</sup> Intervju med Torsten Mentzoni 14/11 2014

Situasjonen frå 70-talet og fram til i dag har vore prega av både framgangar og tilbakeslag for det jødiske folket, som har hatt ein så sentral plass i endetidslæra til pinserørsla. Hendingar dei siste åra har ikkje vore like enkle å tyde ut frå ein slik tankegang. Fredsavtalen mellom Israel og palestinarane i 1993, til dømes, synes å stå i kontrast til trua på at jødane skal utvide landet sitt.

Ein kan seie det same om hendingar i Europa. Medan det var lett å definere EF som det tihovuda dyret i openberringa, vart det mykje vanskelegare å gjere det same når EU vart utvida til over tjue land. Då måtte ein finne alternative forklaringar på hendingar ein var relativt sikre på var klare endetidsteikn. Dette kan forklare mykje av fenomenet med at eskatologisk orienterte forkynnalar kom på defensiven og at den unge generasjon vegra seg mot å ta opp denne arven. Det vart vanskelegare å tyde teikna i tida.

### **3.4.2.3. Marknadsgjering, pluralisering og "The age of authencity"**

Marknadstankegangen gjer seg ekstra sterkt gjeldande i forhold til denne tematikken. Eit ønske om å kommunisere betre og fokuset på relevans, har ført eskatologien inn i det pentekostale museum dei fleste stader. I marknadstilpasninga med å gjere bodskapen sin meir relevant for mottakaren, har denne typen forkynning vore noko av det som har blitt mest skadelidande. Den systematiske eskatologien vart opplevd som sær og utilgjengeleg for dei yngre generasjonane, og i liten grad ein tematikk som folk utanfor kyrkjene var opptekne av. Den konforme, skråsikre trua på at teikna i tida var eintydige og ikkje til å ta feil av, passa dårlig inn i "the age of authencity" der sanninga vart individualisert og skepsisen mot etablerte sanningar og andelege autoritetar var aukande.

Gjerme skildrar bodskapen om endetida også som ein bodskap om at "oppdraget hadde hast", ein måtte få ut bodskapen sin før det var for seint. Også dette meiner han har forsvunne i ei tid der marknadsgjeringa er så framtredande:

"Verdien av respekten (...) for Guds ord for Guds ord sin del, "the sence of urgency", av oppdraget, alt dette har på en måte blitt borte i en markedstilnærming, i en sånn "Det må jo si meg noe hvis jeg skal bruke tid på det" (...) Dette har skjedd uten theologisk refleksjon."<sup>415</sup>

---

<sup>415</sup> Intervju med Øystein Gjerme 14/11 2014

### **3.4.3. Forklaringar på endringane i den eskatologisk rørsla - oppsummert**

Eskatologien og dispensasjonalismen var knytt til enkelte predikantar i den eldre generasjonen, og generasjonsmotsetnader er ein del av forklaringa til at fenomenet er såpass usynleg i dag. Mangelen på oppfylling av det som vart spådd, var også med på å svekke tilliten til denne læra og til dei som representerte henne. Fleire i den yngre generasjonen opplevde dispensasjonalismen som sær og isolasjonistisk, og eit slikt fokus gjorde det vanskeleg å bygge langsiktig. Enkelte meinte også at læra skapte mykje frykt hos menneske, ved at ein vektla dei konfrontative og skräemande elementa i denne læra. Det har også blitt hevda at læra bryt med den pentekostale grunnideen om Gud som til stades i verda her og no sidan læra lett kan opplevast som ei røyndomsflukt.

Vi kan også finne forklaringar utanfor kyrkjene. Eskatologi fungerer best i nedgangstider, noko vi ikkje har hatt på lenge. Behovet for å kome seg bort frå jorda og kome til ein betre stad, var ikkje like tydeleg. Teikna i tida, spesielt med omsyn til Israel, har vorte vanskelegare å forstå eintydig. Ut frå ein marknadstankegang vart læra opplevd som sær og irrelevant. Den autoriteten mange eskatologar påropaa seg, har også därlege vilkår i ei tid der religiøs autoritet generelt er svekka. Pluraliseringa av samfunnet har også opna opp for aksept av at det finst fleire vegar til sanninga, også i eskatologien.

## **3.5. Skal tungene teia?<sup>416</sup>**

Vi såg i den førre delen at bruken av tungetale er blitt markert mindre synleg i norske pinsekyrkjer. I nokre har den offentlege tungetalen kome inn i meir ordna former, i andre er han heilt borte. Vi skal no sjå på moglege forklaringar på at det har blitt slik. Vi har allereie sett at årsaka ikkje er at pinsevenner har slutta å tale i tunger. Bruken av bønneglossolalia verkar å vere like stor som før. Det er i dei offentlege samlingane og gudstenestene at tungetalen er meir og meir borte.

Eg vil også bruke inndelinga i eksterne og interne forklaringar i denne delen, men desse kjem nok i større grad til å gå over i kvarandre enn i den førre delen, sidan eg opplever at dei ulike forklaringane i stor grad har element av begge deler. Eg vil her i mindre grad nytte dei sekulariseringsteoriane eg har vist til tidlegare, sidan eg opplever at det er flest interne forklaringar som er relevante.

---

<sup>416</sup> 1 Kor 13,8

### **3.5.1. Interne forklaringar**

#### **3.5.1.1. Karismatisk ukultur**

Ei av årsakene som kan forklare den endra praksisen med tungetale i møtesamanheng, er det som har blitt kalla ein karismatisk ukultur i pinsekyrkjene. Mange pinsevenner såg med uro på at utviklinga av bruken av nådegåver i gudstenestene tidvis utarta seg til å bli kaotisk og forstyrrende for resten av programmet, og at det ikkje ga eller fremma "...et løft eller den gode atmosfæren i møtet...", som Clementsen formulerer det. Han peikar også på at det som opphavleg var spontane uttrykk for andeleg inspirasjon, ofte endra seg til å bli formaliserte møteinnslag.<sup>417</sup>

Menzoni deler synspunkta til Clementsen. Han viser til at bruken av tunger og tyding i pinsekyrkjene vart formalisert i ei "liturgisk form" som ikkje nødvendigvis er bibelsk. Han viser til at enkelte pinsevenner hadde og har ei fastlåst forståing av korleis nådegåvene skal verke, og han skildrar denne haldninga som "arrogant". Han uttrykker samstundes skepsis til praksisen som Salt Bergenskirken har, der ein seier nei til offentleg tungetale og tyding, sidan ein bør vere forsiktig med å avgrense Anden sitt verke.<sup>418</sup>

Gjerme har ope sagt at han ikkje ønskjer denne typen uttrykk i sine offentlige gudstenester. Han grunngjev dette først og fremst med sine eigne erfaringar med fenomenet. Han peikar på at tunger og tyding i praksis var eit fenomen som berre vart brukt av nokre få, medan idealet var at alle skulle bruke nådegåver. I tillegg uttrykker han at han har opplevd ei overvekt av negative tilbakemeldingar på den gamle praksisen og at dette fenomenet verka framandgjerande. Gjerme uttrykker samstundes bekymring for at rørsla skal miste sitt preg som ein "delekultur". Sentralt i pinserørsla sitt særpreg historisk, var jo at det var ein plass der alle kunne delta, enten med tunger, tyding, vitnesbyrd eller på andre åtar. Når ein i dag ser ei meir leiar- og plattformstyrt rørsle, kan det vere vanskeleg å kjenne igjen rørsla.<sup>419</sup>

#### **3.5.1.2. Leiarskap og autoritet**

Spørsmålet om autoritet høyrer også med i ei slik årsaksforklaring. Ved bruk av tungetale påropar ein seg å tale på vegne av Gud, på ein særskilt direkte og konkret måte. Ein kjende

---

<sup>417</sup> Clementsen 2014, s 193-194

<sup>418</sup> Intervju med Torsten Menzoni 14/11 2014

<sup>419</sup> Intervju med Øystein Gjerme 14/11 2014

også til bibelversa om konsekvensen av å såra Den Heilage Ande, og Anden vart gjerne framstilt som forsiktig og sjenert.<sup>420</sup> Difor fekk også Anden fritt spelerom når slike manifestasjonar viste seg. Som vi har sett, har religiøs og karismatisk autoritet i alle former mindre spelerom i det sekularisete samfunn .<sup>421</sup> Det vart difor lettare å styre slike uttrykk, sidan ein ikkje hadde den same respekten for den autoriteten som vart påropaa.

Lie vektlegg at fenomenet med tungetale verka utliknande på dei sosiale skilnadane i den tradisjonelle pinserørsla, som ei "...hierarkisk utjevning mellom predikant og menighet for øvrig".<sup>422</sup> Autoritet vart såleis ikkje noko berre predikanten eller dei eldste kunne ha, men gjennom tunger og tyding kunne kven som helst få del i han. I praksis kunne nok også dette få uheldige utslag, sidan personar som hadde nettopp denne nådegåva fekk ein opphøgd autoritet som ikkje alltid var av det gode.<sup>423</sup> Ei funksjonsforklaring på endringa av dette fenomenet kan vere at i dagens røynd, der dei sosiale skilnadane er mindre og spelar mindre rolle, vil ein slik utjamnande funksjon ikkje vere like viktig.

Utover på 80- og 90-talet vart det fokusert meir på leiarskap og leiartrening i pinserørsla. Ein etablerte mellom anna ein eigen leiarskule, og høgskolen pinserørsla i dag driv saman med baptistane, har fått namnet "Høyskolen for ledelse og teologi". Ein kan tolke dette som ei vending bort frå den egalitære og demokratiske strukturen som har prega rørsla tradisjonelt, over i ei meir leiarstyrt rørsle. Gjerme forklarer denne vendinga frå "sal til plattform" med å sjå lenger tilbake i tid. Etter kvart som tida gjekk og avstanden i tida frå pinsevekkinga vart større, var det ikkje lenger sjølv sagt kvifor ein skulle ha denne kulturen med "en flytende overgang mellom sal og scene". Medan det tidligare var lett å korrigere avvik frå lære og praksis, sidan det fanst en klar kollektiv tanke om kyrkja sitt kall og oppdrag i endetida ein trudde ein levde i, vart dette vanskelegare når dette oppdraget vart meir utydeleg. Leiarane fekk større behov for å styre det som gjekk føre seg i dei ulike kyrkjene, mellom anna fordi ein registrerte ein del uheldige ytringar og bruk av nådegåver frå salen. Etter kvart kom også leiarfokuset inn via trusrørsla, der det vart vektlagt at andre leiarar enn pastoren også var viktige. I dag ser mange pinseleiarar til Australia og Hillsong, og ein kultur Gjerme skildrar som "en sterk lederkultur fra en sterk hierarkisk kultur," og som ikkje er "klassisk pentekostal". Gjerme peikar også på at praksisen med tunger og tyding i gudstenestene ikkje

<sup>420</sup> Yong 2010, s 92

<sup>421</sup> Fenn 1978, s 16-17 & Henriksen 2011, s 138-142

<sup>422</sup> Lie 2009, s 74

<sup>423</sup> Lie 2009, s 76-79

har vore vanleg praksis i dei mest framgangsrike truskyrkjene i Norden, som Oslo Kristne Senter og Livets Ord<sup>424</sup>.

### 3.5.1.3. Teologisk grunngjeving

Reduksjonen i bruk av offentleg tungetale kan også botne i ein endra teologi på forståinga av korleis ein kjem fram til åndsdåpen. Vi har sett at det framleis er vanleg å rekne tungetalen som det stadfestande teiknet på åndsdåpen, men at synet på kva åndsdåp er og korleis ein kjem fram til åndsdåpen har endra seg. Medan ein i tidlegare tider såg på åndsdåpen som noko ein måtte trå etter, kjempe i bønn for å oppnå, der lange bønnemøte og ”søkarmøte” var vanlege, er det meir vanleg no å sjå på han som noko som må ”forløysast” og ein kan ”ta i bruk i tru”. Dette er nok først og fremst eit resultat av innverknaden frå trusrørsla, der dette er vanleg lære.<sup>425</sup> For mange pinsevenner vart nok åndsdåpen noko som var vanskeleg og nærmast umogleg å oppnå. Forkynninga om at ein berre kunne ta imot han, verka frigjerande på mange pinsevenner. Dermed vart åndsdåpen også frigjort frå ein sterk kjenslemessig og ekstatisk kontekst som han var i tidlegare, og tungetale vart også frigjort frå dei sterke kjenslene som ofte er synlege i den tungetalen ein ser i formsamlingane. Tungetalen vart no meir privatisert og ikkje så knytt til kjenslemessige utbrot.<sup>426</sup>

Ein annan grunn kan vere at tungetalepraksisen vart vanskelegare å grunngje teologisk i eit samfunn som set stadig større krav til rasjonelle forklaringar. Det gjeld ikkje berre tungetale som fenomen, men og bruken av denne. Eg har vore inne på usemja om tydinga av tungene skulle forståast som bøn eller bodskap. Enkelte peika på at samsvaret mellom tungene og tydinga var utydeleg, sidan tungetalen gjerne var gjentaking av nokre få ord, og tydinga var meir innhaldsrik og varte lenger. Slik usikkerheit kan ha vore med på å skape ein kultur som var mindre ope for denne slags uttrykk.<sup>427</sup>

Eit anna problem er at ein slik rasjonell tvil omkring fenomenet tungetale også opnar for nye spørsmål. Eit av dei er: Korleis kan ein bli fylt av Anden når ein allereie har fått Anden i frelsa? Eller som Gabriel formulerer det: “Pentecostals often view Spirit baptism as an

<sup>424</sup> Intervju med Øystein Gjerme 14/11 2014

<sup>425</sup> Bergstøl 2006, s 151-152

<sup>426</sup> Bergstøl 2006, s 125-128

<sup>427</sup> Den tidlegare pinsevennen Levi Fragell kritiserer tungetalen og kallar han for ”religiøst snikksnakk” og viser til at tydingane stor sett inneheldt ”pinseteologiske selvfølgeligheter” og sjeldan vart hugsa i etterkant. Fragell 2011, s 131-133. Dette liknar i nokon rad også på grunngjevinga frå Gjerme på kvifor han seier nei til tunger og tyding i det offentlege rom.

experience in which people who are already full of the Spirit are filled with the spirit.”<sup>428</sup> Løysninga har for mange blitt at ein brukar trusrørsla sitt språk om at Anden blir “forløyst” i staden for at ein blir ”fylt av Anden.” Anden fyller mennesket innanfrå, ikkje utanfrå. Ein skiljer også gjerne mellom åndsdåp og åndsfylde.<sup>429</sup> Uansett er det vanskeleg å få alt dette til å passe inn i ein rasjonell forklaringsmodell. Gabriel meiner å sjå ei begynnande utvikling der ein tonar ned betydinga av åndsdåpen som ei eingongshending, og legg meir vekt på Anden si intensiverande, pågåande verksemd.<sup>430</sup>

### 3.5.2 Eksterne forklaringar

Privatiseringa av tungetalen kan også sjåast på som eit resultat av sekularisering. Som vi har sett, er eit av dei viktigaste kjenneteikna på eit sekularisert samfunn at religiøse symbol og utrykksformer blir flytta frå det offentleg rommet inn i det private. Ein vil at det offentlege rom skal vere mest mogleg nøytralt, slik at det kan kommunisere med alle, og ikkje framheva eit spesielt religiøst livssyn. Ein slik tankegang er openbart også til stades i pinserørsla, der ein ser at kyrkjer ønskjer å tone ned det eksotiske for slik å kommunisere betre med kyrkjeframande, at slike skal oppleve gudstenestene mest mogleg relevante for deira liv. Det auka fokuset på kommunikasjon og relevans har gjort sitt til at tungetalen vart skadelidande som kommunikasjonsform. Ein vart meir tvilande til det som vart hevda tidlegare, at tungetale kunne verke evangeliserande. Dette hadde nok rot i den karismatiske ukulturen vi har vore inne på, korleis ein vanlegvis erfarte bruken av tungetale og tyding. Innhaldet i det som vart tyda, var sjeldan evangeliserande og ofte bodskap som ein ikke opplevde hadde relevans til det ein ønska å formidle i gudstenestene. Tungetalen vart eit forstyrrende element i kommunikasjonen med marknaden.

Rybarczyk set også den reduserte bruken av tungetalen i samanheng med samfunnsutviklinga, men han framstiller det noko annleis. Han hevdar at tungetale som fenomen passar godt med ein modernistisk, rasjonell tankegang, men derimot ikkje i ein kontekst der postmodernismen med sin skepsis mot det rasjonelle og målbare, blir meir dominerande. I ein modernistisk kontekst vil ein grunngje tungetalen med rasjonelle argument og bevis som utgangspunkt. Ein argumenter logisk for bruken med å seie at han har bibelsk belegg, og at det er logisk å bruke gåvene Gud har gitt oss. Tungetale som bevis på åndsdåpen passar også inn i ein slik

<sup>428</sup> Gabriel 2012, s 376

<sup>429</sup> Bergstøl 2006, s 130

<sup>430</sup> Gabriel 2012, s 380-382

modernistisk argumentasjon. Ettersom modernismen er på retur, vil tungetalen tilsynelatande bli passé, hevdar Rybarczyk.<sup>431</sup> Han meiner også at ein ved å framstille tungetale med å bruke modernistiske argument, har ofra det han kallar "...something vibrant, authentic and Spirit-inspired," og at "...glossolalia preserves the mystery rather than explains it," og at ein ved å lausrive fenomenet frå sin modernistiske kontekst kan gi tungetalen ein ny aktualitet i eit postmoderne samfunn som er skeptisk mot det rasjonelle og målbare.<sup>432</sup>

Ein annan mogleg grunn til at tungetale er mindre vektlagt og mindre synleg i pinserørsla, er den økumeniske utviklinga i det norske kyrkjelandskapet. Medan tungetale var eit fenomen som kjennemerkte pinserørsla, er dette no blitt vanleg i dei fleste norske kristne trussamfunn. Gjennom den karismatiske rørsala frå 60-talet og framover vart slike karismatiske erfaringar meir og meir vanleg i både lutherske og katolske trussamfunn. Det kan difor også vere slik at pinserørsla føler mindre behov for å synleggjere dette fenomenet, som ein tidlegare var åleine om. Tungetale er blitt fellesjeige, og har ikkje den spesielle verknaden som det hadde då ein var åleine om fenomenet.

### **3.5.3 Forklaringar på endringane i den tungetalande rørsla - oppsummert**

Også i forhold til endringa i praksisen med tungetale, kan vi finne forklaringar både i og utanfor rørsla. Praksisen som var rådande i forhold til tungetale og tyding, vart av enkelte karakterisert som ein ukultur som måtte endrast. Det rådde også ein viss teologisk divergens om korleis fenomenet skulle forståast, og fenomenet var vanskelegare å forklare i ein rasjonalistisk kontekst. Teologien flytta også vekta frå det ekstatiske elementet med tungetalen, og var ikkje lenger uløyseleg knytt til åndsdåpen. Dette kan også sjåast i samanheng med innverknad frå trusrørsala der teologien var ein annan. Konsekvensen vart at tungetalen vart meir flytta til det private rom. Dette kan også sjåast i lys av sekularisering, som framhevar privatiseringa av religionen som eit viktig element.

Ut frå ein marknadstankegang, ser vi at tungetale ikkje vart opplevd relevant og kommunikativt for alle dei ein ville nå med bodskapen sin. Svekkinga av den religiøse autoriteten er også ei forklaring, sidan dei som talte i tunger og tyda, fekk ein opphøgd autoritet i at dei tala direkte frå Gud. Ei forklaring kan også vere at tungetale vart meir vanleg

---

<sup>431</sup> Rybarczyk 2005

<sup>432</sup> Rybarczyk 2005, s 96 & 103

i andre kyrkjer, og difor miste noko av betydinga ho hadde hatt som eit kjenneteikn på pinserørsla.

### **3.6 Frå Andens terapi til kognitiv terapi**

Det diakonale arbeidet i pinserørsla, først og fremst representert ved Evangeliesenteret, har endra seg i mindre grad enn resten av rørsla. Likevel ser vi også her endringar. Arbeidet har vaks, fått eit sterkare fagleg preg, det er blitt meir profesjonalisert og meir systematisert. Evangeliesenteret har likevel halde fast på profilen der med vektlegging av å fødd på nytt, og få ein ny identitet. I denne delen vi eg undersøke moglege forklaringar til endringar i det diakonale arbeidet, men endå meir kvifor senteret har vore eit konserverande element i ei rørsle i stor endring. Difor har eg delt inn denne delen annleis enn dei førre, eg vil legge fram grunnar både til endringar og mangelen på endringar. Eg vil i denne delen ikkje omtale Ten Center i særleg grad, sidan dette tidleg på 80-talet vart eit arbeid utanfor rørsla og i dag ikkje lenger eksisterer.

Eg har tidlegare vore inne på Betaniastiftelsen i Alta. Eg vil ikkje i denne delen bruke stor plass til å omtale denne nærmare, sidan arbeidet får så liten merksemd i rørsla i dag, og har utvikla seg til å bli eit felleskristeleg arbeid. Det er likevel eit interessant poeng, som også Lian framhevar, at medan Betania i dag har mista mykje av den pentekostale identiteten sin gjennom å kome dei auka krav frå storsamfunnet i møte, ser vi ei heilt anna utvikling ved Evangeliesenteret. Det kan verke som ein ved Betania Alta enten ikkje såg verdien av å bevare sitt pentekostale særpreg i møte med ei ny tid, eller ikkje var i stand til det. Begge stader snakkar ein om å ”følgje spelereglane” i samfunnet, men resultatet er svært ulikt.<sup>433</sup>

#### **3.6.1 Forklaringar på endringane i det diakonale arbeidet**

Den største og mest synlege endringa i det diakonale arbeidet i pinserørsla er at omfanget av dette arbeidet har blitt ein god del større. Spesielt såg vi dette i perioden fram til 1993, med den betydelege ekspansjonen til Evangeliesenteret. Etter det har veksten avtatt, med årsaker som eg har vore inne på tidlegare. Forklaringane på den diakonale veksten kan vere fleire. Momentumet som vart skapt av eldsjelene Lise og Ludvig Karlsen, kan vanskeleg overvurderast. Dei såg stadig nye behov som skulle dekkast, og personlegdomane til desse to

---

<sup>433</sup> Lian 2011, s 35-37

tiltrak seg nok både arbeidarar og brukarar. Lise og Ludvig vart elsa og respekterte for dei menneska dei var og den jobben dei gjorde, både innetter i rørsla og i samfunnet utanfor. Tydelegast fekk dette uttrykk med at Ludvig Karlsen fekk Kongens fortjenestemedalje i gull i 1997 og gravferd på statens rekning då han døydde i 2004. Seinare vart han også ein av ”haleheltane” på flya til flyselskapet Norwegian.

Inneter i pinserørsla såg nok mange at veksten i Evangeliesenterets arbeid var ei vitamininnsprøytting i ei rørsle som mange opplevde som isolert og stagnerande. I kyrkjene skapte dei mange vitnesbyrda frå nyfrelste frå sentera glede og begeistring. ”Evangeliesenteret lærte den prektige pinsevennen å tilbe på nytt (...) og ga oss tilbake halleluja-ropene”, seier Gjerme. Det er difor liten tvil om at veksten i Evangeliesenteret både var ønska og oppmuntra av pinserørsla. Kritiske røyster internt i rørsla er om lag umogleg å finne i det kjeldematerialet eg har brukt. Det diakonale arbeidet skapte også velvilje i samfunnet rundt og gav rørsla eit godt omdømme.

Parallelt med den store veksten i Evangeliesenterets diakonale arbeid, såg ein den same utviklinga i pinserørsla internasjonalt. Diakonal kristendom har tradisjonelt oftast blitt knytt til meir liberale strøymingar, som til dømes den såkalla frigjeringsteologien, som på 60-talet var ein av dei viktigaste straumane innanfor den kristne verda. Miller og Yamamori antyder at den progressive pentekostalismen kan vere ein arvtakar til denne. Samfunnsengasjementet i den internasjonale pinserørsla i dag kan likne på det same engasjementet innanfor frigjeringsteologien for nokre tiår sidan. Skilnaden er at teologien er ein annan.<sup>434</sup> Dei omtalar dette fenomenet i boka *Global pentecostalism* og kallar den nye utviklinga innanfor den pentekostale rørsla for ”progressiv pentecostals”.<sup>435</sup>

Det auka fokuset på det diakonale arbeidet som vi har sett i rørsla, kan altså sjåast på som del av ei større internasjonal utvikling, og i samanheng med auka globalisering. Arbeidet mot menneskehandel i nokre av dei nye kyrkjene i rørsla, til dømes, er inspirert av liknande arbeid i Australia. Utviklinga viser at ein ser mennesket i større grad som eit heilskapleg vesen, ikkje berre eit andeleg eller sjeleleg vesen, samstundes som ein ser det diakonale arbeidet som brubyggjande i forhold til å nå ut til samfunnet utanfor kyrkjene. Ein ser på diakonalt arbeid som eit middel for å få aksept i samfunnet. Gjennom å hjelpe dei svake og fattige skaper ein ei

<sup>434</sup> Miller & Yamamori 2003, s 213

<sup>435</sup> Miller & Yamamori 2003, s 2

plattform for å kunne forkynne. Dette er også vegen å gå, i følgje Erlandsen, som meiner at rørsla har eit ansvar for å "...ta vare på dei minste, dei som ikkje har ei stemme, ikkje berre ta vare på vår eigen klan".<sup>436</sup>

Det som også blir framheva som ei viktig endring i Evangeliesenteret sitt arbeid gjennom desse åra, er korleis ein må stille seg til samfunnet rundt. Ein møter stadig fleire krav til korleis arbeidet skal drivast. På same tid må ein relatere til ein marknadsliberalistisk tankegang som kan opplevast framand i eit kyrkjeleg landskap. Ein må mellom anna delta på anbodsrundar, noko Evangeliesenteret også gjer. Dei har også vore i stand til å delta på slike med suksess, sidan dei har vunne fleire, både i Noreg og Sverige.<sup>437</sup>

Berger hevdar at religiøst arbeid ikkje lenger kan legitimera religiøst, det må legitimera og rasjonalisera ut frå sekulære kriterium. Religiøse grupper er historisk transformert frå å vere i ein monopol situasjon til å måtte konkurrere på ein marknad.<sup>438</sup> I ein marknadstankegang er det viktig at botnlinjene kjem ut med gode resultat. Dette gjeld sjølv sagt økonomisk, noko Evangeliesenteret fekk erfare til fulle då det kom skuldingar om økonomisk rot i leiinga.<sup>439</sup> Ei anna botnlinje er resultatet av det arbeidet ein gjer. Medan ein i tidlegare tider kunne legitimere religiøst arbeid ut frå eit religiøs utgangspunkt, må ein i ei sekulær marknadsrøynd kunne legitimere det arbeidet ein gjer ut frå andre kriterium. Her har Evangeliesenteret alltid hatt ein force, sidan ein kunne vise til resultat av behandlinga andre institusjonar ikkje var i nærleiken av.<sup>440</sup> Magasinet Kapital kåra i 2014 Evangeliesenteret til landets beste hjelpeorganisasjon i forhold til effektivitet og pengebruk.<sup>441</sup> Med andre ord var ein marknadstankegang i dette tilfelle til senterets fordel.

Det kan verke som ei slik dreiling av samfunnet mot meir sekularisering i sum kan ha vore ein fordel for institusjonar som Evangeliesenteret. Ein kan argumentere med at tilbodet ikkje berre er godt i forhold til religiøse standardar, men at det er godt i forhold til samfunnets behov. Når ein då i tillegg har fått orden på det administrative og økonomiske, ser det ut til at

<sup>436</sup> Intervju med Thomas Erlandsen 24/7 2014

<sup>437</sup> Intervju med Trond Eriksen 23/7 2014

<sup>438</sup> Berger 1967, s 138-139

<sup>439</sup> <http://www.dagbladet.no> (11)

<sup>440</sup> Ein vanleg informasjon er at Evangeliesenteret opererer med ca 50 % vellykka rehabilitering, utan at dette let seg stadfeste av offentleg statistikk. I KS 31/10 2014 kan vi lese at ein opererer med ein statistikk som viser at 70-80% blir "varig rusfrie". Det blir ikkje referert til kor denne statistikken kjem frå.

<sup>441</sup> KS 31/10 2014

Eriksen har sine ord i behald om at Evangeliesenteret i dag framstår svært oppegåande uansett kva vinkel ein ser det ut frå.

### **3.6.2 Forklaringar på at Evangeliesenteret framstår som konserverande i pinserørsla**

Vi har sett at Evangeliesenteret har endra seg på fleire område sidan starten i 1983. Likevel er det kontinuiteten som er mest slåande når ein ser på utviklinga. Kva er grunnen til at medan pinserørsla har gjennomgått til dels store endringar, har senteret mykje av den same profilen det alltid har hatt? Eg vil presentere nokre moglege forklaringar i denne delen.

Ludvig Karlsen, som stifta Evangeliesenteret berre få år etter at han sjølv vart omvendt, kom tidleg i kontakt med dei meir konservative miljø i rørsla. Den første kyrkja hans var Betel Nøtterøy, som hadde ord på seg for å vere ganske tradisjonell. Etter kvart omgav Karlsen seg med predikantar og rådgjevarar som Morgan Kornmo, Ole B. Jarlvang og Minos, som var aldrande og konservative i teologien. Karlsen sjølv heldt seg til dei enkle, sentrale sanningane i bodskapen sin, og var på ingen måte kontroversiell. Både sentera og stemna som etterkvart vart arrangerte, bar preg av tradisjonell forkynning og musikk. Det gjekk ganske lenge før sentret tok del i dei nye stilartane som vart vanleg i pinsekyrkjene sitt musikkliv.

Menzoni peikar på at denne alliansen mellom den konservative delen av rørsla og Evangeliesenteret også hadde paradoksale sider. Evangeliesenteret framstod som relativt liberal i forhold til ein del område, som til dømes tobakk og særleg praksisen rundt skilsmisse og gjengifte, noko som det eigentleg var liten toleranse for i tradisjonelle pinsekyrkjer. Han forklarer dette med at også tradisjonelle pinsevenner er viljuge til å ”gå mange mil” dersom ein ser at folk blir frelst.<sup>442</sup>

Ein av dei viktigaste grunnane til at senteret har endra seg i mindre grad, er nok resultata av arbeidet. Medan pinserørsla såg på seg sjølv som stadig meir isolerte og marginaliserte i samfunnet, var det motsette tilfelle på sentera. Statistikken viste at talet på pinsevenner gjekk nedover, medan talet på varig rusfrie frå Evangeliesenteret auka markant. Stadig fleire rusavhengige søkte til sentera, og resultata lèt ikkje vente på seg. Folk vart frelst og sett fri frå avhengigheita. Arbeidet vaks, og interessa frå samfunnet auka. Politikarar begynte å kjempe

---

<sup>442</sup> Intervju med Torsten Menzoni 14/11 2014

for at arbeidet skulle få stastøtte, og lukkast i stor grad. Ein hadde med andre ord ikkje behov for å endre noko som fungerte så bra.

Eriksen framhever det auka fokuset på relasjonar som den viktigaste endringa i pinserørsla. Det er også naturleg å sjå dette i samanheng med utviklinga eller den manglande utviklinga i Evangeliesenteret. Det relasjonelle arbeidet har frå starten vore essensielt i arbeidet på senteret, og hadde frå starten ein mykje større plass her enn i resten av rørsla. Difor har vi heller ikkje sett at dette har kome meir i fokus her, sidan det alltid har vore sentralt. Her har altså Evangeliesenteret vore ein viktig kjelde for påverknad for heile pinserørsla. Eriksen legg vekt på at fleire kyrkjer mangla dette relasjonelle hjarteforholdet som gjorde at tidlegare brukarar kunne finne seg til rette der. Han framhevar også at dette er eit av områda dei jobbar spesielt med akkurat no, og at dette har endra seg til det betre.<sup>443</sup>

Møte med myndighetene har vore todelt, slik vi også såg det var for Ten Center. Evangeliesenteret har fått stadig større løyvingar over statsbudsjetta, og fått mange godord frå ulike politiske parti og personar for arbeidet ein gjer.<sup>444</sup> Samstundes har det kome konfrontasjonar med dei som står for ein utprega sekulær tankegang. Med det meiner eg personar og politiske parti som ser på religion som først og fremst som eit privat anliggande, og ikkje eit område staten skal støtte eller stimulere.

Ein politikar som har kome med kritikk mot Evangeliesenteret, er Inga Marte Thorkildsen frå SV. Partiet har elles tatt til orde for å "...skjerpe sin sekulariseringspolitikk", og skaffe "...mest mulig sekulære fellesarenaer for å hindre at bestemte livssyn skal dominere..."<sup>445</sup> Såleis er partiet kanskje den fremste politiske representant for ein sekularistisk ideologi, der ein arbeider for ein svekka religiøs innverknad i samfunnet.<sup>446</sup> Sentralt i kritikken frå Thorkildsen mot Evangeliesenteret har vore at det ikkje er staten si oppgåve å støtte ei rehabilitering der frelse er ei føresetnad for behandlinga. Ho hevda mellom anna i 2008: "Problemet jeg ser med Evangeliesenteret er at man setter frelse som selve hovedmålet og at

---

<sup>443</sup> Intervju med Trond Eriksen 23/7 2014

<sup>444</sup> Dei siste fem åra har derimot løyvingane blitt redusert. Eriksen ser dette i samanheng med regjeringsskifte i 2009. Intervju med Trond Eriksen 23/7 2014 & KS 21/11 2014

<sup>445</sup> Henriksen 2012, s 46-47

<sup>446</sup> Det betyr ikkje nødvendigvis at partiet er motstandar av all religion i det offentlege rom og påverknad frå religion i samfunnet. Sjå Soljhell 2013, s 34-47

det kommer over andre ting man skal drive med. - Da får de heller få støtte over kirkebudsjettet. Her snakker vi om rusbehandling, og det er noe helt annet.”<sup>447</sup>

Kjernepunktet til Thorkildsen er spørsmålet om statsstøtte: Skal ein institusjon som tilsynelatande krev ein religiøs omvending, vere kvalifisert til statsstøtte? Når ein tek imot statsstøtte, er ein, som også Thorkildsen også poengterer, nøydd til å følgje visse spelereglar. Ei av sekulariseringa sine tesar er jo at ein skil religion ut i ei eiga sfære. Dersom ein blandar sfærane, vil naturleg nok dette skape reaksjonar hos sekulært orienterte menneske. Slik er Thorkildsen representant for ein sekularistisk tankegang, der religion og rusbehandling ikkje høyrer saman. Thorkildsen sitt utgangspunkt kan sjåast på som eit uttrykk for sekularisme, ein ideologi der religion skal definerast innanfor spesifikke rammer, utan offentleg innverknad.<sup>448</sup>

Koplinga mellom frelse og rusrehabilitering har altså blitt kritisert frå sekulært hald. No påpeikar senteret sin grunnleggjar Ludvig Karlsen, at det slett ikkje er noko krav om at ein må bli frelst for å få behandling ved senteret. Men at frelesesporet kan vere betydelig, legg han ikkje skjul på: ”Det er noe av det vanskeligste, det å være ateist på Evangeliesenteret. Jesu kjærlighet knekker den hardeste av dem!”<sup>449</sup>

Kritikken frå Thorkildsen har blitt imøtegått av senteret og leiinga der. Eriksen forklarer det med at dei som vel Evangeliesenteret som eit tilbod, er frie, sjølvstendige menneske som kan ta eigne val. Her får han støtte frå kristne frå alle leiarar og politikarar frå sentrum og høgresida. Det er tydeleg at denne typen kritikk prellar av. Eriksen kan med ganske stor tryggleik marginalisere standpunktet til Thorkildsen og hevde at folk på venstresida generelt er skeptisk til ”alt som har med tro å gjøre.”<sup>450</sup> Vi kan her sjå korleis eit møte med sekulariseringa ikkje har ført til tilnærming for Evangeliesenteret, men heller konfrontasjon. Det er difor ikkje overraskande at ein sekulær tankegang har fått mykje mindre innverknad i Evangeliesenteret enn i resten av rørsla.

Vi har sett at Evangeliesenteret har vore nøydde til å forholde seg til stadig større krav frå samfunnet. Likevel har ein ikkje gått på akkord med den visjonen denne institusjonen har vore bygd på: At det å bli frelst, fødd på nytt og få ein ny identitet, er det mest sentrale i å gjere

---

<sup>447</sup> <http://www.dagen.no> (16)

<sup>448</sup> Cox 2013, s 25-26

<sup>449</sup> Karlsen & Granly 1986, s 97-101

<sup>450</sup> Intervju med Trond Eriksen 23/7 2014

menneske rusfri. Eit poeng for Eriksen og senteret har difor vore å ikkje bli altfor avhengige av statsstøtta. Ved at ein så stor del av inntektene til Evangeliesenteret framleis kjem frå kyrkjene og frå personlege gjevarar, er ein meir fri til å drive på den måten ein har tru på.<sup>451</sup> Det at Evangeliesenteret har hatt så stor støtte, har ført til at ein har makta å stå imot press frå sekularistisk hald om ein annan profil. Samstundes har folk i leinga vore i stand til å tilpasse seg dei nye krava frå samfunnet utan å gå på akkord med rehabiliteringa.

### **3.6.3 Forklaringar på utviklinga i den diakonale rørsla - oppsummert**

Det diakonale arbeidet i pinserørsla i dag er i hovudsak konsentrert rundt Evangeliesenteret. Evangeliesenteret har endra seg i mindre grad enn resten av rørsla i perioden. Dette har samanheng med at senteret frå starten har hatt tettast kontakt med den konservative delen av rørsla og at den alltid har vore prega av relasjonsbasert verksemd. Dette har gjort at senteret ikkje har dreidd fokuset over frå noko anna til dette, som resten av rørsla har gjort. Resultata senteret har hatt, med at ein så stor del av brukarane blir varig rusfrie, har heller ikkje ført med seg behov for store endringar.

Evangeliesenteret sine gode resultat har gjort dei i stand til å fungere og vinne fram på ein marknad av religiøse og ikkje-religiøse tilbod for rehabilitering. Dette har også gitt Evangeliesenteret mykje støtte i samfunnet. Møte med det sekularisete samfunn har likevel også vore prega av konfrontasjon, noko som kan forklare at ein har vore tilbakehaldne med å opne opp for like mykje sekulært tankegods som resten av rørsla. Fordi Evangeliesenteret har hatt så stor støtte både innetter og utanfor rørsla, har ein vore i stand til å stå imot presset frå sekularistisk hald.

Den viktigaste endringa som har skjedd i det diakonale arbeidet i perioden, er at omfanget har blitt større. Dette kan ein sjå i samanheng med eit auka diakonalt fokus i pinserørsla internasjonalt. Endringane som har skjedd i korleis ein driv Evangeliesenteret, har stort sett vore svar på ytre krav frå samfunnet, i form av ryddigare og meir rasjonell drift økonomisk, og i form av ein større faglighet, med meir fagleg terminologi og fagutdanna folk.

---

<sup>451</sup> Samstundes skaper dette utfordringar. 80% av bebuarane på sentera manglar finansiering frå kommunen dei kjem frå, og den offentlege støtta blir karakterisert som "historisk lav". *Ennå er det håp nr 9 2014 og KS 31/10 2014*

### **3.7 Forklaringane på ei endra pinserørsle - oppsummert**

Forklaringane på endringane i pinserørsla kan sjåast på som resultat av møte mellom generasjonar og kulturelle strøymingar innetter i rørsla, og som eit kulturmøte med samfunnet og ideane utanfor. Generasjonsmotsetnadane kom til overflata på slutten av 70-talet og 80-talet, med til dels opne konfliktar. Dette gjorde at tilliten til dei eldre vart svekka for dei som skulle ta rørsla vidare, og difor er overgangane mellom desse prega av brot med den kulturen og dei verdiane som var rådande i rørsla. Noko av det viktigaste som har skjedd sidan 1977, er at rørsla har opna seg opp mot andre kyrkjer og mot samfunnet. Slik har ein også i større grad opna seg opp mot tankegodset i tida.

Endringane ein kan sjå, er både av kulturell og teologisk art. Ein kan sjå at det i større grad er plass for ulike kulturelle uttrykk og teologiske syn i dag, noko som ein kan sjå i samanheng med samfunnsutviklinga og sekulariseringa. Bibelsynet er ikkje like fasttømra som tidlegare, det kan også forklare kvifor ein har ei mindre bombastisk oppfatning i mange spørsmål som ein hadde tidlegare. Dette gjeld mellom anna eskatologien. Vi har også sett at samfunnet i mindre grad har rom for religiøse autoritetar, noko som også er synleg i rørsla. Møte med andre teologiske tradisjonar i inn- og utland har også skapt eit større vidsyn og ei større forståing for ulikskapar.

Sekulariseringa av samfunnet har også påverka pinserørsla. Ein forfektar, bevisst eller ubevisst, ein marknadstankegang der konsumenten eller mottakaren har kome meir i fokus. Denne mottakaren er som regel bevisst ute etter det som blir opplevd som relevant og ekte ut frå eit individualistisk og subjektivt utgangspunkt. Mottakaren, som lever i "the age of authencity", er heller ikkje oppteken av skilnader mellom ulike trussamfunn. Fokuset er på kjensler og opplevelingar. For rørsla handlar det om å marknadsføre seg og bodskapen sin slik at han blir opplevd relevant og ekte. Ein fokuserer på kyrkjevekst og kyrkjeplanting, altså synlege resultat av verksemda, meir enn om ein lever etter Bibelens bokstav.

Sekulariseringa og marknadsgjeringa ser ein også ved at rørsla har tona ned det som kan oppfattast som altfor eksklusivt og konfrontativt. Den eskatologiske forkynninga er nesten borte, det same er bodskapen om to utgongar på livet. Unntaket er Evangeliesenteret som i stor grad forkynner ein klassisk vekkingsbodskap. Evangeliesenteret framstår som konserverande for rørsla, sidan arbeidet her alltid har gitt gode resultat og difor ikkje har vore objekt for større endringar. Dei endringane ein har sett her, har vore av meir administrativ art,

som svar på krav frå myndighetene.

## 4. Samanfatning

Eg starta oppgåva med å stille følgjande spørsmål: "*På kva måtar framstår pinserørsla annleis i 2014 enn i 1977, og kva kan dei viktigaste forklaringane på desse endringane vere?*"

Vi har sett at endringane i rørsla er betydelege og at forklaringane på desse er samansette.

Pinserørsla har alltid vore ei kongregasjonalistisk rørsle, der kvar enkelt pinskyrkje har hatt fridom til å utvikle seg ulikt. I praksis var det likevel slik at dei aller fleste kyrkjene var relativt homogene fram til startpunktet for denne oppgåva, året 1977. Dette kan forklarast med at ein hadde ei felles avis og ein samlande årleg predikantkonferanse som var førande i forhold til kva som var gangbar lære og praksis. Avvik frå dette førte fleire gonger til utskiljing frå rørsla. Det mest markerte av desse brota, var med Aril Edvardsen si verksemد i 1977. Dette brotet markerte eit tidsskilje i rørsla. I dei følgjande åra og tiåra såg ein at endringane skaut stadig større fart mot ei meir open og meir heterogen rørsle. Mange kyrkjer endra seg kraftig, andre, spesielt i distrikta, endra seg mindre og saktare. Endringane kan delvis grunngjekkast med reaksjonane på korleis tvisten med Edvardsen vart handtert av leiarane i rørsla. Motsetnadane mellom generasjonane vart også meir synlege, og er ein av dei enkeltfaktorane som er viktigast når ein skal forklare den endra pinserørsla.

Rørsla sine røter som ei helgingsrørsle, er ikkje spesielt veklagt lenger. Fokuset på å leve liv som var heilage og åtskilte, er flytta til å vere til stades i samfunnet og massekulturen. Ein har opna opp for dei fleste av massekulturens uttrykk. Diskusjonen om kva slags kulturuttrykk som er gangbare og kva som ikkje er det, er i svært liten grad opplevd som relevant i dag. Det handlar om kva slags uttrykk og metodar som kommuniserer best i det samfunnet ein er kalla til å leve i, og til å nå med bodskapen sin. Forholdet til sekulære media er ikkje lenger så anstrengt som det var i 1977, men meir ope og positivt, sjølv om ein framleis ikkje ser at pinserørsla er synleg her i særleg grad. Unntaket er Egil Svartdahl som har fått ein svært sentral plass som rørsla sitt ansikt utetter, som TV-pastor på TV2. Medan ein tidlegare vegra seg mot å engasjere seg politisk, blir eit slikt engasjement oppmuntra i rørsla i dag.

Endringane kan i stor grad forklarast med interne forhold i rørsla. Ein såg at konsekvensane av eit stort fokus på helging og ytre teikn på verdsleggjering, bidrog til å isolere rørsla frå samfunnet. Ein såg også at ein var med på å støyte menneske frå seg med dei høge krava til livsførsel og ytre teikn på det ein tolka å vere andeleg standard. Ein ny generasjon begynte å

forstå Bibelen annleis, i mindre grad som grunnlag for å definere rett livsførsel, i større grad for å finne inspirasjon og møte Gud. Møte med ekspanderande pinsekyrkjer i andre land har vore med på å gi pinsekyrkjene ny tru, sjølvstilling og vitalitet. Det same kan seiast om framveksten av Evangeliesenteret frå 80-talet.

Vi kan også finne endringsforklaringane i samfunnsutviklinga og sekulariseringa. Med at rørsla har blitt meir open mot samfunnet, har ein også til dels adoptert ein marknadstankegang i verksemda si. Her er det sentralt å formilde bodskapen sin slik at han blir opplevd relevant og nyttig av mottakaren, ein mottakar som er kjenneteikna av å leve i "the age of authenticity". Kjenneteikn på slike menneske er at dei har eit individualistisk og subjektivistisk forhold til religion, dei er behovs- og relevansorienterte og dei relaterer til religion gjennom kjensler og intuisjon og ikkje gjennom dogme eller ortodoksi. Her har bruken av massekulturelle verkemiddel vore sentral. Samstundes har ein tona ned det eksklusive og konfrontative, fordi slike element verka forstyrrende i marknadsføringa av det ein oppfattar som den sentrale bodskapen.

Endringane i rørsla ser vi også tydeleg i forhold til dei to områda der rørsla har skilt seg mest ut i forhold til andre trussamfunn: Eskatologien og tungetalen. Medan undervisninga om endetida, sett inn i ein dispensasjonalistisk kontekst, var tidvis dominerande i 1977, er den nærmast fråverande i dag. I den grad ho finst, er ho halden oppe av eldre forkynnalar som forkynner i mindre pinsekyrkjer utanfor dei større byane. Bruken av offentleg tungetale og tyding, som var så sentral i framveksten av pinserørsla, og også var eit svært vanleg møteinnslag i pinsekyrkjer i 1977, er mykje mindre synleg i rørsla i dag. Mange stader har han mista sitt ekstatiske og spontane preg, andre stader er han helt borte. Karismatikken har funne andre former, først og fremst moderne lovsong.

Også i forhold til desse to fenomena finn vi forklaringar både ved å leite i den indre utviklinga i rørsla og samfunnsutviklinga generelt. Fråværet av eskatologi i dagens rørsle, kan forklaraast med dei mange negative konsekvensane av denne forkynninga. Mange opplevde at forkynninga skapte frykt og angst. Eskatologien var med på å gi pinsevennene ei kjensle av eksklusivitet og av å vere utvalde, men ein opplevde også at fokuset verka ekskluderande og isolerande i forhold til samfunnet. Ein vart meir oppteken av framtidige hendingar enn å vere til stades i eit samfunn som trengte kyrkjene. Enkelte hevdar at dispensasjonalismen bryt med den pentekostale idé og grunntanke. Denne forkynninga formidla også tidvis eit problematisk

gudsbilete, noko som også kan forklare at forkynninga om dei to utgongane på livet er tona ned.

Samfunnsutviklinga gav også mindre rom for den andelege autoriteten som prega eskatologane i pinserørsla, sidan denne vil ha därlege vilkår i ei tid der religiøs autoritet generelt er svekka. I tillegg vart teikna i tida, som ein opplevde som klare på 60- og 70-talet, mindre tydelege i ei ny tid, og mange av dei hendingane som var spådd, slo ikkje til. Velstandsutviklinga i samfunnet gjorde at bodskapen om ei ny jord ikkje hadde den same interessa. Opninga mot andre kyrkjer, viste rørsla at denne forkynninga vart lite veklagt andre stader. Alt dette var med å på å gjere at den nye generasjonen av pinseforkynnalar ikkje tok opp arven etter dei eldre endetidsforkynnalarane. Ut frå ein marknadstankengang vart læra opplevd som sær og irrelevant. Pluraliseringa av samfunnet har også opna opp for aksept av at det finst fleire vegar til sanninga, også i eskatologien.

Ein karismatisk ukultur fekk mange i rørsla til å tenke nytt rundt bruken av tungetale og tyding i pinsekirkjene. Meir teologisk utdanning og refleksjon opna også delvis for ulike syn på fenomenets teologi og praksis. Det store fokuset på leiarskap i kyrkjene, førte også til at salen si deltaking i gudstenestene vart redusert. Samfunnsutviklinga med ei dreiling mot meir privatisering av religion, førte tungetalen inn ein meir privatisert kontekst. Svekkinga av den religiøse autoriteten er også ei forklaring, sidan dei som talte i tunger og tyda, fekk ein opphøgd autoritet i at dei tala direkte frå Gud. Tungetale vart også meir vanleg i andre kyrkjesamfunn, og miste noko av betydinga ho hadde hatt som eit kjenneteikn på pinserørsla. Den vart også delvis fristilt frå ein kontekst av kjenslemessig ekstase og som bevis for åndsdåpen.

Det diakonale arbeidet, først og fremst representert ved Evangeliesenteret, er den viktigaste kontinuitetsbæraren i rørsla gjennom perioden. Her finn vi framleis utstrekkt bruk av frie vitnesbyrd, tunger og tyding, og ein konservativ musikkstil i gudstenestene. Forklaringane på dette kan vere at Evangeliesenteret frå starten har stått sterkest i dei meir konservative delane av rørsla, og at ein på grunn av resultata og veksten ikkje har sett like store behov for endringar som i resten av rørsla. Evangeliesenteret sitt fokus på det relasjonelle, svarte også godt til utviklinga i pinserørsla for øvrig. Møta med sekulært tankegods har vore prega av konfrontasjon, og ein har difor sett mindre opning for slikt her enn i resten av rørsla. Samstundes har ein vist seg levedyktig i ei marknadsorientert røynd, sidan ein kan vise til

gode resultat av verksemd si, i form av mange varig rusfrie. Dei endringane ein har sett, har vore av formell og administrativ art, som svar på auka krav frå myndighetene. Ei anna viktig endringa er auken i verksemda, som var spesielt stor på 90-talet. Dette kan ein sjå i samanheng med ei liknande utvikling i den internasjonale pinserørsela, mot meir fokus på diakoni. Dei siste åra har ein også sett at auka globalisering har ført til nye diakonale behov, med eit veksande arbeid mot menneskehandel som eit synleg teikn i rørsla.

Prosjektet mitt har vore å sjå denne utviklinga i perspektiv av eitt eller fleire kulturmøte. Konklusjonen er at det er umogleg å sjå desse endringane utan å ta dette perspektivet i bruk. Det er gjennom å møte andre kulturar, idear, verdiar og uttrykk at rørsla har endra seg så mykje meir dei siste førti åra enn i dei førti føregåande åra. Medan rørsla i 1977 bar preg av å vere motkulturell, er det tydeleg at rørsla i dag markert meir ber preg av å vere medkulturell. Ved at rørsla har brote isolasjonen mot samfunnet og andre kyrkjer, har også pinserørsla endra seg ved å importere og absorbere element frå desse kulturane. Såleis kan vi seie at den kulturelle overleveringa som skjer frå ein generasjon til ein annan, i større grad enn i føregåande generasjoner har hatt preg av endringsvilje hos den nye generasjonen. Ein såg på verdien av å vidareføre kulturen mest mogleg uforandra som underordna i forhold til å endre kulturen.

Ein kan også betrakte det som ei utvikling der det missiologiske aspektet av pinserørsla har vunne fram i møte med andre aspekt. Å nå ut med bodskapen sin i eit sekulært samfunn har så høg prioritet at ein er viljuge til å gå langt i bruken av verkemidel. Såleis kan ein seie at ein har lytta til orda frå Azusa Street: "Now, do not go from this meeting and talk about tongues, but try to get people saved."<sup>452</sup>

---

<sup>452</sup> Seymour gjengitt i McClung 1999, s 35

## 5. Kjelder

### 5.1. Litteratur

- Aadnanes, P. M. (1988). *Frå moderne vantru til ny religiøsitet: norsk livssynsdebatt gjennom hundre år.* [Oslo]: TANO.
- Althouse, P., & Waddell, R. (2012). *Perspectives in Pentecostal eschatologies: world without end.* Cambridge, U.K.: James Clarke and Co.
- Althouse, P. (2012). "The landscape of pentecostal and charismatic eschatology". I: Althouse, P., & Waddell, R. *Perspectives in Pentecostal eschatologies: world without end.* Cambridge, U.K.: James Clarke and Co, s 1-21
- Althouse, P. (2013). "Book review: Larry R. McQueen, Toward a Pentecostal Eschatology: Discerning the Way Forward." *Pneuma* 35 2013, s 253-255
- Bangstad, S. (2009). *Sekularismens ansikter.* Oslo: Universitetsforl.
- Barratt, T. B. (1931). *Helliggjørelsens nådeverk: Har vi to naturer? Synd - "syndfri". Johannes Brandtzægs bok "Helliggjørelsen".* Oslo: Korsets seier.
- Barratt, T. B. (1935). *Står Jesu gjenkomst for døren?: tusenårsriket og de siste ting.* Oslo: Filadelfiaforlaget.
- Barratt, T. B. (1950). *Brennende spørsmål.* (Vol. 3). Oslo: Filadelfiaforlaget.
- Bellah, R. N., & Tipton, S. M. (2006). *The Robert Bellah reader.* Durham: Duke University Press.
- Berger, P. L. (1969). *The sacred canopy; elements of a sociological theory of religion* (Anchor book utg.). Garden City, N. Y.: Doubleday.
- Bergstøl, O. A. (2006). *Åndsdåp: pinseteologi gjennom 100 år.* Skjetten: Hermon.
- Bibelen: *Den heilage skrifta : Det gamle og Det nye testamentet.* (2011). [Oslo]: Bibelskapet.
- Bjørndal, S., & Tangen, K. I. (2013). *Gud er tilbake.* Frekk forlag.
- Bloch-Hoell, N. E. (1956). *Pinsebevegelsen: en undersøkelse av pinsebevegelsens tilblivelse, utvikling og særpreg med særlig henblikk på bevegelsens utforming i Norge.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Bonino, J. M. (1999). "Changing paradigms: A response." I: Dempster, M. W., Klaus, B. D., & Petersen, D. *The Globalization of pentecostalism: a religion made to travel.* Oxford: Regnum, s 116-123
- Botvar, P. K. (2010). "Endringer i nordmenns religiøse liv." I: Botvar, P. K., & Schmidt, U. *Religion i dagens Norge: mellom sekularisering og sakralisering.* Oslo: Universitetsforl, s 11-24
- Botvar, P. K. & Henriksen, J.-O. (2010). "Mot en alternativreligiøs revolusjon?" I: Botvar, P. K., & Schmidt, U. *Religion i dagens Norge: mellom sekularisering og sakralisering.* Oslo: Universitetsforl, s 60-80
- Botvar, P. K., & Schmidt, U. (2010). *Religion i dagens Norge: mellom sekularisering og sakralisering.* Oslo: Universitetsforl.

- Burgess, S. M., & Van der Maas, E. M. (2003). *The new international dictionary of Pentecostal and charismatic movements* (Rev. and expanded utg.). Grand Rapids, Mich.: Zondervan Pub. House.
- Butler, A. (2005). "Pentecostal traditions we should pass on: The good, the bad and the ugly." *Pneuma* 27/2 2005, s 343-353
- Camery-Hoggatt, J. (2005). "The word of God from living voices: orality and literacy in the pentecostal tradition." *Pneuma* 27/2 2005, s 225-255
- Clemetsen, A. (2014). *Tøffe tider*. [Kjeller]: Hermon.
- Cox, H. G. (1995). *Fire from heaven : the rise of pentecostal spirituality and the reshaping of religion in the twenty-first century*. Reading, Mass.: Addison-Wesley Pub.
- Cox, H. G. (2011). "Response to professor Nimi Wariboko." *Pneuma* 33 2011, s 409-416
- Cox, H. G. (2013). *The secular city: secularization and urbanization in theological perspective*. Princeton: Princeton University Press.
- Dahl, T. E. (2008). *Miraklenes år: roman*. [Oslo]: Cappelen Damm.
- Dahl, T. E., & Rudolph, J.-W. (1978). *Fra seier til nederlag: pinsebevegelsen i Norge*. Oslo: Land og Kirke.
- Dempster, M. W., Klaus, B. D., & Petersen, D. (1999). *The Globalization of pentecostalism: a religion made to travel*. Oxford: Regnum.
- Dobbelaere, K. (2002). *Secularization: an analysis at three levels*. Bruxelles: P.I.E.-Peter Lang.
- Edvardsen, A. (1965). *Åndens dåp - Åndens gaver*. Kvinesdal: Troens Bevis.
- Edvardsen, A. (1997). *Ørkenfolkene bøyer kne*. [Skjetten]: Hermon forl.
- Edvardsen, A. (1999). *Antikrist, Israel & Jesu gjenkomst: profetisk historie fra Abraham til tusenårsriket*. [Skjetten]: Logos forl.
- Evangelietoner: sangboken*. (1979). [Oslo]: Filadelfiaforl.
- Fenn, R.K. (1978). *Toward a theory of secularization*. Society for the scientific study of religion monograph series. Number 1.
- Fragell, L. (2011). *Vi som elsket Jesus*. Oslo: Humanist forl.
- Gabriel , A. K. (2012). "The intensity of the spirit in a spirit-filled world: Spirit baptism, susequence, and the spirit of creation." *Pneuma* 34 2012, s 365-382
- Gilbrant, T. (1977). *Pinsebevegelsens svar til Aril Edvardsen: kompendium*. Oslo: Eget forlag.
- Gilbrant, T. (1980). *Snart kommer Jesus*. [Oslo]: Filadelfiaforlaget.
- Gilhus, I. S., & Mikaelsson, L. (2001). *Nytt blikk på religion : studiet av religion i dag*. Oslo: Pax.
- Habermas, J. (2006). "Religion in the Public Sphere." I: European journal of philosophy 14:1, s 1-25.  
<http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1111/j.1468-0378.2006.00241.x/abstract> [Lasta ned 23.11.2014]

- Halldorf, J. (2010). "Lewi Pethrus and the creation of a christian counterculture." *Pneuma* 32 2010, s 354-368
- Hegertun, T. (1982). *Pinsebevegelsen i Norge 75 år, 1907-1982: [jubileumskonferansen i tekst og bilder]*. [Oslo]: Filadelfiaforl.
- Hegertun, T. (2009). *Det brodersind som pinseaanden nødvendigvis maa føde - analyse av økumeniske posisjoner i norsk pinsebevegelse med henblikk på utviklingen av en pentekostal økumenikk og fornyelse av økumeniske arbeidsformer*. Trondheim: Tapir akademisk.
- Hegertun, T. (2012). "Er pinsevenner mennesker av "andre religioner?"" Innlegg på Verdidebatt 14.06.2012. Lasta ned 23.11.2014 frå <http://www.verdidebatt.no/debatt/cat12/subcat13/thread282706/>
- Heggelund, K. (1962). *Forsoningens rekkevidde*. Oslo.
- Henriksen, J.-O. (2011). *Religion: mellom troens isolasjon og uvitenhetens forakt*. Kristiansand: Høyskoleforl.
- Henriksen, J.-O. (2012). "Religion mellom sekularitet og sekularisme: Sekularitetens gevinst i et religionsfilosofisk perspektiv." I: Leirvik, O., Bangstad, S., & Plesner, I. T. *Sekularisme - med norske briller*. [Oslo]: Unipub, s 147-162
- Henriksen, J.-O., & Christoffersen, S. A. (2010). *Religionens livstolkning: innføring i kristendommens religionsfilosofi*. Oslo: Universitetsforl.
- Holstad, L. O. (1999). *Profetisk verdenshistorie: Daniels bok - et budskap for år 2000*. [Skjetten]: Hermon forl.
- Jones, C. E. (2003). "Holiness movement". I: Burgess, S. M., & Van der Maas, E. M. (2003). The new international dictionary of Pentecostal and charismatic movements (Rev. and expanded utg.). Grand Rapids, Mich.: Zondervan Pub. House, s 726-729
- Karlsen, L., & Granly, J. (1986). *Ennå er det håp*. [Oslo]: Filadelfiaforlaget.
- Karlsen, L., Karlsen, L., & Øverbye, A.-L. (1991). *Ennå skjer det under*. Oslo: Rex.
- Kjeldstadli, K. (1988). "Nytten av å sammenlikne". *Tidsskrift for samfunnsforskning* 29 1988, s 435–448.
- Kjeldstadli, K. (1999). *Fortida er ikke hva den en gang var: en innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Klausen, A. M. (1992). *Kultur : mønster og kaos*. [Oslo]: Pensumtjeneste.
- Kornmo, S. (1966). *Endetiden i profetienes lys*. Oslo: Filadelfiaforlaget.
- Kristiansen, K. (1982). "Vårt kristne ansvar og forholdet til samfunnet". I: Hegertun, T. *Pinsebevegelsen i Norge 75 år, 1907-1982: [jubileumskonferansen i tekst og bilder]*. [Oslo]: Filadelfiaforl, s 59-67
- Krogh, T. (2009). *Hermeneutikk : om å forstå og fortolke*. Oslo: Gyldental akademisk.

- Krogseth, O. (2009a). "Religion og kultur: forsøk på en forholdsbestemmelse." I: Brunvoll, A., Bringeland, H., Gilje, N., & Skirbekk, G. *Religion og kultur: ein fleirfagleg samtale*. Oslo: Universitetsforl, s 32-45
- Krogseth, O. (2009b). Kollektiv identitet og kulturell erindring. I: Redse, A., Meier, R., Løvlie, B., Ulstein, J. O., & Aadnanes, P. M. *Danning, identitet og dialog : festskrift til Jan Ove Ulstein og Per Magne Aadnanes*. Trondheim: Tapir akademisk forl, s 51-61
- Larsen, A. K. (2007). *En enklere metode : veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforl.
- Lian, R. (2011). "Pentekostal diakoni. Hvordan møter pinsebevegelsen de diakonale utfordringene?" Masteroppgave i diakoni, Diakonhjemmet høgskole.
- Lie, G. (2008a). "Amerikansk Healing Revivals innflytelse på norsk Maran Ata-bevegelse." *Refleks* 7-1 2008, s 2-14
- Lie, G. (2008b). "Trosbevegelsen i Norge - en historisk gjennomgang." *Refleks* 7-1 2008, s 105-145
- Lie, G. (2009). "Fra pinsevenn eller karismatiker til pinsekristendom og karismatisk fornyelse fra 1980-årene og fram til i dag." *Refleks* 8-1 2009, s 64-90
- Ma, W. (1999). "Biblical studies in the pentecostal tradition: Yesterday, today and tomorrow." I: Dempster, M. W., Klaus, B. D., & Petersen, D. *The Globalization of pentecostalism: a religion made to travel*. Oxford: Regnum, s 52-69
- Macchia, F. (1999). "The struggle for global witness: Shifting pradigms in pentecostal theology." I: Dempster, M. W., Klaus, B. D., & Petersen, D. *The Globalization of pentecostalism: a religion made to travel*. Oxford: Regnum, s 8-29
- Macchia, F. (2003). "Editorial: The time is near. Or, is it? Dare we abandon our eschatological expectation?" *Pneuma* 25/2 2003, s 161-163
- Macchia, F. (2012). "Jesus is victor. The eschatology of the Blunhardts with implications for pentecostal eschatologies." I: Althouse, P., & Waddell, R. *Perspectives in Pentecostal eschatologies: world without end*. Cambridge, U.K.: James Clarke and Co, s 375-400
- Macchia, F. (2013). "Pentecostal theology: Historic accents and current trends." I: Kristiansen, S. J., & Rise, S. Key theological thinkers: from modern to postmodern. Farnham: Ashgate, s 631-642
- Matlary, J. H. (2013). "Værdigrunnlaget forbliver vor kristne og humanistiske arv." I: Bjørndal, S., & Tangen, K. I. *Gud er tilbake*. Frekk forlag, s 80-91
- McClung, L. G. Jr. (1999). ""Try to get people saved". Revisiting the paradigm of an urgent pentecostal missiology." I: Dempster, M. W., Klaus, B. D., & Petersen, D. *The Globalization of pentecostalism: a religion made to travel*. Oxford: Regnum, s 30-51
- McClymond, M. J. (2012). "Prosperity already and not yet. An eschatological interpretation of the health-and-wealth emphasis in the North American pentecostal-charismatic movement." I: Althouse, P., & Waddell, R. *Perspectives in Pentecostal eschatologies: world without end*. Cambridge, U.K.: James Clarke and Co, s 293-312

- McLaren, B. D. (2010). *A new kind of Christianity : ten questions that are transforming the faith* (1st utg.). New York, NY: HarperOne.
- Miller, D. E., & Yamamori, T. (2007). *Global Pentecostalism: the new face of Christian social engagement*. Berkeley: University of California Press.
- Nilsen, O. (1981). ... *Og Herren virket med: pinsebevegelsen gjennom 75 år*. Oslo: Filadelfiaforlaget.
- Pethrus, L. (1984). *Brytningstider, seierstider*. [Kvinesdal]: Logos forlag.
- Rybarczyk, E. K. (2005). "Reframing tongues: Apophatism and postmodernism." *Pneuma* 27/1 2005, s 83-104
- Schmidt, U. (2010). "Norge: Et religiøst pluralistisk samfunn?" I: Botvar, P. K., & Schmidt, U. *Religion i dagens Norge: mellom sekularisering og sakralisering*. Oslo: Universitetsforl, s 25-43
- Selbekk, V. (2006). *T.B. Barratt: forfulgt og etterfulgt : en biografi*. Skjetten: Hermon.
- Skjervheim, H. (1968). Det liberale dilemma og andre essays. Oslo: Tanum.
- Smith, J. K. A. (2014). *How (not) to be secular: reading Charles Taylor*. Grand Rapids, Mich.: Eerdmans.
- Solheim, E. (2013). "Gud er tilbake i moderne storpolitikk." I: Bjørndal, S., & Tangen, K. I. *Gud er tilbake*. Frekk forlag, s 114-127.
- Soljhjell, B. V. (2013). "Slepp religionen inn!" I: Bjørndal, S., & Tangen, K. I. *Gud er tilbake*. Frekk forlag, s 34-47
- Somdal, A. (1990). *Tro og lære: et forsøk på en samlet presentasjon av pinsevennenes tro og lære*. [Oslo]: Filadelfiaforlaget.
- Spittler, R. P. (2003). "Glossolia". I: Burgess, S. M., & Van der Maas, E. M. (2003). *The new international dictionary of Pentecostal and charismatic movements* (Rev. and expanded utg.). Grand Rapids, Mich.: Zondervan Pub. House, s 670-676
- Strøm, E. (1969). *Israels samling: Jesu gjenkomst*. [Oslo]: Den kristne bokringen.
- Stærk, B. (2012). "Den skjulte minoriteten - konservative kristne i Norge" Kronikk i Aftenposten 25.12.2012. <http://www.aftenposten.no/meninger/spaltister/Den-skjulte-minoriteten--konservative-kristne-i-Norge-7075518.html> [Besøkt 23.11.2014]
- Svartdahl, E. (2014a). *Gi det videre: en menighet for alle generasjoner?* [Kjeller]: Hermon.
- Tangstad, J. (1987). *Alma fra Alta*. Oslo: Filadelfiaforlaget.
- Taraldset, N. (1947). *Pinsevennene: hvordan stille seg til dem?* Oslo: Land og Kirke.
- Taylor, C. (2007). *A secular age*. Cambridge, Mass.: Belknap Press of Harvard University Press.
- Tegnander, O. (1987). *Kongen kommer*. [Oslo]: Filadelfiaforl.
- Tegnander, O. (1988). *Kongen bryter seglene: verdens framtid etter opprykkelsen*. [Oslo]: Filadelfiaforl.
- Tegnander, O. (1989). *Kongen oppretter sitt rike: verdens framtid etter den store trengsel*. [Oslo]: Filadelfiaforlaget.

- Thorbjørnsen, S. O. (2008). "Paul Tillich". I: Kristiansen, S. J., & Rise, S. (2008). *Moderne teologi: tradisjon og nytenkning hos det 20. århundrets teologer*. Kristiansand: Høyskoleforl s 111-122
- Urne, O. B. (1975). *Revet ut av ilden*. [Oslo]: Ten Center.
- Williams, J. R. (2003). "Baptism in the Holy Spirit". I: Burgess, S. M., & Van der Maas, E. M. (2003). *The new international dictionary of Pentecostal and charismatic movements* (Rev. and expanded utg.). Grand Rapids, Mich.: Zondervan Pub. House, s 354-363
- Wilson, D. J. (2003). "Eschatology, pentecostal perspectives on". I: Burgess, S. M., & Van der Maas, E. M. (2003). *The new international dictionary of Pentecostal and charismatic movements* (Rev. and expanded utg.). Grand Rapids, Mich.: Zondervan Pub. House, s 601-605
- Yong, A. (2010). *In the days of Caesar : Pentecostalism and political theology*. Grand Rapids, Mich.: William B. Eerdmans.
- Østby, D. (2014). Bibelens profetier i dagens nyheter. [Kjeller]: Hermon forl.
- Åleskjær, Å. (2004). *Fullstendig frihet*. [Skjetten]: Logos.
- Åleskjær, Å. (2006). *Nå taler han fra himmelen*. Skjetten: Logos.

## 5.2. Aviser og tidsskrift

*Bibelsk tidsskrift*. Utgitt av pinsebevegelsen.

*Ennå er det håp*. Avis for Pinsevennenes Evangeliesenter. Årgangane 2011-2014.

*Dagen*. Kristen dagsavis.

*Korsets Seier*. Vekeavis for pinserørla. Årgangane 1974-1984 og 2006-2014.

*Pneuma*. Journal of the Society for Pentecostal Studies

*Refleks*. Med karismatisk kristendom i fokus. Årgangane 2002-2009

## 5.3. Nettsider

*Dagbladet på nett*. [www.dagbladet.no](http://www.dagbladet.no)

(11) <http://www.dagbladet.no/nyheter/2003/05/13/368624.html> [Besøkt 25.11.14]

*Dagen på nett*. [www.dagen.no](http://www.dagen.no)

(2) [http://www.dagen.no/Meninger/12/09/2014/Fra\\_nisje\\_til\\_%E2%80%A8premissleverand%C3%B8r-113191](http://www.dagen.no/Meninger/12/09/2014/Fra_nisje_til_%E2%80%A8premissleverand%C3%B8r-113191) [Besøkt 25.11.14]

(4) [http://www.dagen.no/Kristenliv/\\_Dunkemusikk\\_kan\\_like\\_gjerne\\_v%C3%A6re\\_lovsang-56747](http://www.dagen.no/Kristenliv/_Dunkemusikk_kan_like_gjerne_v%C3%A6re_lovsang-56747) [Besøkt 25.11.14]

(5) [http://www.dagen.no/Nyheter/06/07/2014/Gj%C3%B8r\\_d%C3%B8ren\\_h%C3%B8y\\_%E2%80%A8med\\_elektronika-89026](http://www.dagen.no/Nyheter/06/07/2014/Gj%C3%B8r_d%C3%B8ren_h%C3%B8y_%E2%80%A8med_elektronika-89026) [Besøkt 25.11.14]

(6) [http://www.dagen.no/Nyheter/28/10/2014/Himmelfilm\\_danker\\_ut\\_Norges\\_Oscar-kandidat-129531](http://www.dagen.no/Nyheter/28/10/2014/Himmelfilm_danker_ut_Norges_Oscar-kandidat-129531) [Besøkt 25.11.14]

- (7) [http://www.dagen.no/Kristenliv/Finner\\_tro\\_i\\_filmbransjen-59277](http://www.dagen.no/Kristenliv/Finner_tro_i_filmbransjen-59277) [Besøkt 25.11.14]
- (8) [http://www.dagen.no/Inspirasjon/Lager\\_musikal\\_om\\_kongen\\_som\\_forente\\_Norge-78081](http://www.dagen.no/Inspirasjon/Lager_musikal_om_kongen_som_forente_Norge-78081) [Besøkt 25.11.14]
- (9) [http://www.dagen.no/Samfunn/%C3%85pent\\_sp%C3%B8rsm%C3%A5l\\_til\\_Pinsebevegelsens\\_lederr%C3%A5d\\_vedr%C3%B8rende\\_bevegelsens\\_syn\\_p%C3%A5\\_helvete-70478](http://www.dagen.no/Samfunn/%C3%85pent_sp%C3%B8rsm%C3%A5l_til_Pinsebevegelsens_lederr%C3%A5d_vedr%C3%B8rende_bevegelsens_syn_p%C3%A5_helvete-70478) [Besøkt 25.11.14]
- (13) [http://www.dagen.no/Innenriks/%C3%85leskj%C3%A5rs\\_%C2%ABnye%C2%BB\\_n%C3%A5deforkynnelse\\_-\\_en\\_kommentar-24319](http://www.dagen.no/Innenriks/%C3%85leskj%C3%A5rs_%C2%ABnye%C2%BB_n%C3%A5deforkynnelse_-_en_kommentar-24319) [Besøkt 25.11.14]
- (16) [http://www.dagen.no/Innenriks/-\\_Frelse\\_m%C3%A5\\_v%C3%A6re\\_underordnet\\_i\\_Evangeliesenteret-35177](http://www.dagen.no/Innenriks/-_Frelse_m%C3%A5_v%C3%A6re_underordnet_i_Evangeliesenteret-35177) [Besøkt 25.11.14]

*Klippen Sandnes på nett.* [www.klippen.net](http://www.klippen.net)

- (12) <http://www.klippen.net/Artikler/Nyheter/tabid/12202/ArticleId/5937/Klippens-visjon.aspx> [Besøkt 25.11.14]

*Pinsebevegelsen på nett.* [www.pinsebevegelsen.no](http://www.pinsebevegelsen.no)

- (1) <http://pinsebevegelsen.no/pinsebevegelsen/grunnlagsdokument/innledning.html> [Besøkt 25.11.14]
- (14) <http://pinsebevegelsen.no/pinsebevegelsen/trosgrunnlag.html> [Besøkt 25.11.14]

*SALT Bergenskirken på nett.* [www.bergenskirken.no](http://www.bergenskirken.no)

- (15) [http://saltbergen.no/?page\\_id=261](http://saltbergen.no/?page_id=261) [Besøkt 25.11.14]

*Stiftelsen Betania Alta på nett.* [www.betania-alta.no](http://www.betania-alta.no)

- (10) <http://www.betania-alta.no/index.html> [Besøkt 25.11.14]

*Vårt Land på nett.* [www.vl.no](http://www.vl.no)

- (3) <http://www.vl.no/samfunn/kristenskiller-viskes-ut-1.87929> [Besøkt 25.11.14]

## 5.4. Intervju

Berg, Jan. Intervju 9/4 2014

Eriksen, Trond. Intervju 23/7 2014

Erlandsen, Thomas. Intervju 25/7 2014

Gjerme, Øystein. Intervju 14/11 2014

Hegertun, Terje. Intervju 8/4 2014

Menzoni, Torsten. Intervju 14/11 2014

Østby, David. Intervju 8/4 2014

## 5.5. Talar og foredrag

Holstad, L. (2014). Innlegg på pinserørsla sin leiarkonferanse LED 2014. <http://led14.no/podcast/>  
[Lasta ned 18.03.14]

- Kristoffersen, S. (2014). Innlegg på pinserørsla sin leiarkonferanse LED 2014. <http://led14.no/podcast/>  
[Lasta ned 13.03.14]
- Krogdal, B. & Gjerme, G. (2014). Innlegg på pinserørsla sin leiarkonferanse LED 2014.  
<http://led14.no/podcast/> [Lasta ned 14.03.14]
- Solheim, E. (2014). Innlegg på pinserørsla sin leiarkonferanse LED 2014. <http://led14.no/podcast/>  
[Lasta ned 19.03.14]
- Svartdahl, E. (2014b). Innlegg på pinserørsla sin leiarkonferanse LED 2014. <http://led14.no/podcast/>  
[Lasta ned 14.03.14]
- Åkerlund, T. (2014). Innlegg på pinserørsla sion leiarkonferanse LED 2014. <http://led14.no/podcast/>  
[Lasta ned 18.03.14]